


Thomas Dahl og Ida Fjærestad Utmo

KUNNSKAP OM ELEVAR SITT LÆRINGSMILJØ

Ein gjennomgang av undersøkingar av læringsmiljøet i skulen i Noreg og fire andre land



Thomas Dahl

Ida Fjærestad Utmo

Kunnskap om elevar sitt læringsmiljø

Ein gjennomgang av undersøkingar av
læringsmiljøet i skulen i Noreg og fire
andre land

NTNU Samfunnsforskning

Avdeling Mangfald og inkludering



Samfunnsforskning

Postadresse: NTNU Dragvoll, 7491 Trondheim

Besøksadresse: Dragvoll Allé 38 B

Telefon: 73 59 63 00

Telefaks: 73 59 62 24

E-post: kontakt@samfunn.ntnu.no

Web.: www.samforsk.no

Foretaksnr. NO 986 243 836

NTNU Samfunnsforskning

Mangfold og inkludering

Mars, 2022

ISBN 978-82-7570-677-3 (web)

Forord

Denne rapporten er basert på ei kartlegging og gjennomgang av undersøkingar av læringsmiljøet til elevar i skulen. Rapporten er skriven på oppdrag for Utdanningsdirektoratet. Rapporten er eit bidrag til revisjonen til direktoratet av Elevundersøkelsen, som er ei årleg undersøking av læringsmiljøet i norske skular.

I fyrste fase i prosjektet gjekk me breitt ut med tanke på å finna aktuelle undersøkingar i både Noreg og utland som ville vera spesielt relevante å gå i djupna på. Me har utarbeidd tre notat som har beskriven aktuelle undersøkingar. Notata har tent som grunnlag for diskusjon med Utdanningsdirektoratet om kva undersøkingar som det vil vera mest formålstenleg å gå grundigare inn på. Gjennom møte med Utdanningsdirektoratet har me funne fram til åtte undersøkingar som blir gjennomførte i norske skular og undersøkingar i fire andre land. Denne rapporten viser resultatane frå analysane av desse undersøkingane.

Kristin Andersland, Elin Flatebø, Camilla Vibe Lindgaard og Frode Restad, alle i Utdanningsdirektoratet, har vært med i diskusjonar om aktuelle undersøkingar og gitt innspel til utforming av rapporten. Mange takk for gode møte og diskusjonar og relevante innspel til utkast av rapport.

Me har diskutert undersøkingar om læringsmiljøet til elevar med kollegaer både i inn og utland og eit utval av skuleleiarar i Noreg. Ein stort takk til alle dykk for innspela og betraktningane.

Ved NTNU Samfunnsforskning har spesielt Joakim Caspersen og Christian Wendelborg vore diskusjonspartnarar for oss. Mange takk til dykk begge.

Trondheim,
Mars 2022

Ida Fjærestad Utmo

Thomas Dahl

Innhald

Forord	iii
Samandrag	vii
1. Undersøkingar av læringsmiljøet til elevar	1
2. Om undersøkingar av læringsmiljø	3
Formål.....	3
Kva blir undersøkt?	4
Kopling mellom forskinga og bruken til skulemyndigheitene	5
Metode.....	7
Kartlegging	7
Oversyn over undersøkingar i studien – type og omfang.....	8
Analyse	9
3. Elevundersøkelsen	10
4. Dimensjonar i forskingsbaserte undersøkingar	12
5. Innhald i undersøkingar	15
Innhaldet i undersøkingar med data frå skular i Noreg	15
Innhaldet i undersøkingar i andre land	19
6. Datahandtering og bruk av undersøkingane	25
Undersøkingane i Noreg	25
Undersøkingane i andre land	26
7. Innhald og datahandtering – forskjellar og likskaper	29
Læringsmiljø?	29
Accountability eller development?	29
Kvaliteten på og bruken av undersøkingane.....	31
8. Konklusjon og oppmodingar	33
Innhaldet i undersøkinga	33
Bruk av undersøkingane	33
9. Referansar	35

Tabellar

Tabell 1: Undersøkingar i Noreg.....	8
Tabell 2: Undersøkingar i utvalde land	9
Tabell 3: Datagrunnlag og tilgang til data for undersøkingar i Noreg	26
Tabell 4: Datagrunnlag og resultat frå utvalde undersøkingar i andre land	27

Figurar

Figur 1: Oversyn over dimensjonar ved læringsmiljøet som PISA måler (henta frå (OECD 2019a, 38)).....	16
Figur 2: Henta frå https://klassetrivsel.dk/funktioner/	18
Figur 3: Skjermbilete av CalSCHLS' «Public Dashboard» (frå https://calschls.org/reports-data/public-dashboards/secondary-student/).....	27
Figur 4: Skjermbilete frå introduksjonsvideoen for brukarane av CalSCHLS' Dashboard.....	28

Vedlegg

Vedlegg 1: Nærare skildring av dei ulike undersøkingane

Vedlegg 2: Skjema/spørsmål/utsegner i undersøkingar til elevar

- Elevundersøkelsen
- PISA 2018
- Trivselsundersøkelsen (Trivselsværktøjet) – Danmark
- ISQ Schule – Berlin (modulen «Gesundheit»)
- Wellbeing and Engagement Collection (Sør-Australia)
- US Education Department School Climate Surveys (USA)
- In-School Core Survey - Elementary School Questionnaire (CalSCHLS, California)

Samandrag

Denne rapporten er basert på ei kartlegging og ein gjennomgang av undersøkingar av læringsmiljøet til elevar i skulen. Rapporten er skriven på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Rapporten er eit bidrag til direktoratet sin revisjon av Elevundersøkelsen, som er ei årleg undersøking av læringsmiljøet i norske skular.

Vi tek i denne rapporten i hovudsak føre oss åtte ulike undersøkingar i Noreg og undersøkingar i fire utvalde land: Australia, Danmark, Tyskland og USA. Utvalet av undersøkingar og land er baserte på ein forstudie av fleire undersøkingar og land, og vi har valt undersøkingane og landa i samråd med Utdanningsdirektoratet. Vi har òg sett på utvalde spørjeundersøkingar av læringsmiljø i skulen utvikla av forskarar. Gjennomgangen av alle desse undersøkingane viser at det ikkje er noka semje om kva som skal definerast som læringsmiljø, og det er fleire andre nemningar på det vi vil kalla læringsmiljøet til elevane, ikkje minst internasjonalt. Det er dermed forskjellar i kva undersøkingane vektlegg, og korleis dei freistar å få mål på dimensjonar ved det som blir kalla læringsmiljø. Samtidig er det òg betydeleg overlapping når det gjeld kva spørsmål eller utsegner undersøking nyttar seg av. Dei forskingsbaserte undersøkingane tek i større grad opp i seg spørsmål om fenomen som har fått ein sentral plass på forskingsfeltet. Nokre undersøkingar gjer til dømes tydeleg tydinga av «self-efficacy» (meistringstru), som kan samanliknast med Elevundersøkelsen sin indeks «Meistring», men som er betre teoretisk og forskingsmessig forankra i forskinga.

Rapporten viser at det er ei rekke undersøkingar som måler læringsmiljøet til elevar på ein eller annan måte i Noreg. Dei fleste av desse undersøkingane har eit anna hovudtema enn læringsmiljøet til elevane, og ingen undersøker læringsmiljøet like breitt som Elevundersøkelsen gjer. Men nokre av dei ser òg relativt grundig på aspekt ved læringsmiljøet. Ungdata-undersøkinga har fleire spørsmål som går direkte på forhold ved skulen, samtidig som ho – noko Elevundersøkelsen ikkje gjer – kartlegg forhold rundt livssituasjonen til eleven, livsmeistring og helse. Dette er forhold vi finn at undersøkingar i andre land som er retta mot læringsmiljøet i skulen, også undersøker. PISA-undersøkinga verkar òg spesielt relevant ved at ho måler fleire dimensjonar ved læringsmiljøet til elevane, og ved at dei dimensjonane og fenomen som undersøkinga måler, er forankra både teoretisk og i forskning. Også PISA-undersøkinga kartlegg ei rekke bakgrunnsvariablar og spørsmål om elevane sin heimebakgrunn.

Undersøkinga Klassetrivsel er eit kommersielt produkt utvikla primært av lærarar med erfaring frå arbeid med læringsmiljø i Danmark. Ifølge bedrifta som tilbyr produktet, blir undersøkinga brukt av eit stort tal skular i Danmark og Noreg. Ho blir mellom anna brukt av og i store kommunar som Bergen og Trondheim. Undersøkinga har ei stor overlapping med Elevundersøkelsen, men er utforma slik at brukarane sjølv kan velja kva spørsmål som skal inngå. Til forskjell frå Elevundersøkelsen får brukarane òg data på elevnivå. For lærarane er ikkje dataa anonymiserte, slik at undersøkinga gir data om namngitte elevar. Dataa er berre tilgjengelege for brukarane, og skuleleiinga og kommunane kan nytta seg av aggregerte data. Forskjellen frå Elevundersøkelsen er i første rekke at lærarane med Klassetrivsel kan få ei skildring av relasjonane mellom elevane i klassen.

Undersøkingane i andre land overlappar også med Elevundersøkelsen på mange område. Spesielt den danske Trivselsundersøkelsen har fleire meir eller mindre likelydande spørsmål, men indekserer resultatata frå undersøkinga på ein annan måte. Trivselsundersøkelsen har også

spørsmål om helsesituasjonen til elevane og kan koplatt til sosioøkonomiske bakgrunnsvariablar, noko Elevundersøkelsen ikkje legg opp til.

Vi vil også framheva den vektlegginga som spesielt dei forskingsbaserte undersøkingane har, og som vi ser kjem til uttrykk i undersøkingane i andre land: viktigheita av å vurdere læringsmiljøet ut frå elevane sine ulike ståstader. Dette inneber å få eit mål på korleis skulen legg til rette for og skaper moglegheiter for mangfald («diversity»).

Det mest framstående trekket ved dei undersøkingane vi har sett på i andre land, er der dei avvik frå Elevundersøkelsen. Spørsmål om helse og om sosial-emosjonelle forhold er framstående i fleire av undersøkingane. Spørsmålsstillinga er òg på nokre område annleis, mellom anna ved at det blir spurt om kva skulen gjer for å utvikla læringsmiljøet. Undersøkingane i dei andre landa er også i større grad utvikla i samarbeid med forskingsmiljø, og dei blir òg delvis gjennomførte av forskingsmiljø. Spesielt undersøkingane i delstaten Sør-Australia i Australia og delstaten California i USA verkar prega av eit vidare læringssyn enn Elevundersøkelsen ved at psykososiale aspekt blir vektlagde.

Bruken av alle undersøkingane og korleis resultatata blir gjorde tilgjengelege, varierer mykje. Nokre undersøkingar, som dei fleste vi har sett på i Noreg, gir berre resultat på nasjonalt nivå, og seier ikkje noko om tilstanden på lågare nivå. Klassesetrvsel er i motsett ende ved at undersøkinga primært genererer resultat på elevnivå. Elevundersøkelsen spenner over heile registeret.

Ved å skilja mellom bruk av undersøkingar til utdanningspolitiske formål eller som styringsreiskap («accountability») og som hjelpemiddel til utviklingsarbeid lokalt («development») ser vi at undersøkingane er ulikt innretta når det gjeld tilgjengeleggjering og bruk av data. Medan Elevundersøkelsen gir resultat om læringsmiljøet på alle nivå og gjer resultatata på alle nivå tilgjengelege gjennom Utdanningsdirektoratet sine nettsider, ser vi at andre land differensierer i presentasjonen av resultatata. Eit generelt trekk er at data på skulenivå berre blir gjort tilgjengelege for skulane eller kommunane (for utviklingsarbeid), medan resultat på nasjonalt eller delstatsnivå blir presenterte i form av rapportar og gjennom analyse av fleire datakjelder (med tanke på politikktutforming). Felles er likevel at det blir stilt minstekrav til antal respondentar før resultatata blir presenterte.

Ein annan forskjell mellom undersøkingane i andre land og Elevundersøkelsen er at det med undersøkingane følger stønad og hjelp til analyse av resultatata. Mest omfattande er denne hjelpa i Berlin, der resultatata blir tolka gjennom ein omfattande prosess med deltaking av aktørar både internt og eksternt på skulen. Resultatet av denne tolkingsprosessen blir presenterte offentleg i eigne rapportar, men då på aggregerte nivå. Dei meir detaljerte undersøkingane blir verande i skulen. I California kan skulane og kommunane bestilla «analysekompetanse» og hjelp til å tolka resultat frå undersøkingane.

Med bruken av Klassesetrvsel i fleire skular og kommunar i Noreg og med den forskinga som seier noko om bruken av Elevundersøkelsen, er det tydeleg at Elevundersøkelsen ikkje blir brukt i utviklingsarbeidet til skulane og kommunane mange stader. Vi anbefaler at ein vurderer om Elevundersøkelsen bør vera innretta så breitt som han er i dag. Skal Elevundersøkelsen i sterkare grad rettast mot å bli eit utviklingsverktøy for skulane? Kva fenomen og dimensjonar er det då undersøkinga burde vareta? Kan behovet for eit nasjonal oversyn varetakast på ein annan måte enn gjennom resultat frå alle skulane? Uansett eventuell omforming av kva resultat Elevundersøkelsen skal gi, og på kva måte, anbefaler vi at ein

vurderer å trekka inn dimensjonar som i større grad kan seia noko om vilkåra til elevane for læring og utvikling enn det undersøkinga gjer i dag.

1. Undersøkingar av læringsmiljøet til elevar

Systematiske kartleggingar av læringsmiljøet til elevane i form av spørjeundersøkingar til elevar blir gjennomført i mange land og på ulike måtar. Denne typen undersøkingar har vore gjennomførte i lang tid. På slutten av 1960-talet vart det såkalla «Classroom Climate Questionnaire» utvikla av dei amerikanske psykologane Herbert Walberg og Gary Anderson (Anderson og Walberg 1967, 1), og dette spørjeskjemaet blir gjerne rekna som eit av dei første forsøka på å måla aspekt ved læringsmiljøet (Fraser 2019). Sidan då er det utvikla ei rekke skjema som i større eller mindre grad freistar å få mål på dei same fenomenen som Walberg og Anderson ønskte å måla. Namna på desse måleinstrumenta, som «The Classroom Environment Scale» og «Classroom Environment Questionnaire», viser at det ikkje er ei eintydig nemning på det vi kan kalla læringsmiljø. Omgrepsvaliditeten er ikkje utprega sterk, og vi finn dermed ulike tilnærmingar og ulike nemningar i bruk i forsøket på å måla læringsmiljøet.

Felles for undersøkingane som er nemnde ovanfor, er at dei spring ut frå forskingsmiljø, og at formålet er å henta fram forskingsbasert kunnskap. I dei seinare tiåra har likevel behovet for å få kunnskap om læringsmiljøet til elevane vorte tydelegare frå politisk og styringsmessig hald. I mange land har myndighetene etablert egne undersøkingar for å få oversyn over læringsmiljøet i skulen. Elevundersøkelsen i Noreg er ei slik undersøking.

Elevundersøkelsen er ei nasjonal undersøking som blir gjennomført årleg frå 5. trinn til vg3 i skulen. Det er obligatorisk for skulane å gjennomføra undersøkinga for 7. og 10. trinn og vg1; for resten av trinna kan skulane sjølve velja om dei vil gjennomføra undersøkinga.

Elevundersøkelsen vart lansert i 2001 som ei frivillig, nettbasert undersøking. Ho vart då kalla «Elevinspektørene». I 2004 vart ho gjort obligatorisk for skuleeigarane, og i 2006 fekk ho namnet «Elevundersøkelsen». Utdanningsdirektoratet er ansvarleg for gjennomføringa av undersøkinga.

For å sikra at Elevundersøkelsen er eit relevant og nyttig verktøy, har Utdanningsdirektoratet sett i gang ein større revisjon som omfattar både det faglege innhaldet og tekniske løysingar. Som eit ledd i dette arbeidet ønsker direktoratet ei kartlegging og vurdering av relevante nasjonale og internasjonale undersøkingar om skule- og læringsmiljø som overlappar med dagens Elevundersøkelsen. Denne rapporten er eit svar på dette ønsket.

Vi har kartlagt ei rekke spørjeundersøkingar som enten set søkelys på læringsmiljøet til elevane eller kjem inn på det på ein eller annan måte. Vi har sett både på undersøkingar i Noreg og i andre land, og vi har gjennom dialog med Utdanningsdirektoratet valt ut åtte undersøkingar som blir gjennomførte i norske skular og fire land, for å kunne gjere ein grundigare analyse av undersøkingane.

Kartlegginga har som mål å beskriva korleis desse undersøkingane er innretta, og kva spørsmål som overlappar med dagens Elevundersøkelsen. Vi har også sett på korleis dei ulike undersøkingane handterer resultatane frå undersøkingane. Kartlegginga har vidare eit formål om å gi innspel og råd til vidareutvikling av Elevundersøkelsen: Er det andre spørsmål eller

dimensjonar som bør trekkast inn enn dei som er med i undersøkinga i dag? Bør det tenkast nytt om korleis resultata frå undersøkinga blir gjorde tilgjengelege og offentlege? Burde dataa bli behandla på ein annan måte enn i dag?

2. Om undersøkingar av læringsmiljø

Formål

Dei fleste undersøkingane av læringsmiljø internasjonalt er utvikla av forskarar og forskingsmiljø med mål om å få forskingsbasert kunnskap om læringsmiljøet til elevane. Utforminga av desse undersøkingane føreset psykometrisk testing, og analysen av dataa føreset statistisk metodikk. Omfanget av denne typen undersøkingar er svært stort. Det finst enkelte oversyn over nokre av desse undersøkingane (Lim og Fraser 2018, Fisher 2005, Zandvliet og Fraser 2019, Cavanagh og Waugh 2011), men det manglar ein fullstendig systematisk gjennomgang av undersøkingar frå ulike land. Historikken til denne typen undersøkingar går i alle fall tilbake til 1960-talet (Zandvliet og Fraser 2019).

Det har etter kvart vorte utforma undersøkingar som ikkje har som formål å få forskingsbasert kunnskap om læringsmiljø, men skal gi enten skulane sjølve eller skulemyndigheitene kunnskap om læringsmiljøet. Begge desse formåla låg til grunn for utviklinga av dei nasjonale kvalitetsindikatorane i norsk skule (NOU 2003:16, NOU: 2002:10): (1) å få eit oversyn over tilstanden til læringsmiljøet, spesielt med tanke på styring og utvikling av sektoren, og (2) å gi skulane og kommunane/fylkeskommunane kunnskap som kan brukast i utviklingsamanheng.

I engelskspråklege land inngår undersøkingar med tanke på styring i det som blir omtalt som «accountability». Accountability betyr meir direkte omsett rekneskapsførsel, og formålet med undersøkingane er å gi eit oversyn og rekneskap over tilstanden og utviklinga. Kunnskapen blir brukt primært som grunnlag for politiske avgjerdsprosessar. For det andre formålet blir gjerne omgrepet «development» nytta, der formålet med undersøkingane er å gi sektoren – ofte skulane direkte – tryggleik utviklingsarbeidet.

Ønsket om «accountability» og ønsket om ei betre styring av utdanningssektoren har klart vore med på å bygga opp under mange undersøkingar, og fleire undersøkingar er då eit resultat av statlege initiativ eller initiativ frå internasjonale organisasjonar. Framveksten av undersøkingane kan til ei viss grad seiast å vera ein parallell til endringa av offentleg sektor, også i Noreg, under det som blir omtalt som «New Public Management» (Brix 2017, Leithwood 2001, Læg Reid 2014).

Denne dreininga mot at skulen og skulesystemet må «stå til ansvar» for det dei gjer, er i norsk samanheng i første rekke gjort tydeleg gjennom det som blir omtalt som mål- og resultatstyring (Olsen 2017, Braun og Benninghoff 2003). Skulen må kunna dokumentera i kva grad han oppnår dei måla som er sette. Det inneber at skulen må sette søkelys på «resultata», og læringsmiljøet kan bli forstått som eit resultat av skuleverksemda.

Medan ønsket om «accountability» har vore ein viktig faktor for at fleire undersøkingar har vorte laga, ser vi at «development»-aspektet blir meir vektlagt i dag. Eit tydeleg døme er at det under den store skulereforma til Bush-administrasjonen i USA, som mellom anna resulterte i No Child Left Behind Act frå 2002, var eit nasjonalt krav til ei heil rekke kartleggingar av skulane, også knytt til læringsmiljøet. Obama-administrasjonen endra dette med Every Student Succeeds Act (ESSA) i 2015. Med denne er det ikkje lenger krav om kartlegging, verken på nasjonalt nivå eller delstatsnivå, og ansvaret for om det skal bli gjennomført undersøkingar, og kva type, er lagt på delstatsnivå (Kostyo, Cardichon og

Darling-Hammond 2018). Under ESSA er dei nasjonale utdanningsmyndigheitene i større grad vorte ein tilretteleggar for undersøkingar lokalt gjennom å utvikla verktøy til bruk i skulane og delstatane.

Elevundersøkelsen tener begge dei to kunnskapsformåla vi har sett ovanfor: Undersøkinga gir offentlegheita og myndigheitene eit innblikk i tilstanden til og utviklinga av læringsmiljøet i skulen, samtidig som ho er eit verktøy for skulane og kommunane/fylkeskommunane for å jobba med læringsmiljøet. I Noreg er alle resultatata frå Elevundersøkelsen ned på skulenivå offentlege. Innover i skulane er det berre skulane og kommunane/fylkeskommunane som har moglegheit til å innhenta meir detaljerte data. Elevundersøkelsen kan brytast ned på klassenivå i skulane. Men det er den same typen data skulane har tilgjengeleg, som offentlegheita har, berre på eit lågare nivå. Som vi skal sjå, er dette handtert annleis i andre land. I enkelte land, og i Tyskland og USA/California, som vi omtaler her, får skulane tilgang til andre typar og meir data enn det som blir offentleggjort. Dette reiser spørsmålet om kva type data som skal offentleggjerast, på kva nivå og for kven: Kven er det kunnskapen om læringsmiljøet skal tena?

Det er lite forskning på bruken av undersøkingar i skulesektoren, enten dei er retta mot «accountability» eller «development». Vi veit derfor i lita grad om denne typen undersøkingar bidreg til å betra læringsmiljøet i skulen og til ei politikktutforming som styrker det.

I Noreg er det gjort enkelte studiar som rettar seg mot bruk av måleresultat generelt, også når det gjeld resultat frå målingar av læringsmiljøet til elevane gjennom Elevundersøkelsen. Eit gjennomgåande trekk ved desse undersøkingane er likevel at det er stor variasjon i kor stor grad skulane og kommunane forhold seg til eller bruker resultatata, og det er i tillegg forskjell i kor stor grad skulane og kommunane har den naudsynte analysekompetansen (Lyng et al. 2021, 74, Ekspertgruppe for skolebidrag 2021, Caspersen et al. 2017, Grindheim et al. 2014). Prøitz, Mausethagen og Skedsmo viser til at bruken er knytt til det dei kallar «administrators' personal governing style» (Prøitz, Mausethagen og Skedsmo 2021).

Med tanke på formålet med studien vår – å gi oppmodingar for utvikling av Elevundersøkelsen – har vi ikkje undersøkt (a) korleis Elevundersøkelsen fungerer til utviklingsarbeid i skulen og (b) kva tyding ho har for utvikling av politikkområdet. Oppmodingane våre må sjåast på denne bakgrunnen.

Kva blir undersøkt?

Systematiske kartleggingar av læringsmiljøet til elevar har i hovudsak ei historie tilbake til slutten av 1960-talet. Som nemnt var ei av dei første den såkalla «Classroom Climate Questionnaire», som Herbert Walberg og Gary Anderson stod bak (Anderson og Walberg 1967, 1). Sidan då har det vore utvikla ei rekke spørjeskjema for å kartlegga læringsmiljøet. I forskinga har det vore fleire diskusjonar om både kva ein skal måla, og korleis. Kan ein måla læringsmiljøet likt i «primary education» som i «secondary education»? Kva dimensjonar er det ein bør måla, og som er sentrale for å seia noko om læringsmiljøet? Nokre av diskusjonane i forskinga dei siste tretti åra er nyleg oppsummerte i bokform med nokre av forskarane som har vore sentrale for utviklinga av kartlegging av læringsmiljø som eit eige fagfelt (Zandvliet og Fraser 2019).

Omgrepet *læringsmiljø*, som hyppig blir brukt i Noreg, er ikkje eit eintydig omgrep. Skjemaet til Walberg og Anderson hadde som mål å kartlegga «klasseromsklimaet». Ei kjend og mykje brukt undersøking, som vart utvikla tidleg på 1970-talet (Trickett og Quinlan 1979) og framleis er i bruk, går under namnet «Classroom environment scale», altså klasseromsmiljøet. Vi vil òg finna nemningar som «Learning Climate» og «Learning Culture», og som vi vil sjå seinare i denne rapporten, «School Climate». Det er dermed ingen tydeleg internasjonal samstemmighet i forskinga om kva ein skal måla og kva som skal inngå i målinga.

Det er heller ikkje særleg semje når det gjeld dei psykometriske analysane av slike kartleggingar. I all hovudsak har kartleggingane vore testa med omsyn til reliabilitet og dimensjonalitet, slik også den norske Elevundersøkelsen har vore. Det har vore forsøk på å bruka probabilistiske metodar, som Rasch-analysar, i dei psykometriske analysane av undersøkingane (Cavanagh og Waugh 2011), men denne metodikken verkar lite brukt. I all hovudsak er dei ulike dimensjonane i læringsmiljøet definerte gjennom klassiske psykometriske testar (faktoranalysar, testing av reliabilitet og testing av dimensjonalitet).

Dette er paradoksalt, og det står i kontrast til dei moglegheitene som nyare statistiske analysar gir, utan at ein treng å gå så langt som D.R. Cox og Bradley Efron, som langt på veg parkerer klassisk psykometrisk metodikk for å vera unøyaktig og ikkje nytta seg av dei moglegheitene for modellering som datamaskiner gir i dag (Cox og Efron 2017, Sjø og Efron og Hastie 2016). Det er òg paradoksalt fordi probabilistisk metodikk er sentral i fleire internasjonale undersøkingar, mellom anna PISA. Denne metodikken blir òg brukt i utvikling av dei norske, nasjonale kartleggingsprøvene. Det psykometriske grunnlaget for kartleggingane av læringsmiljø har derfor i stor grad svakheiter i seg.

Dei internasjonale prøvene som PISA har likevel òg kartleggingar av læringsmiljøet til elevar. Grunnlaget for desse kartleggingane er baserte på probabilistisk metodikk (modellering med eksploderande faktoranalysar), men PISA gjer inga vurdering med probabilistisk metodikk av kor gode spørsmåla er til å måla læringsmiljøet. Ein probabilistisk metodikk gjer det mellom anna mogleg å sjå korleis spørsmål diskriminerer (skilje mellom elevar med ulik oppfatning av læringsmiljøet), og kor «vanskelege» spørsmåla er (kor gode spørsmåla er til å måla elevane som er i ytterpunkt i vurderinga si).

Kopling mellom forskinga og bruken til skulemyndigheitene

Utviklinga av undersøkingar for forskingsmiljø og etableringa av undersøkingar for «accountability» og/eller «development» verkar saman i avgrensa grad. Mange av undersøkingane som er utvikla av offentlege myndigheiter, er av og til prega av den skulepolitiske debatten. Typisk i så måte er den danske Trivselsundersøkelsen, der spørsmåla vart utvikla av ei ekspertgruppe oppnemnd av Undervisningsministeriet for ei «konseptuell afklaring», der bestillinga var forankra i Folkeskolereformen (Ekspertgruppen om elevs trivsel i folkeskolen 2014c). Også Elevundersøkelsen har spørsmål om forhold som det primært er eit ønske frå sentrale myndigheiter å få kunnskap om. Spørsmålsbatteriet om «Vurdering for læring» er særlege for Elevundersøkelsen, og det kan knytast til søkelyset på vurdering i norsk skule som spesielt OECD har bidrege til (Sandvik et al. 2012). Vi har ikkje funne døme på andre undersøkingar som måler dette fenomenet. Fleire av spørsmåla i batteriet kan ei finne i andre undersøkingar, men dei inngår då i batteri der det er eit anna fenomen ein ønsker å måla.

Igjen er dei internasjonale undersøkingane delvis eit unntak. PISA-undersøkinga sitt elevspørjeskjema tek føre seg forhold som «School climate», «Student well being», «Student belief in ability» og «Parents' involvement» (OECD 2019b). Spørsmåla er i all hovudsak baserte på forskning som har påvist tydinga av desse forholda for læringsresultata til elevane. Sjølv om PISA òg rapporterer om læringsmiljøet, er likevel formålet til PISA primært å seia noko om betydninga av læringsmiljøet for læringsresultatet. Spørsmåla som blir stilte, er derfor primært valde frå studiar som har påvist samanhengar. Men samtidig blir PISA-undersøkinga brukt til å rapportera frå læringsmiljøet. OECD har sjølv gjennomført internasjonale samanlikningar her, og det finst fleire undersøkingar som nyttar seg av PISA-dataa på dette området (OECD 2017a, Bradshaw, Hoelscher og Richardson 2006, Govorova, Benítez og Muñoz 2020, Rodríguez et al. 2020, Kuhn et al. 2021, Kozina og Štraus 2017).

Samla kan vi seia at det finst ei rekke ulike tilnærmingar til å kartlegga læringsmiljøet, ei psykometrisk tilnærming (klassisk testteori) dominerer blant dei forskarane som set søkelys på læringsmiljø. Dei undersøkingane som blir brukte til nasjonale kartleggingar, er i større grad baserte på politiske eller teoretiske definisjonar av kva som er viktig å kartlegga, og trekker i lita – om noka – grad på dei validerte instrumenta som er utvikla over fleire tiår. Dette kjem sjølv sagt av at verken skular (organisering, mål, innhald) eller skulepolitikk er like i forskjellige land. Dei undersøkingane som er validerte, er validerte i lokale eller nasjonale kontekstar og i lita grad internasjonalt. Likevel blir det produsert data om læringsmiljøet til norske elevar gjennom dei internasjonale undersøkingane, men heller ikkje dei baserer seg på validerte skjema for læringsmiljø. Ei ytterlegare problemstilling er at det i norsk skule er utvikla og teke i bruk ei rekke undersøkingar, men at det i lita grad er lagt til rette for å analysa dei ulike undersøkingane i samanheng (Blömeke og Olsen 2018).

Det er dermed relevant både å sjå nærare på innhaldet i undersøkingane og å samanlikna kva som blir undersøkt, korleis undersøkingane blir brukte, og til kva formål.

Metode

Metodisk har vi gått fram gjennom to ulike trinn: Det første trinnet har vore ei kartlegging av undersøkingar i Noreg og andre land, og det andre trinnet har vore ein grundigare studie av utvalde undersøkingar og land.

Kartlegging

Kartlegginga av undersøkingar både i Noreg og i andre land er basert på nettsøk og søk i forskingsdatabasar (Google Scholar og Oria). Desse søka har for det første hjelpt oss til å finna fram til korleis ulike land undersøker læringsmiljøet. Dernest har dei hjelpt oss til å finna nettstader og forskingsartiklar der systema blir beskrivne. Dei første søkeresultata har vi nytta til ytterlegare søk etter fleire undersøkingar.

Søka har vore semi-strukturerte i den forstand at vi har prøvd oss fram med ulike søkekriterium. Grovt sett har vi nytta stikkorda nedanfor til å finna fram i land utanom Norden.

Når det gjeld tema:

- *learning environment, class environment, Lernumgebung, Schulklima, well-being og Wohlbefinden*

Når det gjeld kva data undersøkingane genererer:

- *statistics, census, data, survey, indicators, accountability, Fragebogen og Statistik*

Desse omgrepa har dernest vore kopla til enkelte land og eventuelt til delstatar i landa.

I tillegg har vi hatt samtalar med 24 skuleleiarar i Noreg om kva undersøkingar som blir brukte i skulen.¹ Vi har på den måten fått kjennskap til undersøkingar som skulane og elevane til kommunane finansierer.

Vi har i denne første fasen ikkje gått i detalj på sjølve undersøkingane. Vi såg ikkje på kva spørsmål som blir stilte, og korleis ein eventuelt måler læringsmiljøet. Vi avgrensa oss til undersøkingar som kan gi aggregerte og direkte samanliknbare resultat – med andre ord til undersøkingar som måler læringsmiljøet på ein eller annan måte og genererer indikatorar eller måleparameter.

Resultata frå denne første fasen er publiserte i tre notat. Det eine notatet beskriv undersøkingar som blir gjennomførte i Noreg (Utmo og Dahl 2021a), dei to andre tek føre seg undersøkingar i andre land (Utmo og Dahl 2021b, a). Desse notata har vore utgangspunkt for diskusjonar med Utdanningsdirektoratet om kva for nokre undersøkingar vi skulle gå i djupna på. Resultatet av desse diskusjonane, som blant anna har teke opp spørsmålet om relevans med tanke på utvikling av Elevundersøkelsen, er dei undersøkingane vi beskriv i denne rapporten.

¹ Skuleleiarane er rekrutterte til samtalar gjennom utdanningsprogram ved NTNU.

Oversyn over undersøkingar i studien – type og omfang

På bakgrunn av det første trinnet i denne studien valde vi ut åtte undersøkingar som blir gjennomførte i Noreg og fire andre land, for nærare studiar. Undersøkingane i Noreg er både undersøkingar som berre blir gjennomførte i Noreg, og internasjonale undersøkingar som Noreg er med på. Fleire av desse undersøkingane, som dei internasjonale undersøkingane PISA, TIMSS og ICCs, har ikkje primært søkelys på læringsmiljø, men undersøker alle læringsmiljøet til elevar i ei eller anna form.

Tabellen nedanfor er eit oversyn over dei undersøkingane vi har gått nærare inn på i denne rapporten. Desse er alle undersøkingar som blir brukte i norsk skule eller genererer data om læringsmiljø frå norske elevar.

Tabell 1: Undersøkingar i Noreg

Undersøking	Nivå	Respondentar ved siste undersøking (ca.)	Respondentar	Utval	Offentleggjerin g	Tilgang til rådata	Hyppegheit
Elevundersøking	7. og 10. trinn og vgl (obligatorisk ; frivillig for andre trinn)	Svarprosent på over 90	Elevar	Alle elevar på «obligatoriske » trinn	Nettstad med data på skulenivå (nettstad for skulane: data på klassenivå)	På skulenivå (for skulane: på klassenivå)	Kvart år
Barn og Medier	Barn og ungdom	3400	Barn og ungdom	Utval	Norsk rapport	Nei	Annakvart år sidan 2006
EU Kids Online	Ungdom	25 000 ungdommar i 19 land	Ungdom	Representativt , nasjonalt	Internasjonal og nasjonal rapport	Nei	2010 og 2020
HBCS	Elevar	5000 elevar	Elevar	Representativt , nasjonalt	Internasjonal og nasjonal rapport	På førespurnad	Kvart fjerde år
ICCs	Elevar og skular	7000 elevar på 150 skular	Elevar, lærarar og skuleleiarar	Representativt , nasjonalt		Ja	2009, 2016 og 2022
Klassetrivsel	Elevar		Elevar	Til bruk i skulen	Berre for brukarane	Nei	Ved behov
PISA	Elevar og skular	6000 elevar på 250 skular	Elevar, lærarar og skuleleiarar	Representativt , nasjonalt	Internasjonal og nasjonal rapport	Ja	Kvart tredje år sidan 2000
TIMSS	Elevar og skular	4000 elevar på 150 skular	Elevar, lærarar og skuleleiarar	Representativt , nasjonalt	Internasjonal og nasjonal rapport	Ja	Kvart fjerde år sidan 1995
Ungdata	Elevar	660 000 elevar sidan 2010 (ca. 60 000 årleg)	Ungdom	Fullskala i kommunar	Nasjonalt rapport	Ja	Kvart år sidan 2010

I tabellen nedanfor har vi ført opp nokre kjenneteikn ved dei undersøkingane vi har sett på i dei fire utvalde landa.

Tabell 2: Undersøkingar i utvalde land

Land/Delstat	Undersøking	Data frå	Offentleggjing	Tilgjengelegheit av data på skulenivå
Danmark	Trivselsværktøy	Alle elevar på alle skular på alle trinn f.o.m. 3. t.o.m. 9.	Statistikk på kommunenivå	Gjennom pålogging
Tyskland	Nationale Bildungspanel	9 kohortar på ca. 6000 elevar – årleg datainnsamling	Rapportar og artiklar	Tilgjengeleg for forskingsmiljø
Berlin	Schulinspektion	Utvalde skular i Berlin – ca. 30 prosent av skulane er dekte	Rapporter for Berlin og enkeltskular	For deltakande skular
Berlin	Verktøy frå ISQ	Til bruk i skulane	Ingen	For skular som bruker undersøkinga
Australia	National Quality Standard	Skulane	Nettportal	Offentleg i nasjonale register for skular som tilfredsstiller krava
Australia	School Survey	Frivillig for elevar i 5.–12.klasse	Rapport	For skulane
Sør-Australia	Wellbeing and Engagement Collection	Frå skulane som vil delta	Rapport	For skulane
USA	School Climate Survey	Avhengig av bruk – inga nasjonal innsamling	Blir bestemt av brukarane	For dei som nyttar seg av undersøkinga
California	California School Climate Survey	Ca. 50 av skulane i California	Rapportar	Digital portal for distrikt og skular

Analyse

Alle undersøkingane som blir omtalte i denne rapporten, baserer seg på omfattande spørjeskjema til elevane. Ei nøyaktig samanlikning av desse skjema vil vera ei svært krevjande, for ikkje å seia umogleg, oppgåve. Spørsmålsformuleringane er forskjellige, og det same er svaralternativa. Omgrepsbruken er ulik og ofte vanskeleg å omsetta. Indeksane som blir bygde på bakgrunn av enkeltitems (enkelte spørsmål eller utsagn), har forskjellige namn, og det er forskjellige items som inngår i indeksar som skal måla det same. Vi har likevel anteke at dei indeksane som blir etablerte gjennom dei ulike undersøkingane, gir eit mål på ulike fenomen som er av relevans eller inngår i læringsmiljøet til elevane. På bakgrunn av dette har vi samanlikna undersøkingane for å sjå kva dei omhandlar, og på kva måte dei tek det føre seg. Vi har ikkje undersøkt eller kartlagt det psykometriske grunnlaget for undersøkingane, men vi har vurdert i kor stor grad det har vore involvering av forskingsbasert kunnskap og psykometrisk testing av undersøkingane.

Utgangspunktet for vurderinga er dei indeksane som Elevundersøkelsen bringar fram. Vi har undersøkt om dei andre undersøkingane har tilsvarande indeksar som kan seiast å måla dei same fenomen. Vi har avgrensa oss til dei elleve hovudindeksane i undersøkinga.

Utover kartlegging og analyse av sjølve undersøkingane har vi gjort ei systematisk samanstilling av bruken frå undersøkingane av data og tilgjengeleggjinga av resultat.

3. Elevundersøkelsen

Elevundersøkelsen vart lansert i 2001 som ei frivillig nettbasert undersøking. Ho vart då kalla «Elevinspektørene». I 2004 vart ho gjort obligatorisk for skuleeigarar å gjennomføra på 7. og 10. trinn. I 2006 fekk undersøkinga namnet «Elevundersøkelsen», og ho vart då også obligatorisk å gjennomføra på vgl. Skulane kan frivillig gjennomføra undersøkinga for andre elevar frå og med 5. trinn. Det finst årlege rapportar om og analysar av resultatane frå undersøkingane, men vi har ikkje funne nokon studiar som ser på korleis sjølve undersøkinga vart til. Kva som var hovudformålet med å etablera undersøkinga, har vi derfor ikkje svaret på. Som «Elevinspektørene» vart undersøkinga lansert før Søggen-utvalet (NOU 2003:16 , NOU: 2002:10) trekte opp dei to hovudformåla med kvalitetsindikatorsystemet, som Elevundersøkelsen vart ein del av.

Elevundersøkelsen har ei rekke spørsmål som skulane kan nytta seg av. For alle spørsmål svarer elevane ved hjelp av ein femtrinns Likert-skala. Kjernen i den obligatoriske delen av undersøkinga består av 51 spørsmål som bygger opp under 11 indeksar, og ein indeks for mobbing. Desse indeksane er

- Læringskultur
- Elevdemokrati og medverknad
- Faglege utfordringar
- Felles reglar
- Trivsel
- Meistring
- Utdanning og yrkesretteiing
- Motivasjon
- Vurdering for læring
- Støtte heimanfrå
- Støtte frå lærar
- Mobbing

Spørsmåla i undersøkinga spør elevane om oppfatninga deira av sitt eige arbeid med faga, undervisninga og vurderinga og relasjonen til lærarar, medelevar og føresette. Det er få av spørsmåla som tek føre seg kva skulen gjer. Spørsmål om skulen sine handlingar finn vi når det gjeld spørsmål om trivsel, og når det gjeld mobbing. Den som svarer positivt på spørsmålet om mobbing, blir også spurd om kva skulen gjorde. Men det er ingen spørsmål av generell art om kva skulen gjer for å forhindra at mobbing oppstår. Undersøkinga spør heller ikkje om forhold ved eleven, som helsespørsmål og sjølvoppfatning (bortsett frå fagleg sjølvoppfatning). Som vi skal sjå, er dette forhold ei rekke andre undersøkingar vektlegg, både blant dei som blir gjennomførte i Noreg, og blant dei som blir gjennomførte i andre land.

Resultata frå Elevundersøkelsen blir brukte i offentlege rapportar og er offentleg tilgjengelege på skule-, kommune- og fylkesnivå gjennom ein nettportal. På nettportalen kan ein laste ned resultat ned på enkeltspørsmålnivå. For vidaregåande skule kan ein bryte ned spørsmåla per utdanningsprogram. Dataa kan ein vidare dele opp for private og offentlege skular og for gutar og jenter. Gjennom eigne påloggingsrutinar kan skulane i tillegg henta data på klassenivå.

Undersøkinga blir finansiert av Utdanningsdirektoratet. Både datainnsamlinga og analysen av dataa blir gjennomført på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Per i dag blir datainnsamlinga gjennomført av det private selskapet Conexus, medan analysane av dataa blir gjennomførte av NTNU Samfunnsforskning.

Det rettslege grunnlaget for gjennomføringa av undersøkinga er gitt i §2-3 i forskrift til opplæringslova og i § 2-3 i forskrift til friskolelova. Svarprosenten til undersøkinga er svært høg – ho ligg kvart år på rundt 90 prosent av elevane for dei trinna som skulen må gjennomføra undersøkinga for.

4. Dimensjonar i forskingsbaserte undersøkingar

Som nemnt finst det svært mange undersøkingar som ein frå ein forskarståstad kartlegg eller måler dimensjonar med læringsmiljøet til elevar gjennom. Det er likevel nokre undersøkingar som har vore meir sentrale enn andre, og som har danna grunnlag for seinare undersøkingar og undersøkingar som blir brukte i dag. Vi vil i det følgande sjå på nokre av dei for å peika ut kva dimensjonar (fenomen) ved læringsmiljøet til elevane ein frå forskarhald har vore opptekne av å måla.

Blant dei første undersøkingane, og kanskje den første veldokumenterte undersøkinga, er Learning Environment Inventory (LEI), utvikla av psykologane Herbert Walberg og Gary Anderson på slutten av 1960-talet i USA (Walberg og Anderson 1968, Anderson og Walberg 1967). På bakgrunn av 105 spørsmål og gjennom ein faktoranalyse fann dei 14 ulike dimensjonar (faktorar) som er av betydning for læringsmiljøet til elevane generelt. Alle dimensjonane vart baserte på sju spørsmål (items). Anderson og Walberg gav sjølve dimensjonane namn, og i lista over dimensjonane som følger, har vi brukt nemninga deira. Parentesen med ei norsk nemning bak er ikkje ei direkte omsetting av desse namna, men snarare kva vi i dag, med utgangspunkt i spørsmåla, kan kalla desse dimensjonane på norsk.

- Intimacy (vennskap og godt samhald mellom elevar)
- Friction (uvennskap og dårleg samhald)
- Cliques (klikkdanningar)
- Apathy (interesse for skulen og klassen)
- Favoritism (forskjellsbehandling)
- Formality (regelhandtering)
- Satisfaction (trivsel)
- Speed (arbeidspress)
- Difficulty (vanskegrad av undervisninga)
- Goal direction (tydeleggjering av formål)
- Democratic (medverknad)
- Disorganization (organisering av undervisning)
- Diversity (mangfald)
- Environment (fysisk læringsmiljø)

Lista ovanfor kan ved første augekast sjå veldig forskjellig ut frå lista over indeksar i Elevundersøkelsen, men det er tydeleg overlapping på fleire område. Trivsel blir til dømes målt i begge undersøkingane, men med fleire spørsmål i LEI. Der inngår til dømes utsegner som «After Class, the students have a sense of satisfaction». Desse utsegna er også eit døme på at undersøkinga har meir søkelys på kjenslene til elevane av ulike forhold enn å få ei skildring av praksis. Dette er òg noko vi finn dei undersøkingane vi har sett på i studien vår, i første rekke undersøkingane frå Australia og USA.

Men det er også nokre tydelege forskjellar mellom LEI og Elevundersøkelsen. Eit døme er indeksen Diversity, som mellom anna er basert på utsegna «The class has students with many different interests». Som vi skal sjå, er spørsmålet om mangfald og diversitet også å finna i undersøkingane vi har sett på i USA i dag. Dette kan ha samanheng med at dette spørsmålet har vore og framleis er langt meir dagsaktuelt i USA. Samtidig med at Walberg og Anderson publiserte resultatane frå undersøkinga si, disputerte den etterkvart svært kjende utdanningsforskaren Eric Hanushek med avhandlinga *The Education of Negroes and Whites*,

der han viste at den amerikanske skulen systematisk forskjellsbehandla svarte og kvite, og at forskjellen i læringsresultat mellom desse to gruppene hadde si årsak i denne forskjellsbehandlinga (Hanushek 1968).

Ei kategorisering av læringsmiljøet som har hatt stor betydning for seinare undersøkingar (Fraser 2019), vart til gjennom arbeidet til spesielt dei amerikanske psykologane Edison Trickett og Rudolf Moos tidleg på 1970-talet. Arbeidet la grunnlaget for The Classroom Environment Scale (CEs), som var basert på ein 90-items survey (Moos og Trickett 1974). CEs har tent som grunnlag for mange seinare undersøkingar, og Trickett og Moos' eigen versjon er i dag tilgjengeleg gjennom internett for bruk i skular.² Denne versjonen, som tidlegare versjonar, definerer læringsmiljøet langs tre hovuddimensjonar med ni underdimensjonar:

Relationship Dimension:

- Involvement (deltaking og interesse i fellesskapet)
- Affiliation (elevane hjelper og støttar kvarandre)
- Teacher Support (lærarar som støttar, inspirerer og viser interesse)

Personal Growth / Goal Orientation Dimension:

- Task Orientation (om det blir jobba mot måla i undervisninga)
- Competition (konkurransen mellom elevane)

System Maintenance and Change Dimension:

- Order and Organization (organisering og orden i klassen)
- Rule Clarity (kjennskapen eleven har til reglar)
- Teacher Control (korleis reglar blir handterte av lærarar)
- Innovation (om læraren nyttar seg av ny og/eller variert undervisning)

Undersøkinga er basert på 90 spørsmål.

CEs er, både dersom vi ser på indeksane og på spørsmåla/utsegnene som dannar grunnlaget for indeksane, tydeleg forskjellig frå LEI, samtidig som det er overlapping på fleire område. Den tydelegaste forskjellen er at «Teacher Support» har kome inn som ein eigen dimensjon. Dei underliggende dimensjonane overlappar likevel med LEI, slik at forskjellen ligg i ei annan vinkling og tolking av dei underliggende variablane. «Teacher Support» kartlegg «the extent to which the teacher helps, befriends, trusts, and is interested in students» (Fisher og Fraser 1983, 263). Denne har likskapstrekk med indeksen «Støtte frå lærar» i Elevundersøkelsen, men freistar i større grad å få tak i interessa til læraren for eleven, mellom anna med utsegna «the teacher takes a personal interest in the students».

Ei av dei nyaste forskingsbaserte undersøkingane av læringsmiljøet er Classroom Climate Questionnaire (CCQ), primært utvikla av dei australske forskarane Siobhan Galos og Jill M.

² <https://www.statisticssolutions.com/free-resources/directory-of-survey-instruments/classroom-environment-scale-ces/>

Aldridge (Aldridge og Galos 2017). CCQ består av 45 items som gir følgende indeksar (Galos og Aldridge 2020)³:

- Student cohesiveness (tryggleik og aksept)
- Teacher support (lærarstønad)
- Equity (forskjellsbehandling)
- Task clarity (målforståing)
- Responsibility for learning (moglegheit for å jobba sjølvstendig og ta eige ansvar)
- Involvement (deltaking og medverknad)
- Task orientation (gjer vegen til målet tydeleg)
- Personal relevance (relevans av utdanning)
- Collaboration (samarbeid mellom elevar)
- Self-efficacy (meistringstru)

Som vi ser, overlappar CCQ ein del med både LEI og CEs. Vi ser likevel at undersøkinga støttar seg på eit av dei viktigaste bidraga til lærings- og utdanningsforskning dei siste tiåra: Albert Banduras teori om «self-efficacy» (Bandura 1997, 1986). Vi har omsett nemninga med meistringstru ovanfor, og ho verkar dermed som delvis samanfallande med indeksen «meistring» i Elevundersøkelsen. Det er likevel ein heilt klar forskjell ved at indeksen i CCQ er tydeleg kopla til teorien om «self-efficacy» og basert på instrument målar «self-efficacy». Medan spørsmåla i Elevundersøkelsen går mot det som kan definerast som kognitive dimensjonar ved meistring, tek CCQ opp i seg dei emosjonelle sidene. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom itemet «I feel that I am good at my work». CCQ spør om «feel», medan Elevundersøkelsen spør om «tenk».

Indeksen Meistringstru har Aldridge og Galos behandla og vurdert gjennom tilarbeiding av surveyen «Attitudes and Self-Belief Survey», som søker å måla mellom anna «self-efficacy». På denne måten har dei utvikla eit mål på «self-efficacy» basert på fire items. Det finst svært mange ulike instrument for å måla «self-efficacy», men den skalaen for «Generalized Self-efficacy» er basert på heile 14 items (Sherer et al. 1982). Indeksen Meistring i Elevundersøkelsen har berre tre items.

Vi kan også merka oss indeksen «Equity» i CCQ. Han har likskapstrekk med indeksen «Diversity» i LEI idet han har som mål å seia noko om handtering av forskjellar. Men i CCQ er det meir vekt på i kva grad skulen gir elevar med ulik bakgrunn like moglegheiter: «The Equity scale is based on the premise that it is important for the learning environment to provide equitable opportunities for all students to be involved in learning» (Aldridge og Galos 2017, 355).

Aldridge og Galos gjer sjølve dette tydeleg i ein analyse av samanhengen mellom «self-efficacy» og læringsmiljøet i skulen generelt. For at ein skal kunna laga gode undersøkingar av læringsmiljøet til elevane, peikar dei på at det er viktig å få tak i «the voices of students academically at-risk when tailoring learning environments to suit their preferences and differing needs» (Galos og Aldridge 2020). Undersøkingar bør kunna ta høgde for den ulike bakgrunnen til elevane.

³ Også her er ikkje omsettinga i parentes ei direkte omsetting, men ein term som kan seiast å femne det som dei enkelte items spør om.

5. Innhald i undersøkingar

Innhaldet i undersøkingar med data frå skular i Noreg

Vi har ovanfor sett på innhaldet i nokre forskingsbaserte undersøkingar. I det følgande skal vi sjå på undersøkingar som blir brukte av myndigheiter, organisasjonar eller skular for å innhenta kunnskap om læringsmiljøet i skulen. Vi har i samråd med Utdanningsdirektoratet valt åtte undersøkingar som på ein eller annan måte hentar data eller undersøker aspekt ved læringsmiljøet i norske skular, for nærare undersøking (sjå oversynet ovanfor). Lesaren blir vist til vedlegget for ei nærare skildring av dei ulike undersøkingane.

Ungdata og HBSC/HEVAS

Fire av desse undersøkingane har primært ei anna vektlegging enn skule: Både Ungdata og HBSC/HEVAS undersøker livsforholdet til ungdom generelt, levevanar, livsstil og helse, men har spørsmål som går på forhold ved skulen. HBSC/HEVAS har spørsmål både om trivsel, korleis læraren vurderer eleven, og om skulestress. Spørsmåla er likevel berre å finna som enkeltitems, og undersøkinga gir ikkje grunnlag for å laga indeksar for aspekt ved læringsmiljøet. Ungdata har ein eigen indeks om «Haldningar til skulen». Der er items som er like med items i Elevundersøkelsen, som «Eg trivst på skulen». Ungdata har likevel items som går meir på opplevinga av skulen, som «Eg gruer meg til å gå på skulen», og har òg eit mål på «Skulestress». Undersøkinga av læringsmiljøet må spesielt for HBSC/HEVAS seiast å vera avgrensa, men vi kan merka oss at begge undersøkingane set søkelys på det dei definerer som skulestress. Ein annan viktig forskjell, samanlikna med Elevundersøkelsen, er at begge undersøkingane hentar data om nettopp det dei konsentrerer seg om: ungdommen sin livs- og helsesituasjon. Ungdata hentar òg inn data om sosioøkonomiske forhold. Undersøkingane gir eit grunnlag for å analysa læringsmiljøet (i alle fall nokre aspekt ved det) opp mot ei rekke bakgrunnsvariablar. På denne måten kan ein sjå på kva betydning forhold utanfor skulen har for læringsmiljøet i skulen. Skulestress er til dømes ikkje berre relatert til forhold ved skulen, men også til livssituasjonen til eleven generelt (Wendelborg et al. 2019).

Barn og Medier og EU Kids Online


Barn og Medier og EU Kids Online set begge søkelys på situasjonen for barn og unge i ei digital og medieprega verd. Barn og Medier har ingen spørsmål som går på forhold ved skulen. Undersøkinga overlappar derimot med Elevundersøkelsen når det gjeld mobbing. Barn og Medier spør om mobbing og trakassering på nett. EU Kids Online har nokre items som direkte går på forhold ved skulen. Spørsmåla set søkelys på respondenten si oppleving av skulen ved å be om vurdering av utsegner som «eg føler meg trygg på skulen» og «eg føler at eg høyrer til på skulen». Det undersøkinga kan gi kunnskap om, er den emosjonelle opplevinga. Dette kjem òg til uttrykk i utsegna om læraren som respondenten skal vurdere: «Lærarane bryr seg om meg som person».

PISA

Av dei internasjonale undersøkingane skil PISA seg ut ved å ha ein omfattande og godt teoretisk forankra survey om læringsmiljøet til elevane. Skjemaet til elevane er på over 60 hovudspørsmål med ei rekke underspørsmål. Totalt består undersøkinga av over 600 items. Desse blir brukte til å generera ulike indeksar. Det er rundt 12 spørsmål som går på forhold rundt læringsmiljøet. Hovudmåla når det gjeld forhold rundt læringsmiljøet, er gitt att i figuren nedanfor, som er henta frå OECDs rapport om «Student life» frå den siste PISA-undersøkinga.

Figur 1: Oversyn over dimensjonar ved læringsmiljøet som PISA måler (henta frå (OECD 2019a, 38)).

Figure III.1.1 **School climate as measured in PISA 2018**



OECD har omfattande prosedyrar for å sikra at resultata frå undersøkinga er representative for dei deltakande landa. Dei har òg ei omfattande psykometrisk testing av dei indeksane som blir utvikla på bakgrunn av spørsmåla (OECD 2017b). Frå 2018-undersøkinga vart dei følgjande indeksane genererte (som også kan lastast ned frå OECDs databank):

- Exposure to bullying
- Disciplinary climate
- Teacher enthusiasm
- Teacher support
- Teacher feedback
- Teacher behaviour hindering learning
- Student co-operation
- Student competition
- Sense of belonging
- Meaning in life
- Positive feelings
- Self-efficacy
- Fear of failure

PISA-undersøkinga spør ikkje om trivsel på skulen. Spørsmåla er meir retta mot korleis elevane oppfatar sin eigen livssituasjon. På ein glidande skala frå 1 til 10 kan elevane angi følgande: «how satisfied are you with your life as a whole». PISA går òg mykje meir inn på kjensleregisteret til elevane. Dei blir spurde om kor ofte dei føler ulike typar kjensler («how often do you feel ...»). Undersøkinga går òg mykje meir på korleis elevane oppfatar seg sjølve i skulekvardagen, enn kva Elevundersøkelsen gjer, som til dømes «I feel awkward and out of place in my school». Når det gjeld spørsmål om mobbing, spør ikkje PISA om omfanget av mobbing, men om haldninga til mobbing. Alle fem utsegnene om mobbing er haldningsutsegner, som «I feel bad seeing other students bullied».

PISA-undersøkinga kan seiast å ikkje berre setta søkelys på kva som skjer på skulen, og på læringsmiljøet ved skulen, men også på den generelle livssituasjonen til elevane. «Well-being»-omgrepet er då heller ikkje berre knytt til «well-being at school», men meir generelt, og delt inn i ulike dimensjonar:

- kognitiv trivsel
- psykologisk trivsel
- fysisk trivsel
- sosial trivsel
- materiell trivsel

Det er den psykologiske trivselen som i størst grad er knytt til skulen, som fangar opp engasjement, motivasjon, kjensler og haldningar, og som også er knytt til kva lærarane gjer og ikkje gjer. PISA spør ikkje direkte om trivsel på skulen, men spør: «How satisfied are you with your life as a whole these days?» med ein titrinns svarskala.

Klassetrivsel

Klassetrivsel er ei undersøking utvikla i Danmark. Det er laga ein norsk versjon til bruk i norske skular og kommunar. Undersøkinga inneheld over 100 spørsmål som dekkjer følgande tema/område:⁴

- livet til klassen
- eleven sitt liv i klassen
- elevane sine posisjonar og relasjonar
- grupperingar i klassen
- mobbing
- eleven sitt forhold til skulen
- eleven sitt forhold til undervisninga
- eleven sitt forhold til lærarane
- uro i klassen
- IKT og medium
- språkbruk i klassen

⁴ <https://klassetrivsel.no/funksjoner/>

Skulane vel sjølve kva spørsmål dei vil nytta seg av, og kan laga indeksar på bakgrunn av samansette spørsmål. Indeksane blir laga av brukarane sjølve og er ikkje førehandsdefinerte. Det er dermed ingen psykometrisk testing av grunnlaget for indeksane.

På overskriftnivå ser det ut til å vera samanfall med delar av Elevundersøkelsen. Vi har ikkje funne eit samla oversyn over kva spørsmål som inngår i Klassetrivsel. Dei spørsmåla vi har funne, er gjennom rapportar frå skular som har brukt Klassetrivsel.⁵ Inntrykket er at Klassetrivsel konsentrerer seg særleg om relasjonane mellom elevane og den sosiale dynamikken. Undersøkinga bruker spørsmål som desse:

- Når I leger sammen i klassen, bestemmer I så lige meget alle sammen, eller er det de samme fra klassen, der bestemmer hele tiden?
- Er der nogen i din klasse, der bestemmer mere end andre?

Dette kjem spesielt til uttrykk ved at undersøkinga tilbyr brukarane å laga eit såkalla sosiogram. Elevane namngir andre elevar i spørsmål om kven dei er mest saman med, og på den måten kan Klassetrivsel bygga eit sosiogram som vist i figuren nedanfor.

Figur 2: Henta frå <https://klassetrivsel.dk/funktioner/>



Klassetrivsel har også spørsmål som går på årsaker til opplevinga av læringsmiljøet, som til dømes spørsmålet «Kven og kva gjer deg glad for å gå på skulen?». Generelt gir undersøkinga inntrykk av å vilja gi informasjon om korleis skulen fungerer og ser ut som eit sosialt system.

Det ligg ingen kriterium for kva spørsmål brukarane skal velja når dei skal gjennomføra undersøkinga. Informasjonen som undersøkinga gir, blir dermed i all hovudsak gitt gjennom enkeltitems. Enkelte av spørsmåla verkar å vera lite omarbeidde, som spørsmålet ovanfor om leik, som er eit enten-eller-spørsmål. Undersøkinga er då også utvikla av lærarar sjølve, og koplinga til både politikk og forskning er svak.

⁵ Døme: <http://rathlouskolen.info/wp-content/uploads/2019/02/Trivselsundersøgelse-enhed-1.pdf>

Oppsummerande om undersøkingane i norsk skule når det gjeld innhald

Av dei undersøkingane vi har sett på, verkar PISA-undersøkinga som den klart mest omfattande og grundige når det gjeld å få data om læringsmiljøet i skulen. Både vinklinga av spørsmåla (opplevinga til eleven av ulike forhold), at ho trekker inn spørsmål som går på livssituasjonen til eleven generelt, og dei dimensjonane som undersøkinga dekker, inneber ei anna og på nokre måtar betre forankra tilnærming til undersøkinga av læringsmiljøet til elevar. PISA-dataa har den klare fordelten at ein kan analysere ulike aspekt ved læringsmiljøet, kva som fremmar dei, og kva betydning dei har for læringa og evnene til eleven, slik det er gjort i fleire internasjonale analysar.

Eit anna moment er at både Ungdata og HEVAS/HBSC freistar å måla det dei sjølve kallar «skulestress». Ein tilsvarende dimensjon finst ikkje Elevundersøkelsen. Ungdata har òg den styrken at forhold rundt skulen kan knytast til ei rekke forhold ved eleven eller den generelle livssituasjonen til elevane. Presentasjonen av data frå undersøkinga på nettet gir ikkje moglegheit til å analysere ein samanheng mellom læringsmiljøet og forhold ved eleven utanfor skulen eller elevane, og ein slik samanheng er berre delvis utnytta i dei nasjonale rapportane.

Innhaldet i undersøkingar i andre land

Alle undersøkingane i dei fire landa vi har sett på, er forskjellige frå Elevundersøkelsen på mange område. I det følgjande går vi kort inn på alle undersøkingane. I vedlegget finst ein meir omfattande gjennomgang.

Danmark

Den danske Trivselsundersøkelsen (med bruk av Utdanningsministeriets *Trivselsværktøj*) er lik Elevundersøkelsen i den forstand at undersøkinga er obligatorisk for skulane. Ho bygger opp, med hjelp av 40 spørsmål, mål på 4 ulike former for trivsel: fagleg trivsel, sosial trivsel, trivsel i klasserommet og trivsel med læraren. Grunnlaget for undersøkinga var arbeidet til Ekspertgruppen om elevers trivsel i folkeskolen. Denne ekspertgruppa foreslo inndelinga i dei fire ulike formene og dei førti spørsmåla som blir brukte i dag (Ekspertgruppen om elevers trivsel i folkeskolen 2014a, b). Ser ein nærare på sjølve spørsmåla, finn ein fleire spørsmål som har likskap med spørsmål i Elevundersøkelsen, som korleis eleven liker seg på skulen, mobbing, meistringstru, relasjonar til læraren, uro og bråk, motivasjon og medbestemming. Ekspertgruppa undersøkte då også ei rekke undersøkingar i andre land, deriblant Elevundersøkelsen (Ekspertgruppen om elevers trivsel i folkeskolen 2014b). Spørsmåla i Trivselsundersøkelsen konsentrerer seg derimot meir om opplevinga til eleven av den sosiale dynamikken, som «Føler du deg einsam?». Spørsmåla går også inn på opplevinga til eleven av eiga helse, med spørsmål om vondt i hovudet og vondt i magen.

Tyskland

I Tyskland ligg ansvaret for opplæringa, frå grunnskule til høgare utdanning, på delstatsnivå. Den enkelte delstaten bestemmer sjølv om og korleis spørsmål om læringsmiljø eventuelt skal kartleggast.

Det nasjonale utdanningspanelet er ei representativ undersøking av heile Tyskland. Ho rører i avgrensa grad forhold ved læringsmiljøet på skulen, men har desto i større grad spørsmål om elevane sine forhold i heimen. Undersøkinga har eit klart preg av å få sagt noko om føresetnadene og bakgrunnen til elevar for å lykkast i opplæringsløpet.

I Berlin blir læringsmiljøet i skulane undersøkt som ein del av ei større undersøking av skulane gjennom ministeriet for utdanning i delstaten sin «skuleinspeksjon» (Schulinspektion). I denne skuleinspeksjonen – men også uavhengig av han – kan skulane nytta seg av ulike spørjeskjema/modular til elevane som tek opp ulike aspekt ved læringsmiljøet. Skjemaet er utvikla av forskingsmiljø og forskingsinstitusjonar og blir administrert gjennom Institut für Schulqualität der Länder Berlin und Brandenburg (ISQ), som er eit uavhengig forskingsinstitutt ved Universitetet i Berlin.

Den modulen som i størst grad tek opp spørsmål om læringsmiljøet til elevane, er modulen «Gesundheitsförderliche Gestaltung des Zusammenlebens» (helsefremmande samliv). Som tittelen på modulen seier, har modulen eit tydeleg søkelys på helsa og livssituasjonen til elevane.⁶

I modulen er det totalt litt i underkant av 50 utsegner som elevane må ta stilling til i form av ein firetrinns Likert-skala. Elevane får òg moglegheit til å svara på om spørsmålet er relevant for dei eller ikkje. Kvar utsegn har kategorien «Kann ich nicht beurteilen» (det kan eg ikkje seia noko om).

Skjemaet har spørsmål som har likskapstrekk med spørsmål i Elevundersøkelsen. Til dømes er det spørsmål om korleis reglar blir handterte, omgang mellom lærarar og elevar og mellom elevar. Det er òg spørsmål om konflikthandtering, som «An der Schule werden Konflikte fair gelöst» (konfliktar blir løyste rettferdig på skulen). Men skjemaet har òg fleire utsegner om korleis skulen jobbar med hygiene og helse, både i praksis og i undervisning. I tillegg har skjemaet utsegner som går på i kor stor grad skulen bidreg til utvikling av affektregulering, som «In der Schule lerne ich, wie ich schwierige Situation bewältigen kann» (i skulen lærer eg korleis eg kan handtera vanskelege situasjonar).

Australia

Også i Australia er ansvaret for utdanning og opplæring i stor grad lagt på delstatsnivå, og vi finn dermed òg at delstatsmyndigheitene har eigne undersøkingar for å få kunnskap om læringsmiljøet i skulen. Men også nasjonalt har ein undersøkingar som kartlegg forhold ved læringsmiljøet i skulen. Australia har eit system for å vurdere om skulane tilfredsstiller den nasjonale kvalitetsstandarden NQS (National Quality Standard). Data om skulane blir samla inn gjennom inspeksjon av skulane. Denne inspeksjonen følger ein omfattande mal for inspeksjonen som relaterer seg til krav i lovverk og forskrift.⁷ Han nyttar seg likevel ikkje av

⁶ <https://sep-schule.isq-bb.de/deDE/start/befragungsinhalte/gesundheit.html>

⁷ <https://www.acecqa.gov.au/sites/default/files/2020-09/NQSAAssessmentRatingInstrument.pdf>

eigne undersøkingar til elevane om læringsmiljøet. Malen beskriv korleis inspektørane skal vurdera dei ulike aspekta i dei sju hovudområda som ifølge standarden skal kvalitetsvurderast (Australian Children's Education and Care Quality Authority 2020). Desse områda er som følger:

1. utdanningsprogram og praksis (Educational program and practice)
2. helse og tryggleik (Children's health and safety)
3. fysisk læringsmiljø (Physical environment)
4. bemanningsordningar (Staffing arrangements)
5. relasjonar til elevar (Relationships with children)
6. samarbeid med familiar og lokalsamfunn (Collaborative partnerships with families and communities)
7. styring og rettleiing (Governance and leadership)

Tema som Elevundersøkelsen rører ved, vil vi finna innanfor fleire av desse kvalitetsområda. Vi ser likevel at undersøkinga tydelegare vektlegg korleis elevane føler seg og opplever skulen.

I tillegg til undersøkingane som blir gjennomførte gjennom NQS, har dei australske delstatane gått saman om og støtta utviklinga av den såkalla «School Survey». Dette er eit verktøy utvikla av ESA (Education Services Australia) som er tilgjengeleg for bruk av skulane i landet.⁸

Tilgang til verktøyet krev påloggingsinfo. Det som ligg offentleg tilgjengeleg om verktøyet, går i lita grad inn på dei konkrete spørsmåla ein kan nytta seg av, anna enn som generelle døme. Verktøyet skal hjelpa skulane til å «understand students' perspectives on their experience at school, such as relationships with teachers and school's support of attitudes and behaviours that promote learning».⁹

Dette er døme på utsegner som elevane blir bedne om å vurdera, og som går på relasjonar til læraren:

- Teachers at this school treat students fairly.
- I feel safe at this school.
- This school takes students' opinions seriously.
- I am supported by my teachers to do my best.
- I can talk to my teachers about my concerns.

Delstaten Sør-Australia har ei eiga kartlegging av læringsmiljøet i skulane i delstaten med Wellbeing and Engagement Collection. Undersøkinga er frivillig, men blir nytta av mange skular og dei fleste offentlege skulane. I 2019 fullførte 95 000 elvar frå 500 skular i Sør-Australia undersøkinga (Department of Education South Australia 2021).

Spørjeskjemaet til elevane om læringsmiljøet inneheld 85 spørsmål som blir brukte til å vurdera følgande forhold:

- emosjonell trivsel
- engasjement i skulen

⁸ <https://www.schoolsurvey.edu.au/Welcome>

⁹ https://education.nt.gov.au/_data/assets/pdf_file/0018/713340/Student-survey-FAQ.pdf

- engasjement med læring
- helse og trivsel utanfor skulen

Innanfor desse fire gruppene finst det inndelingar som tek føra seg påstandar om lykkekjensle, emosjonsregulering, tristheit, skuleklima, mobbing, akademisk sjølvtilitt, motivasjon og søvn. Eit døme på korleis dei måler desse elementa i undersøkinga, er emosjonell trivsel, som er ein samla skala basert på desse åtte indikatorane: livstilfredsheit, optimisme, tristheit, bekymringar, lykke, emosjonsregulering, psykisk stress og motstandsdyktigheit (Department of Education South Australia 2021). Vi har ikkje funne ut i kor stor grad undersøkinga er bygd på eksisterande forskning, og korleis ho eventuelt er vurdert psykometrisk, men innretninga ber klart preg av å vera forskingsbasert om ein ser på omgrepsbruk på indeksar og variablar som «academic self concept».

Undersøkinga har ein tydeleg annleis profil enn Elevundersøkelsen, sjølv om det er nokre likskapar (motivasjon, meistringstru, mobbing og skulemiljø). 40 av spørsmåla, altså nesten halvparten, går på «Emotional Wellbeing». Undersøkinga granskar også fleire forhold rundt eleven utanfor skulen («Health and wellbeing out of school»).

USA

Etter Obama-administrasjonen si endring av opplæringslova gjennom The Every Student Succeeds Act (ESSA) i 2015 har nasjonale utdanningsmyndigheiter gått frå å ha ansvaret for nasjonale undersøkingar av skulen til å bli ein tilbydar av verktøy som skulane og delstatane kan bruka til sine eigne undersøkingar. Når det gjeld læringsmiljø, har føderale utdanningsmyndigheiter utvikla «School Climate Surveys», som er eit knippe av ulike instrument for å undersøka læringsmiljøet i skulen. Skjemaet til elevane som omhandlar læringsmiljøet, inneheld 73 utsegner som elevane blir bedne om å vurdere.

Skjemaet inneheld spørsmål av personidentifiserande karakter, som spørsmål om «race». Skjemaet ber òg preg av å ta opp spørsmål knytte til korleis elevane føler seg behandla og respekterte av medelevar og lærarar, og det spør òg om korleis skulen jobbar med spørsmål om etnisitet. Dernest har skjemaet mange spørsmål som har stor likskap med spørsmål i Elevundersøkelsen, både når det gjeld forhold til læraren og trivsel på skulen. Elevane blir bedne om å vurdere utsegner som «I am happy to be at this school» og «I feel like I am part of this school», men også «I feel safe at this school» og «Students at this school carry guns or bring knives to school». Det siste kan seiast å avspegla ein amerikansk kontekst tydeleg. Studentane blir ikkje spurde om dei sjølve blir mobba, men derimot generelt om mobbing: «Students at this school are often bullied». Skjemaet ber også preg av å kunna brukast for å få tak i opplevinga til elevane av emosjonell og sosial tryggleik og opplevinga av tryggleik på skulen.

Fleire delstatar har eigne og dels omfattande undersøkingar av læringsmiljøet i skulen. Ei av dei mest omfattande – som også er den undersøkinga med lengst historikk, då ho byrja allereie på 1990-talet – er California School Climate Survey (CalSCHLS). Denne undersøkinga inneheld svært mange element, mellom dei fleire spørjeskjema til elevar om aspekt ved læringsmiljøet. Nokre modular er avgrensa til bestemte forhold ved læringsmiljøet. I tillegg er det spørsmål om læringsmiljøet i den såkalla «core module», altså ein kjernemodul for undersøkinga.

Spørjeskjemaet til elevane i kjernemodulen for barneskulen inneheld heile 78 spørsmål som elevane blir bedne om å svara på.¹⁰ Dei aller fleste spørsmåla svarer respondentane på ved hjelp av ein firetrinns Likert-skala med ytterpunkta «No, never» og «Yes, all of the time».

Dei psykometriske analysane av resultat frå undersøkinga viser til at undersøkinga gir grunnlag for konstruksjon av 12 forskjellige indeksar for barneskuleskjemaet. Desse indeksane er som følger (Mahecha og Hanson 2020, 3):

- School Connectedness (4 items)
- Caring Staff (6 items)
- Student Meaningful Participation (7 items)
- Student Support for Emotional Learning (4 items)
- Fairness (4 items)
- Antibullying Climate (3 items)
- Violence Victimization (3 items)
- Violence Perpetration (3 items)
- Academic Motivation (4 items)
- Prosocial Behavior (4 items)
- Parent High Expectations (2 items)
- Parental Involvement in Schooling (5 items)

Lista over indeksar viser at det både er overlapping med spørsmål i Elevundersøkelsen (mellom dei «School Connectedness», «Caring Staff» og «Academic Motivation»), men også spørsmål av ein annan karakter (som «Student Support for Emotional Learning» og «Violence»). Skjemaet ber, på same måte som det skjemaet som er utarbeidd av dei føderale utdanningsmyndigheitene, preg av at vald er ein problematikk i amerikanske skular.

Gjennom modulen «School Climate» for elevar på ungdomstrinnet blir det i tillegg generert følgande indeksar:

- Student learning Environment (8 items)
- Learning Engagement Climate (5 items)
- Student Peer Relationship (4 items)
- Clarity of Rules (3 items)
- Respect for Diversity (3 items)
- Racial/Ethnic Conflict (2 items)
- Quality of Facilities (3 items)
- College & Career Support (3 items)

Også her ser vi samanfall med fleire spørsmål og indeksar i Elevundersøkelsen, men også tema som der ikkje blir tekne opp.

For «Support for Social Emotional Learning» inngår følgande spørsmål:

- Does your school help students resolve conflicts with one another?
- Does your school teach students to understand how other students think and feel?
- Does your school teach students to feel responsible for how they act?
- Does your school teach students to care about each other/treat each other with respect?

¹⁰ <https://calschls.org/site/assets/files/1103/chks-es-2122-corein-school.pdf>

Spørsmåla viser tydeleg at CalSCHLS i større grad freistar å få tak i kva evne skulen har til å styrka affekthandteringa til elevane, enn det som er tilfelle med Elevundersøkelsen. Ein kan òg merka seg at CalSCHLS i desse spørsmåla (og fleire andre) spør generelt om skulen (og ikkje berre om kva lærarane gjer).

Ein av modulane i CalSCHLS går vidare og djupare på spørsmålet om «Social Emotional Learning», i tillegg til å ta opp andre spørsmål knytte til psykososial helse: modulen «Social Emotional Health». Denne modulen består av eit spørjeskjema med spørsmål om å vurdere 43 ulike utsegner. Også her har forskarar gjennom psykometri utvikla eit sett av indeksar. Vi gir her berre att indeksane utan å gå vidare inn på dei:

- Empathy
- Self-efficacy
- Self-awareness
- Persistence
- Emotional self-regulation
- Behavioral self-control
- Gratitude
- Zest
- Optimism

Eit fellestrekk ved alle utsegnene er at dei går på opplevinga og kjensla til elevane av ulike forhold, som til dømes «I feel bad when someone gets their feelings hurt».

Oppsummerande om undersøkingane i andre land

Fleire av undersøkingane i dei landa vi har sett på, tek opp aspekt ved læringsmiljøet som også Elevundersøkelsen tek føre seg. Trivselsundersøkelsen i Danmark viser samla sett størst likskapstrekk, både med kva undersøkinga spør om, og i spørsmålsformuleringane. I resten av landa ser vi tydeleg at ein ikkje berre ser på læringsmiljøet i tilknytning til opplevinga av trivsel og i samheng med undervisning og læring, men at ein tek opp spørsmål om helse og sosial og emosjonell oppleving, både i og utanfor skulen. Desse undersøkingane ber i stor grad preg av å ha teke inn dimensjonar som både den offentlege debatten og forkinga har vore opptekne av dei seinare åra: mangfaldsproblematikk og spørsmål knytte til psykisk helse.

6. Datahandtering og bruk av undersøkingane

I det følgande gir vi ei oppsummerande skildring av korleis dei ulike undersøkingane gjer resultatata tilgjengelege, og korleis dei er finansierte. Vi beskriv også kva brukargrupper undersøkingane er retta mot.

Undersøkingane i Noreg

Av dei åtte undersøkingane og Elevundersøkelsen som vi har gått inn på i denne rapporten, er det berre Elevundersøkelsen som både gir nasjonalt representative resultat og samtidig resultat på skulenivå (og for skulane på eit endå meir detaljert nivå). Ungdata gir resultat på kommunenivå, men ikkje årleg for alle kommunane slik Elevundersøkelsen gjer.

Klassetrivsel skil seg ut ved å gi resultat på skulenivå (som Elevundersøkelsen), men også på eit meir detaljert nivå per skule enn Elevundersøkelsen, då Klassetrivsel også gir skulane data på elevnivå. Kommunane kan også få resultat på skulenivå gjennom Klassetrivsel. Vidare skil Klassetrivsel seg frå resten av undersøkingane ved at ho er den einaste undersøkinga som skulane eller kommunane sjølve må betala for.

Dei internasjonale undersøkingane skil seg ut ved at rådataa frå undersøkingane er ope tilgjengelege og kan lastast ned i ulike dataformat. Rådata frå Ungdata-undersøkinga er tilgjengelege gjennom søknad til NSD. Data frå Elevundersøkelsen er òg ope tilgjengelege og kan òg lastast ned, men berre i form av aggregerte skuledata. Ein kan søke om tilgang til data frå Elevundersøkelsen på individnivå til bruk i forskingssamanheng.

Alle undersøkingane er finansierte eller medfinansierte av norske myndigheiter. Som nemnt er Klassetrivsel eit unntak, der skulane eller kommunane sjølve må betala for bruk. Vi har ikkje klart å få eit oversyn over bruken av Klassetrivsel. Ifølge nettstaden til Klassetrivsel er det 1600 skular i Danmark og Noreg som nyttar seg av verktøyet. Vi har også gjennom samtalar med skuleleiarar i Noreg høyrte om bruk i fleire kommunar, mellom dei store kommunar som Bergen og Trondheim. Trondheim kommune skal ha kjøpt inn verktøyet for bruk i alle skulane til kommunen.

I tabellen nedanfor har vi oppsummert informasjonen om tilgjengeleggjing av data og finansiering for dei ulike undersøkingane.

Tabell 3: Datagrunnlag og tilgang til data for undersøkingar i Noreg

	Representative resultat på nasjonalt nivå	Resultat på skulenivå	Resultat innafor skulane	Resultat på individnivå	Open tilgang til rådata	Finansiering/medfinansiering frå myndigheitene
Elevundersøkelsen	Ja	Ja	For skulane	Nei	Berre aggregerte skuledata	Utdanningsdirektoratet
TIMSS, PISA og ICCs	Ja	Nei	Nei	Nei	Ja	Utdanningsdirektoratet
Barn og medier	Ikkje dokumentert	Nei	Nei	Nei	Nei	Ei rekke departement
Klassetrivsel	Nei	For skulane	For skulane	For lærarane	Nei	Kommune/skule
Ungdata	Ja	Nei	Nei	Nei	Ja	Helsedirektoratet
HBCS	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Helsedirektoratet
EU Kids Online	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Justis- og beredskapsdepartementet

Undersøkingane i andre land

Alle undersøkingane vi har sett på, blir brukte til å gi eit bilde på utviklinga av læringsmiljøet på nasjonalt nivå eller delstatsnivå. Det er berre Trivselsundersøkelsen i Danmark som årleg samlar inn data frå alle skulane. Skuleinspeksjonen (Schulinspektion) i Berlin blir berre gjennomført i eit utval skular årleg, og WEC i Sør-Australia og CalSCHLS får inn data frå i overkant av 50 prosent av skulane. Men desse dataa blir brukte til å laga delstatsrapportar som omhandlar tilstanden til og utviklinga av læringsmiljøet i delstatane.

Av dei undersøkingane i Danmark, Tyskland, Australia og USA som vi har undersøkt, er det berre Trivselsundersøkelsen i Danmark som gir ein open tilgang til resultat på skulenivå. Rapportane frå skuleinspeksjonen i Berlin blir òg publisert offentleg på skulenivå, men desse rapportane er eit resultat av eit omfattande arbeid der aktørane til skulen medverkar i diskusjonen av resultatata. CalSCHLS gir berre resultat offentleg på distriktsnivå. Distrikta har tilgang til data på skulenivå frå skulane i distriktet, og skulane kan få tilgang til data på klassenivå dersom svardelen hos elevane er høg nok til å sikra anonymisering.

Skuleinspeksjonen i Berlin skil seg ut ved at offentleggjeringa av resultatata frå undersøkinga skjer gjennom ein prosess i skulen, der det er medverknad frå representantar frå alle aktørane til skulen, leiinga, tilsette, elevar og også representantar frå dei føresette. Det er medverknad både i planlegginga av undersøkinga og i tolkinga av resultatata. Skulerapportane inneheld berre aggregerte data, medan skulen sjølv har dei detaljerte dataa til rådvelde.

Resten av undersøkingane har ikkje ein slik prosess rundt analyse av resultatata, men gir i ulik grad rettleiingsmateriell til skulane som hjelp i analysen. Både WEC og CalSCHLS har omfattande rettleiingsmateriale til skulane. CalSCHLS tilbyr i tillegg skulane og distrikta analysehjelp mot betaling. Ingen av undersøkingane gir tilgang til data på individnivå, og det er sett grenser for tilstrekkeleg antal svar for at dataa kan gjerast tilgjengelege.

Det er òg forskjell mellom undersøkingane i kor stor grad det er lagt til rette for eigen analyse av dataa. CalSCHLS skil seg her ut ved at ein i brukargrensesnittet til dataa for skulane kan analysere dataa mot sosioøkonomiske bakgrunnsvariablar. Trivselsundersøkelsen gir, som Elevundersøkelsen, berre moglegheiter til å analysere data med kjønn som uavhengig variabel.

Alle undersøkingane er offentleg finansierte. CalSCHLS skil seg ut ved at brukarane av undersøkinga må betala for å gjennomføra ho. Brukarane må òg betala for ekstra tryggleik eller oppfølging av undersøkinga.

I tabellen nedanfor har vi gitt eit systematisk oversyn over kva type data dei utvalde undersøkingane gir, og korleis tilgangen til dataa er lagd opp.


Tabell 4: Datagrunnlag og resultat frå utvalde undersøkingar i andre land

	Land/delstat	Obligatorisk	Representative resultat på nasjonalt nivå / delstatsnivå (offentleg)	Resultat på skulenivå (offentleg)	Til bruk for skular og lokale myndigheiter (ikkje offentleg)	Finansiering	Støtte til analyse
Trivselsundersøkelsen	Danmark	Ja	Ja	Ja	Klassenivå	Nasjonale myndigheiter	Nei
Schulinspektion	Berlin	Ja	Nei	Ja	Klassenivå	Delstatsmyndigheit	Ja
ISQ	Berlin, men også andre delstatar	Nei	Nei	Ja	Klassenivå	Delstatsmyndigheit	Nei
WEC	Sør-Australia	Nei	Over 50 prosent deltaking		Trinnivå	Delstatsmyndigheit	Informasjonsmaterieill
California School Climate Survey (CalSCHLS)	California	Nei	Ca. 50 prosent deltaking	Ja	På trinn og med moglegheiter for analyse av bakgrunnsvariablar	Skulane/-kommunane	Ja, blir dekt av brukarane

California med CalSCHLS skil seg ut ved å ha ei systematisk kartlegging og eit system for å gjennomføra undersøkingar av læringsmiljøet til elevar frå heilt tilbake til 1990-talet. CalSCHLS skil seg òg ut ved at undersøkingane er utvikla i tett samarbeid med forskingsmiljø, både når det gjeld utforminga av skjema og i den psykometriske testinga av undersøkingane. CalSCHLS har eit gradert prinsipp for offentleggjering, der resultatata berre blir offentleggjorde på distriktsnivå. På lågare nivå – skule og elev – er dataa berre tilgjengelege for brukarane. Distrikta og skulane kan få eigne rapportar med data på skulenivå, såkalla «School Climate Report Cards».


Eit anna område der CalSCHLS skil seg ut, er den moglegheita brukargrensesnitta gir til analyse rundt bakgrunnsvariablar. I figuren nedanfor er eit bilde av resultatata på distriktsnivå (vi har valt Los Angeles), der vi har valt analysekategorien «Parental Education».

Figur 3: Skjermbilete av CalSCHLS' «Public Dashboard» (frå <https://calschls.org/reports-data/public-dashboards/secondary-student/>)



På brukargrensesnitta for distrikta og skulane er det ytterlegare analysemoglegheiter enn dei som ligg i den offentlege portalen på distriktsnivå. Figuren nedanfor viser eit skjermbilete frå introduksjonsvideoen for brukarane av CalSCHLS' Dashboard.¹¹

Figur 4: Skjermbilete frå introduksjonsvideoen for brukarane av CalSCHLS' Dashboard



¹¹ Sjå informasjonsvideoen om «Dashboard» for brukarane: <https://calschls.org/videos/412502180/>

7. Innhald og datahandtering – forskjellar og likskaper

Læringsmiljø?

Vi innleia med å peika på ein svak omgrepsvaliditet til omgrepet *læringsmiljø*, i alle fall dersom ein tek høgde for internasjonal forskning. Dei fleste undersøkingane som blir gjennomførte i Noreg, rører berre delvis ved det ein kan leggja i omgrepet *læringsmiljø* slik det blir kartlagt gjennom Elevundersøkelsen. Det er ei rekke andre forhold som blir kartlagde, alt frå helse og livsmeistring til bruk av og haldningar til internett og media. Men også i dei andre landa vi har sett på, blir det undersøkt fleire forhold enn det som Elevundersøkelsen kartlegg. CalSCHLS, som altså er eit verktøy for å måla «School Climate», tek opp ei rekke andre forhold rundt eleven enn det Elevundersøkelsen gjer. Det gjeld også dei undersøkingane som blir gjorde gjennom skuleinspeksjonen i Berlin, i Nationale Bildungspanel i Tyskland og ikkje minst gjennom National Quality System i Australia. Den siste har rett nok eit langt breiare formål enn å seia noko om læringsmiljøet, men også i spørsmål om læringsmiljøet blir det trekt inn andre forhold enn det som blir dekt gjennom Elevundersøkelsen. Frå forskingshald ser vi at ei undersøking av elevane sin «self-efficacy» blir rekna som viktig, og at det er utvikla relativt robuste måleinstrument for å måla denne.

Samanlikna med dei undersøkingane vi har sett på, kan vi seia at Elevundersøkelsen har ei smal forståing av læringsmiljøet. Det avgrensar seg til eleven si oppleving av skulen og undervisninga der og relasjonar til heimen, lærarar og medelevar. Bakanforliggende forhold blir ikkje kartlagde, og det er avgrensa kva av den generelle livssituasjonen til eleven og sjølvopplevinga som blir fanga opp. Dei fleste andre undersøkingane vi har sett på, kan seiast å ha ei breiare oppfatning av læringsmiljøet. Spesielt tydeleg er søkelyset på eleven si sosiale og emosjonelle meistringsoppleving og kva skulen gjer for styrke ho. Denne vektlegginga finn vi i undersøkingar initiert av myndigheitene i enkelte land og i dei verktøya som myndigheitene der har utvikla. Vi finn det i internasjonale undersøkingar som PISA. OECD verkar som ei drivkraft for dette temaet nettopp gjennom arbeidet med «21st Century Skills» og ved å leggja opp til kartleggingar av «Social and Emotional Skills» (Kankaraš og Suarez-Alvarez 2019). OECD sine definisjonar av «21st Century Skills» ligg også som eit bakteppe til forarbeida til fagfornyninga (NOU 2014:7 2014). Dette er altså forhold som fleire undersøkingar tek opp, men som er eit område som ligg utanfor Elevundersøkelsen.

Elevundersøkelsen er smal i den forstand at undersøkinga i hovudsak spør eleven om konkrete forhold ved læringsmiljøet. Han undersøker i lita grad opplevinga til elevane av kva skulen gjer, bortsett frå når det er spørsmål om sjøve undervisninga og i samband med mobbing. Til dømes blir det berre undersøkt grada av mobbing og kva skulen gjer dersom mobbing oppstår, men ikkje opplevinga av kva skulen eventuelt gjer for å skapa eit læringsmiljø som tek tak i mobbing eller forhindrar at mobbing oppstår.

Accountability eller development?

Dersom vi avgrensar oss til dei undersøkingane som er sette i verk av nasjonale myndigheiter, som Elevundersøkelsen i Noreg er, ser vi at det tosidige målet som vi har omtalt innleiingsvis – undersøkingar for «accountability» eller «development» – er til stades i alle landa, men i

ulik grad. Det er ei forskyving mot at myndigheitene heller opplever rolla si som tilretteleggar enn som tilsynsmyndigheit. Både i Australia og USA ser vi at sentrale myndigheiter, etter at målet med kartleggingar og undersøkingar tidlegare var «accountability», i større grad har bidrege med å tilby hjelpemiddel for at skular og lokale myndigheiter kan undersøka læringsmiljøet. Både i delstaten Berlin i Tyskland og i Australia skjer undersøkingane i skulen og med hjelp av skulen og med eksterne fagpersonar involvert.

Elevundersøkelsen og Trivselsundersøkelsen i Danmark er dei einaste undersøkingane vi har sett på som er fullskala-undersøkingar. Slik sett gir dei eit godt datagrunnlag for å seia noko om læringsmiljøet på ulike nivå. Dei internasjonale undersøkingane kan gi eit godt grunnlag på nasjonalt nivå, og både PISA, TIMSS og ICCs har gode prosedyrar for å sikra representativitet. Men sjølv der ein ikkje har fullskala-undersøkingar eller prosedyrar for å sikra representativitet, ser vi at undersøkingar blir brukte til å seia noko om utviklinga på nasjonalt nivå eller delstatsnivå, slik tilfellet er både i Berlin, California og Sør-Australia. Å seia noko generelt om utviklingstrekk og tilstand på eit nivå der dataa ikkje nødvendigvis er representative, krev ein grundigare analyse. Resultata på delstatsnivå blir derfor ikkje presenterte i form av resultat, men gjennom rapportar der resultata har vore brukte i analysar.

Av dei undersøkingane vi har sett på i andre land, er det berre Danmark (gjennom Trivselsverktøyet) og Australia (med National Quality Standard) som har offentlege data om læringsmiljøet på skulenivå for alle skulane. I Berlin blir det offentleggjort rapportar frå skuleinspeksjonen (som skulane er pålagde å delta i dersom dei blir valde til det), og i California blir det offentleggjort data på distriktsnivå frå distrikta som frivillig deltar, men ikkje data på skulenivå.

Elevundersøkelsen er den einaste undersøkinga i Noreg som årleg undersøker læringsmiljøet til elevane for alle skulane i landet, og som gjer resultatet frå undersøkinga tilgjengeleg offentleg på skulenivå. Trivselsundersøkelsen i Danmark er her lik Elevundersøkelsen, og kravet til skulane om årleg å gjennomføra undersøkinga, er lovforankra i Danmark slik Elevundersøkelsen er i Noreg.

Ein annan forskjell er at i enkelte land eller delstatar skjer også analysen av dataa med rettleiing frå myndigheitene. Gjennom NQS i Australia er det ein omfattande prosess for å koma fram til ei vurdering av kvaliteten på skulen som skjer gjennom både skulen sitt eige bidrag og inspeksjonen til myndigheitene. Det same er tilfelle i Berlin, og begge stader er dei resultata som kjem ut av undersøkinga og vurderinga av skulen, eit resultat av ein prosess. I California, der skulane og distrikta sjølve må finansiera sjølve undersøkinga, tilbyr myndigheitene analysehjelp i form av seminar og hjelp frå ressurspersonar.

Samanlikna med måten data blir handterte på i andre land, verkar Elevundersøkelsen open. At undersøkingane i andre land berre genererer data til bruk i skulen, og at dei berre offentleggjer aggregerte tal på dei fleste dataa, kjem mellom anna av at fleire av dei undersøkingane som blir gjennomførte, spør om personidentifiserande forhold. I Danmark har det også vore ein diskusjon om kor trygt systemet for handtering av data er, og dei dataa som blir offentleggjorde der, er mindre detaljerte enn kva ein kan få gjennom Elevundersøkelsen.

Klassetrivsel er eit verktøy som primært er utvikla med tanke på å hjelpe skulane i arbeidet deira med læringsmiljøet. Det har likevel òg ein «accountability»-dimensjon ved at kommunane kan få oversyn over resultata på skulenivå, og at skuleleiinga kan få det klassenivå. Det viktigaste elementet i Klassetrivsel, slik vi ser det, er at undersøkinga gir

moglegheiter til å undersøka relasjonar mellom elevar på elevnivå. Ved at elevane kan namngi andre elevar gjennom deltaking i undersøkinga, og ved at dei sjølve ikkje er anonyme, er det eit spørsmål om Klassetrivsel varetek krava til handtering av personvernopplysningar. Gjennom ei tolking av eit vedtak i Datatilsynet om ei anna type undersøking gjer Klassetrivsel sjølv greie for at handteringa av personopplysningar ikkje er i strid med lovverket. Sosiogrammet, som kjem fram gjennom Klassetrivsel, har uansett primært ei betydning for arbeidet med elevrelasjonar i skulen.

Kvaliteten på og bruken av undersøkingane

Dei internasjonale undersøkingane som blir gjennomførte i Noreg, har eit solid grunnlag for spørjeskjemaa som blir brukte, både teoretisk og psykometrisk. Det følger med omfattande tekniske rapportar som gjer greie for indeksar og spørsmål. Undersøkingane som blir gjennomførte i Tyskland og USA, er også baserte på forskingsmessige vurderingar og psykometriske undersøkingar. Der er det forskingsmiljø som lagar skjemaa og står for analysen. Det lét seg dermed gjera å undersøka kvaliteten på dei målingane som undersøkingane presenterer resultat frå. Spesielt er konfirmerande faktoranalysar mykje brukte for å grunngi konstruksjonen av indeksar. Dette er tydeleg både for CalSCHLS (Mahecha og Hanson 2020) og for Trivselsverktøyet (Ministeriet for børn 2020).

I Tyskland blir det stilt spørsmål om kor godt undersøkingane av læringsmiljø tek høgde for kunnskap frå utdanningsforskninga (Qualitätskommission zur Schulqualität in Berlin 2020). Spørsmålet går i hovudsak på om undersøkingane i tilstrekkeleg grad tek høgde for det ein frå forskingsfeltet kan knyte til betydning for utviklinga og læringa til elevane. Slik vi ser det, har både dei internasjonale undersøkingane og undersøkingane i Sør-Australia og California ei god forskingsforankring. Det kjem mellom anna til uttrykk ved at dei har teke inn i seg spørsmål om ikkje berre læringsmiljøet, men også bidraget skulen har i utviklinga av eleven sine psykososiale evner.

Dette spørsmålet går på kva dimensjonar undersøkingar bør ha søkelys på, og korleis ein skal kunna måla dei. Men kva med forskning som seier noko om bruken av denne typen undersøkingar? Vi har ikkje gjort ein systematisk litteraturgjennomgang med tanke på å finna omfanget av denne typen forskning. Søk i forskingsdatabasar tyder likevel på at han er mangelfull. Dette gjeld forskning på bruk av undersøkingane for både «accountability» og «development». Eit visst unntak gjeld bruken av dei internasjonale undersøkingane, som PISA (Seppänen et al. 2019), men heller ikkje her er det mykje forskning å finna.

Forskinga som er retta mot bruken i Noreg, er ikkje omfattande og er retta mot bruken i skulane og kommunane. Resultatet frå denne forskinga, som vi har nemnt ovanfor, viser i hovudsak at det er stor variasjon i bruken i skulane og på kommunenivå (Lyng et al. 2021, Prøitz, Mausethagen og Skedsmo 2021, Ekspertgruppe for skolebidrag 2021, Grindheim et al. 2014, Caspersen et al. 2017).

Dersom tala på bruken av Klassetrivsel frå Klassetrivsel sjølv er riktige – og samtalanane våre med skuleleiarar i Noreg kan indikera at dei er det – synest verken Elevundersøkelsen eller nokon av dei andre undersøkingane i Noreg å vera eit tilstrekkeleg verktøy for å utvikla læringsmiljøet i skulen. Den norske forskinga peikar i tillegg på at det i enkelte skular er vanskeleg å få lærarar til å forhalda seg til og bruka dei dataa som Elevundersøkelsen gir

(Lyng et al. 2021, Prøitz, Mausethagen og Skedsmo 2021, Ekspertgruppe for skolebidrag 2021).

Folkehelseinstituttet (FHI) har på oppdrag for Helsedirektoratet gjort ein gjennomgang av «aktuelle undersøkelser og fagmiljøer som er relevante for å få bedre oversikt over faktorer som påvirker barn og unges psykiske helse og livskvalitet, samt en vurdering av nytten av disse» (Folkehelseinstituttet 2020, 1). FHI har vurdert både Elevundersøkelsen og Ungdata-undersøkinga, i tillegg til ei rekke andre undersøkingar. FHI foreslår å laga ein felles plan for korleis høvesvis Ungdata, HEVAS, Elevundersøkelsen og ESPAD blir gjennomførte.

Vidare meiner FHI det er viktig å styrka kunnskapen om den psykiske helsa til ungdom, og foreslår derfor å utvida seksjonane om psykisk helse i Ungdata-undersøkinga. Slik sett blir noko av det vi har sett undersøkingar av i andre land om læringsmiljøet, adressert i Ungdata-undersøkinga og ikkje Elevundersøkelsen.

FHI er svært opptekne av at dataa skal vera representative, og at ein er sikra god deltaking i undersøkingane. Forslaget om felles plan er mellom anna forankra i dette ønsket. Vidare ønsker FHI å styrka moglegheitene for analyse av resultat, og dei foreslår derfor å gjera dataa i Ungdata-undersøkinga personidentifiserbare. Samstundes peikar FHI på at dette vil stilla strengare krav til handteringa av personopplysningar, og at det igjen kan svekka deltakinga. Slik vi ser det, er dette ønsket primært grunngitt med at det vil gi betre vilkår for forskning og rapportering. Ei slik gjennomføring av undersøkingane vil ikkje nødvendigvis vera til hjelp for utviklingsarbeidet i skulen. Vi har likevel sett at undersøkingar internasjonalt, spesielt i California, må antakast å ha gode data òg om forhold som gjeld psykisk helse, og undersøkinga der gir data som skulane og kommunane sjølve kan dra nytte av.

8. Konklusjon og oppmodingar

Innhaldet i undersøkinga

Vi har sett at både forskingsbaserte undersøkingar og undersøkingar som blir gjennomførte i Noreg og andre land, har samanfall med Elevundersøkelsen i dei fenomena og forholda ved læringsmiljøet til eleven som ein søker å måla. Det mest slående er likevel forskjellane. Spesielt tydeleg er den vektlegginga av helse og psykososiale forhold som andre undersøkingar har. Fleire undersøkingar som er designa for skulane med tanke på å både få oversyn (accountability) og gi støtte til utvikling (development), har eigne spørsmålsbatteri eller eigne modular som tek opp «Social and Emotional Learning». Endå ein forskjell er fleire av dei andre undersøkingane freistar å måla i kva grad skulen bidreg til elevane si sosiale og psykiske utvikling. Vi kan seie at desse undersøkingane i større grad er forankra i eit læringssyn der ein forstår læring ikkje berre som ein kognitiv prosess, men òg som ein sosial og emosjonell prosess (Dahl 2021, OECD 2015, Kankaraš, Feron og Renbarger 2019, Dahl og Østern 2019). Sist, men ikkje minst, og spesielt framheva i dei forskingsbaserte undersøkingane, kjem behovet for å få kunnskap om både bakgrunnen til elevane og korleis skulen handterer forskjellar og mangfald. «Diversity» er ein dimensjon som blir behandla i fleire undersøkingar.

Vi anbefaler, for ei vidare utvikling av verktøy for å undersøka læringsmiljøet til elevane, å undersøka nærare spørsmålsformuleringar og spørsmålstypar i PISA-undersøkinga, Wellbeing and Engagement Collection (WEC) i Sør-Australia og CalSCHLS i California. Vi anbefaler vidare at det blir gjort psykometriske analysar og pilotering av ei eventuell ny undersøking.

Folkehelseinstituttets oppmoding om ein felles plan for gjennomføringa av mellom anna Ungdata-undersøkinga og Elevundersøkelsen bør vurderast. Det kan vera at dei dimensjonane som vi har omtalt ovanfor, og som ikkje er varetekne gjennom Elevundersøkelsen (og heller ikkje i tilstrekkeleg grad i Ungdata-undersøkinga, ifølge Folkehelseinstituttet), bør varetakast gjennom ei arbeidsdeling mellom dei to undersøkingane. Men det reiser igjen spørsmålet om formålet: Kva skal undersøkingane brukast til?

Bruk av undersøkingane

Dei internasjonale undersøkingane i Noreg gir eit representativ bilde på situasjon for norske elevar, avgrensa til dei klassetrinna og nivåa dei hentar data frå. Med PISA si meir omfattande undersøking av læringsmiljøet får ein også resultat om læringsmiljøet på nasjonalt nivå. Land som Finland, som ikkje har eigne nasjonale undersøkingar av læringsmiljøet, kan lene seg på PISA-undersøkinga for å få eit bilde av situasjonen i sitt eige land (Lavonen og Laaksonen 2009). Også i andre land, både i dei landa vi har sett på her i denne rapporten, og i andre land, ser vi at PISA-resultata eller resultatata frå andre internasjonale undersøkingar blir brukte.

Elevundersøkelsen er, så langt vi har sett det, saman med den danske Trivselsundersøkelsen, unik ved at det blir generert eit nasjonalt mål på læringsmiljøet basert på resultat frå alle skular og for fleire trinn, og at resultatata blir gjorde offentleg tilgjengelege. Vi har likevel sett at andre land, som ikkje har det same datagrunnlaget, likevel kan danne seg eit bilde av

læringsmiljøet på nasjonalt nivå eller delstatsnivå. Dette blir då gjort gjennom ikkje berre å presentera resultat, men gjennom ein analyse av det tilgjengelege datagrunnlaget. Elevundersøkelsen er framleis forankra i Søggen-utvalet sin idé om nasjonale kvalitetsindikatorar. Det lét seg likevel gjera å få eit bilde av læringsmiljøet generelt i skulen utan at det blir aggregert data frå alle skular.

Det er ein bevegelse, spesielt tydeleg i USA, frå at undersøkingane var verktøy for kartlegging av læringsmiljøet, til at dei i større grad skal vera hjelpemiddel for skular og kommunar for å utvikla læringsmiljøet i skulen. Data på skulenivå blir gjorde tilgjengelege for kommunar og skular, og i både Berlin, Australia og California er det ulike hjelpemiddel og rettleiingar for å hjelpa skular og kommunar i analysen av resultatata frå spørjeundersøkingar. I Noreg er det analysehjelp å få gjennom ulike statlege satsingar, som Oppfølgingsordningen og fleire av dei nasjonale kompetansesatsingane. Men denne hjelpa er ikkje kopla opp til Elevundersøkelsen som system. I andre land følger kompetansen og rettleiinga med sjølve undersøkinga. Sidan det som er gjort av forskning på bruk av Elevundersøkelsen i norsk skule, peikar på både stor variasjon i bruken av undersøkinga og på manglande forståing av korleis ho kan brukast, er det eit spørsmål om ein ikkje bør tenka på Elevundersøkelsen som eit ledd i utviklingsarbeidet i skulen og designa hjelpemiddel og rettleiing for skulane og bruken til kommunane av undersøkinga.

Dette kan innebera at ein differensierer arbeidet med å undersøka læringsmiljøet, slik vi ser er tilfellet både i Berlin, Australia og California. Oversyna over situasjonen på nasjonalt nivå eller delstatsnivå kjem fram gjennom analysar og blir presenterte i rapportar, medan brukarane på lågare nivå får direkte tilgang til resultat for eigen analyse.

Klassetrivsel er eit system som mange skular og kommunar nyttar seg av, nettopp for å få resultat om læringsmiljøet heilt ned på elevnivå. Systemet undersøker på dei fleste område dei same områda som Elevundersøkelsen måler. Dette peikar på at Elevundersøkelsen ikkje blir opplevd som eit godt nok verktøy for skulen og lærarane sitt utviklingsarbeid. Vi har ikkje undersøkt om systema i andre land fungerer som gode verktøy for skulane og kommunane. Men vi ser at dei systema som myndigheitene har utvikla – i samarbeid med forskingsmiljø, noko som ikkje er tilfelle med Klassetrivsel – blir brukte av skulane og kommunane, sjølv om bruken er frivillig. Både i Sør-Australia og California er systema som er utvikla av delstatsmyndigheitene, i bruk av over 50 prosent av skulane. I California må skulane i tillegg betala for bruken, men likevel er det over 50 prosent som nyttar seg av verktøyet. Når norske skular betaler for å bruka Klassetrivsel, indikerer det skulane vil ta i bruk undersøkingar òg dersom dei er frivillige. Er det at Elevundersøkelsen fleire stader ikkje blir brukt i utviklingsarbeid, eit resultat av at undersøkinga har vorte eit pliktløp?

Vi meiner derfor det bør vurderast ei differensiering av undersøkingar av læringsmiljøet til elevar etter dei to formåla vi har skissert ovanfor: «accountability» og utviklingsarbeid. Bør ein utvikla Elevundersøkelsen til å vera eit forskingsbasert verktøy til stønad for utviklingsarbeidet til skulane og kommunane, og vareta behovet for oversyn på nasjonalt nivå gjennom analyse av ulike datakjelder, slik vi har sett at det blir gjort i andre land? Behovet for å ha kunnskap om læringsmiljøet på nasjonalt nivå kan varetakast gjennom analyse av ulike datakjelder, der dei resultatata som kjem fram gjennom Elevundersøkelsen, vil vera éi datakjelde.

9. Referansar

- Aldridge, Jill M. og Siobhan Galos. 2017. "Development and Validation of an Instrument to Assess Primary School Students' Perceptions of the Learning Environment." *Learning Environments Research* 21 (3):349-368. doi: 10.1007/s10984-017-9248-7.
- Anderson, Gary J og Herbert J Walberg. 1967. *Classroom Climate and Group Learning*. Cambridge, MA: Harvard University.
- Australian Children's Education and Care Quality Authority. 2020. *The Guide to the National Quality Framework (NQF)*.
- Bandura, Albert. 1986. *Social Foundations of Thought and Action: A Social Cognitive Theory*. Englewood Cliffs, NJ: Prentice-Hall, Inc.
- . 1997. *Self-efficacy: the exercise of control*. New York: W.H. Freeman.
- Blömeke, Sigrid og Rolf Vegar Olsen. 2018. "På vei mot et sammenhengende nasjonalt kvalitetsvurderingssystem." *Acta Didactica Norge* 12 (4). doi: 10.5617/adno.6278.
- Bradshaw, Jonathan, Petra Hoelscher og Dominic Richardson. 2006. *Comparing Child Well-Being in OECD countries: Concepts and methods*. Firenze: UNICEF Innocenti Research Centre.
- Braun, D. og M. Benninghoff. 2003. "Policy learning in Swiss research policy - The case of the National Centres of Competence in Research." *Research Policy* 32 (10):1849-1863.
- Brix, Jacob. 2017. "Exploring knowledge creation processes as a source of organizational learning: A longitudinal case study of a public innovation project." *Scandinavian Journal of Management* 33 (2):113-127. doi: 10.1016/j.scaman.2017.05.001.
- Caspersen, Joakim, Melina Røe, Britt Karin Utvær og Christan Wendelborg. 2017. *Utdanningsdirektoratets brukerundersøkelser. Et verktøy for kvalitetsutviling i grunnskolen?* Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- Cavanagh, Robert F og Russell F Waugh. 2011. *Applications of rasch measurement in learning environments research*. Vol. 2: Springer Science & Business Media.
- Cox, D.R. og Bradley Efron. 2017. "Statistical thinking for 21st century scientists." *Science Advance* (3).
- Dahl, Thomas. 2021. "Hjernen er ikke alene - all læring er kroppslig." I *Kroppslig læring - perspektiver og praksiser*, redigert av Tone Pernille Østern, Øyvind Bjerke, Gunn Helene Engelsrud og Anne Grut Sørum, 31-43. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dahl, Thomas og Tone Pernille Østern. 2019. "Læring uten kropp - fagfornyelsens kognitivistiske slagside." *Bedre skole* (3).
- Department of Education South Australia. 2021. "About the wellbeing and engagement collection." <https://www.education.sa.gov.au/department/research-and-statistics/statistics-and-data/wellbeing-and-engagement-collection-survey/about-wellbeing-and-engagement-collection>.
- Efron, Bradley og Trevor Hastie. 2016. *Computer age statistical inference*. New York: Cambridge University Press.
- Ekspertgruppe for skolebidrag. 2021. *En skole for vår tid. Sluttrapport Ekspertgruppe for skolebidrag*. Oslo.
- Ekspertgruppen om elevers trivsel i folkeskolen. 2014a. "Anbefalinger fra ekspertgruppen om elevers trivsel i folkeskolen i relation til nationale trivselsmålinger." <https://www.uvm.dk/-/media/filer/uvm/aktuelt/pdf09/140520-ekspertgruppens-foerste-afrapportering.pdf>.
- . 2014b. "Ekspertgruppens endelige anbefalinger." <https://www.uvm.dk/-/media/filer/uvm/aktuelt/pdf09/140620-ekspertgruppe-trivselsmaaling.pdf>

- . 2014c. Endelige anbefalinger fra ekspertgruppen om elevers trivsel i folkeskolen i relation til nationale trivselsmålinger. <https://www.uvm.dk/folkeskolen/laering-og-laeringsmiljoe/trivsel-og-undervisningsmiljoe/ekspertgruppen-om-elevernes-trivsel>.
- Fisher, Darrell L. og Barry J. Fraser. 1983. "Validity and Use of the Classroom Environment Scale." *Educational Evaluation and Policy Analysis* 5 (3):261-271. doi: 10.2307/1164125.
- Fisher, Kenn. 2005. "Research into identifying effective learning environments." Paris: OECD.
- Folkehelseinstituttet. 2020. Psykisk helse hos barn og unge: Nasjonal samordning og ny kunnskap. Notat til Helse- og omsorgsdepartementet 1. juli 2020. Oslo: Folkehelseinstituttet.
- Fraser, Barry. 2019. "Milestones in the evolution of learning environment field over the past three decades." I *Thirty Years of Learning Environments: Looking Back and Looking Forward*, redigert av David B Zandvliet og Barry Fraser. Leiden: Brill.
- Galos, Siobhan og Jill M. Aldridge. 2020. "Relationships between learning environments and self-efficacy in primary schools and differing perceptions of at-risk students." *Learning Environments Research*. doi: 10.1007/s10984-020-09323-0.
- Govorova, Elena, Isabel Benítez og José Muñoz. 2020. "How schools affect student well-being: a cross-cultural approach in 35 OECD countries." *Frontiers in psychology* 11:431.
- Grindheim, Jan Erik, Linn Synnøve Skutlaberg, Asle Høgestøl, Ingeborg Rasmussen og Vibeke Wøien Hansen. 2014. *Rapporterings- og dokumentasjonskrav i skolesektoren*. Berggen: ideas2evidence & Vista Analyse.
- Hanushek, Eric Alan. 1968. "The Education of Negroes and Whites." Department of Economics, Massachusetts Institute of Technology. Cambridge, MA: MIT.
- Kankaraš, Miloš, Eva Feron og Rachel Renbarger. 2019. "Assessing students' social and emotional skills through triangulation of assessment methods." *OECD Education Working Paper No. 208*.
- Kankaraš, Miloš og Javier Suarez-Alvarez. 2019. "Assessment Framework of the OECD Study on Social and Emotional Skills." *OECD Education Working Paper No. 207*.
- Kostyo, Stephen, Jessica Cardichon og Linda Darling-Hammond. 2018. "Making ESSA's Equity Promise Real: State Strategies to Close the Opportunity Gap. A Follow-Up Report to" Advancing Equity for Underserved Youth". *Learning Policy Institute*.
- Kozina, Ana og Mojca Štraus. 2017. "Relationship between academic achievement as measured in the PISA study and wellbeing indicators: Preliminary findings." *Solsko Polje* 28 (5/6):185-212.
- Kuhn, Lisa, Sally Bradshaw, Angela Donkin, Lydia Fletcher, Jose Liht og Rebecca Wheeler. 2021. "PISA 2018 Additional Analyses: What Does PISA Tell Us about the Wellbeing of 15-Year-Olds? Report." *National Foundation for Educational Research*.
- Lavonen, Jari og Seppo Laaksonen. 2009. "Context of teaching and learning school science in Finland: Reflections on PISA 2006 results." *Journal of Research in Science Teaching: The Official Journal of the National Association for Research in Science Teaching* 46 (8):922-944.
- Leithwood, Kenneth. 2001. "School leadership in the context of accountability policies." *International Journal of Leadership in Education* 4 (3):217-235. doi: 10.1080/13603120110057082.
- Lim, Ching-Tse Donna og Barry J Fraser. 2018. "Learning environments research in English classrooms." *Learning Environments Research* 21 (3):433-449.
- Lyng, Selma Therese, Elin Borg, Knut Fossetøl, Eirin Pedersen, Hege Hermansen, Hedvig Skonhoft Johannesen, Leif Christian Lahn, Sølvi Mausestagen og Trine Myrvold.

2021. *Evaluering av ny kompetansemodell–desentraliserte ordninger for skole og yrkesfag samt oppfølgingsordningen Temanotat 1: Programteori, foreløpige funn og videre forskningsspørsmål*. Oslo: Arbeidsforskningsinstituttet AFI, OsloMet – storbyuniversitetet.
- Lægread, Per. 2014. *Accountability and new public management*. Oxford: Oxford University Press.
- Mahecha, Jorge og Thomas Hanson. 2020. *Measurement Structure of the California School Climate, Health, and Learning Surveys Student, Staff, and Parent Surveys. Prepared for the California Department of Education's School Health and Safety Office*. San Fransico, CA: WestEd.
- Ministeriet for børn, undervisning og ligestilling. 2020. *Metodenotat: Beregning af indikatorer i den nationale trivselsmåling i folkeskolen*. København.
- Moos, Rudolf H og Edison J Trickett. 1974. *Classroom Environment Scale: Manual*. Palo Alto, CA: Consulting Psychology Press.
- NOU 2003:16. *I første rekke: forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle*. Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.
- NOU 2014:7. 2014. *Elevenes læring i fremtidens skole. Et kunnskapsgrunnlag*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon.
- NOU: 2002:10. *Førsteklasses fra første klasse*. Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.
- OECD. 2015. *Skills for Social Progress. The Power of Social and Emotional Skills*. Paris: OECD Publishing.
- . 2017a. *PISA 2015 Results: Students' well-being (Volume III)*. Paris: OECD Publishing.
- . 2017b. *PISA 2015. Technical Report*. Paris: OECD Publishing
- . 2019a. *PISA 2018 Results (Volume III): What School Life Means for Students' Lives*. Paris: OECD Publishing.
- . 2019b. *TALIS 2018. Technical Report*. Paris: OECD Publishing.
- Olsen, Johan P. 2017. *Democratic Accountability and the Changing European Political Order. I Arena Working Paper 8/2017*. Oslo: ARENA Centre for European Studies, University of Oslo.
- Prøitz, Tine Sophie, Sølvi Mausethagen og Guri Skedsmo. 2021. "District Administrators' Governing Styles in the Enactment of Data-use Practices." *International journal of leadership in education* 24 (2):244-265. doi: 10.1080/13603124.2018.1562097.
- Qualitätskommission zur Schulqualität in Berlin. 2020. "Empfehlungen zur Steigerung der Qualität von Bildung und Unterricht in Berlin. Abschlussbericht der Expertenkommission." <https://www.ipn.uni-kiel.de/de/das-ipn/archiv/Abschlussbericht.6.10.final.pdf>.
- Rodríguez, Susana, Antonio Valle, Ludmila Martins Gironelli, Estefania Guerrero, Bibiana Regueiro og Iris Estévez. 2020. "Performance and Well-being of Native and Immigrant Students. Comparative Analysis based on PISA 2018." *Journal of Adolescence* 85:96-105.
- Sandvik, Lise Vikan, Gunnar Engvik, Henning Fjørtoft, Inger Dagrund Langseth, Bjørg Eva Aaslid, Siri Mordal og Trond Buland. 2012. *Vurdering i skolen. Intensjoner og forståelser. Delrapport 1 fra prosjektet «Forskning på individuell vurdering i skolen*. Trondheim: NTNU Skole og læringsforskning.
- Seppänen, Piia, Risto Rinne, Jaakko Kauko og Sonja Kosunen. 2019. "The Use of PISA Results in Education Policy-Making in Finland." *Understanding PISA's Attractiveness: Critical Analyses in Comparative Policy Studies*:137-160.

- Sherer, Mark, James E Maddux, Blaise Mercandante, Steven Prentice-Dunn, Beth Jacobs og Ronald W Rogers. 1982. "The Self-efficacy Scale: Construction and Validation." *Psychological Reports* 51 (2):663-671.
- Trickett, Edison J. og Donald M. Quinlan. 1979. "Three Domains of Classroom Environment: Factor Analysis of the Classroom Environment Scale." *American Journal of Community Psychology* 7 (3):279-291. doi: 10.1007/BF00890692.
- Utmo, Ida Fjærestad og Thomas Dahl. 2021a. *Undersøkelser som kartlegger læringsmiljø i norske skoler*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- . 2021b. *Undersøkingar av læringsmiljø i Sverige, Canada (Ontario) og Skottland*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- Walberg, Herbert J og Gary J Anderson. 1968. *Learning Environment Inventory (1967-68 Edition)*. Cambridge, MA: Harvard University.
- Wendelborg, Christian, Thomas Dahl, Melina Røe og Trond Buland. 2019. *Elevundersøkelsen 2019. Analyse av Utdanningsdirektoratets brukerundersøkelser*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- Zandvliet, David B og Barry Fraser. 2019. *Thirty Years of Learning Environments: Looking Back and Looking Forward*. Leiden: Brill.

VEDLEGG 1: Nærare skildring av dei ulike undersøkingane

Innhold

1. Undersøkingar som blir brukt i Noreg.....	2
Ungdata.....	2
HBSC/HEVAS	4
Klassetrivsel.....	6
Barn og Medier.....	8
PISA.....	9
TIMSS	12
ICCS	13
EU Kids Online	15
Oppsummerande om undersøkingar i Noreg.....	16
2. Undersøkingar i andre land.....	17
Danmark	17
Tyskland	19
Australia.....	22
USA	26
California.....	28
Oppsummerande om undersøkingane i andre land.....	32
3. Referansar	33

1. Undersøkingar som blir brukt i Noreg

Ungdata

Om undersøkinga

Ungdataundersøkinga er ei frivillig undersøking som vert tilbydd til kommunane i landet. Undersøkinga vart etablert i 2009 som eit samarbeid mellom forskingsinstituttet NOVA, KS og dei fire kompetansesentera for rus. Kommunane måtte i byrjinga sjølv betala for å få gjennomført undersøkinga. I 2013 gjekk Helsedirektoratet inn med finansiering og sidan har det vore gratis for kommunane å gjennomføra grunnmodulen i undersøkinga.

I tillegg til ein grunnmodul, som har vore meir eller mindre stabil sidan starten og som alle som gjennomfører undersøkinga forpliktar seg til å gjennomføra, kan kommunane både velja spørsmål frå tilleggsmodular og sjølv leggja inn spørsmål i undersøkinga. Utforming av eigne spørsmål vert gjort i samarbeid med NOVA. Både for tilleggsspørsmåla og for eigne spørsmål må kommunane sjølv betala.

I 2010, då den første undersøkinga vart gjennomført, deltok 28 av kommunane i landet. Talet med deltakande kommunar var stabilt fram til Helsedirektoratet gjekk inn med finansiering. I 2013 deltok heile 157 kommunar, og sidan då har talet på deltakande kommunar årleg vore rundt 150. Kor hyppig kommunane deltek varierer. Til dømes har Oslo gjennomført undersøkinga kvart tredje år, medan Bergen gjennomførte undersøkinga med to års mellomrom i 2017 og 2019. Det totale talet respondentar pr. år ligg mellom 70.000 og 120.000 ungdommar på ungdomsskulen og på vidaregåande skule.

I tillegg til sjølve Ungdataundersøkinga, som går til elevar på ungdomsskuletrinn og vidaregåande skular, vert det gjennomført ei eiga undersøking, Ungdata Junior, for aldersgruppa 10 – 12 år, altså for elvar på mellomtrinnet. Ungdata Junior har vore gjennomført to gonger, og totalt 21 kommunar har nytta seg av undersøkinga.¹

Datahandtering

Kommunane som gjennomfører undersøkinga får informasjon om korleis undersøkinga skal gjennomførast. Føresette får eit skriv om undersøkinga, og dermed moglegheiter til å seia nei på vegne av elevane. Undersøkinga baserer seg på passivt samtykke frå føresette, noko betyr at elevane gjennomfører undersøkinga så dersom føresette ikkje aktivt har sagt nei til at eleven skal delta.

I Ungdata Junior vert det ikkje henta inn personidentifiserte opplysningar. I sjølve Ungdataundersøkinga samlast det inn fleire opplysningar som er personidentifiserbare, som alder, busituasjon, innvandrarakgrunn, utdanningsbakgrunn til foreldre osv. Dataa vert handtert

¹ <https://www.ungdata.no/hva-er-ungdata-junior/>

gjennom NSD og tenesta for lagring av sensitive forskingsdata. Indirekte personopplysningar vert lagra i fem år før dei vert anonymiserte.²

På NSD sine nettsider er dataa tilgjengelege for forskning etter søknad. Det er ein enkel søknadsprosedyre, og som forskarar har me lett tilgang til det fullstendige datasettet med individdata frå første undersøkinga i 2010. I datasettet ligg det informasjon om kommune og skule-nivå, men ikkje om skulen som elevane går på.

På Ungdataundersøkinga si heimeside kan ein finna resultat frå alle variablane i grunnmodulen på kommunenivå. Der er det også moglegheiter for å samanlikna på nasjonalt nivå og med andre kommunar.

Innhald

Grunnmodulen i Ungdataundersøkinga er bygd opp med sju ulike tema. Figuren nedanfor gir oversyn over desse temaa. Desse er:

- Famile og ven
- Helse og livskvalitet
- Rusmidler
- Skole og framtid
- Fritid
- Risikoatferd
- Samfunn

Temaa dekker ei rekke spørsmål som rører ved livssituasjonen til elevane både *i* og *utanfor* skulen og som har direkte eller indirekte betydning for læringsmiljøet på skulen. Det vert spurt om om skuletrivsel, fritidsaktivitetar, stress, utbrentheit, mobbing, venner, fråvær frå skulen, helse, psykisk helse, nære relasjonar, kriminalitet, vald, trakassering, rus, sjølvbilde, kroppspress og andre typar press (Bakken 2021, 2019, 2018, 2020).

Temaet «Skule og framtid» vert dekkja gjennom fire spørsmål som vert svarte på gjennom å kryssa av på ulike skalaar:

- Haldningar (sju utsegner, firetrinns, heilt samd – heilt usamd)
- Leksar (éi utsegn, i gjennomsnitt per dag, sjutrinns, aldri – meir enn fire timar)
- Problemåtferd (tre utsegner, siste 12 månader, femtrinns, ingen gonger – elleve gonger eller meir)
- Mobbing (to utsegner, sekstrinns, fleire gonger i veka – alder)
- Tankar om framtida (fem utsegner, tre alternativ, ja – nei – veit ikkje)

I tillegg har undersøkinga eit spørsmål om kor fornøgd respondenten er med skulen som hen går på. Svaret har ein femtrinnskala, frå svært misnøgd til svært nøgd (Bakken 2021, 22). Han har også eit spørsmål om skulestress, som har ein femtrinnskala med ytterpunkta «Aldri» og «Svært ofte».

I tillegg til desse spørsmåla som går direkte på forhold og oppleving av skulen, er det ei rekke andre spørsmål som er indirekte relevant for det som skjer i skulen. Det er spørsmål som

² <https://www.ungdata.no/personvern>

mellom anna går på miljøet blant jamaldrande, forhold til foreldre, sosialtrygd, helse og åtferd og bruk av digitale medium.

Fyljande utsegn inngår i spørsmålet om haldning til skulen. Alle utsegna vert svart på med ei vurdering på ein firetrinns skala med ytterpunkta «Heilt samd» og «Heilt usamd».

- Eg trivst på skulen
- Lærarane mine bryr seg om meg
- Eg føler at eg passar inn blant elevane på skulen
- Eg kjeder meg på skulen
- Det er mange som forventar at eg skal gjera det godt på skulen
- Eg gruer meg ofte til å gå på skulen
- Eg må ofte bruka helgane til å gjera skulearbeid

Fleire av desse utsegnene er meir eller mindre identiske med utsegn i Elevundersøkelsen.

Dei nasjonale rapportane frå Ungdataundersøkinga presenterer i hovudsak resultatata frå siste års undersøking og utvikling over tid. Den har nokre bivariate undersøkingar (undersøking av samanhengar mellom ulike variablar), men ikkje nokon grundigare undersøking av dataa om skulen opp mot andre data frå undersøkinga. Wendelborg med fleire har brukt data frå Ungdataundersøkinga til å undersøka nærare forhold utanfor skulen som påverkar opplevinga til elevane av skulen (Wendelborg et al. 2019). Undersøkinga til Wendelborg med fleire viser til potensialet i Ungdataundersøkinga samanlikna med Elevundersøkelsen ved at ein kan undersøka livssituasjonen til eleven breitt og ikkje berre opplevinga eleven har til skulen.

HBSC/HEVAS

Om undersøkinga

HBSC (Health Behaviour in School-aged Children) er eit WHO-organ som måler 11-, 13-, og 15-åringar si helse, velvære, sosiale miljø og helseåtferd. Forskinga går tilbake til 1982 då forskarar frå England, Finland og Noreg vart samde om å utvikla og setja til verks ein felles forskarprotokoll for å forska på skulebarn. No i dag inkluderer HBSC 50 land og regionar i Europa og Nord-Amerika (HBSC 2021).

Undersøkinga dekker mange område rundt helsa til unge menneskjer, mellom anna tek ho føre seg temattikkar som: kroppsbilete, mobbing, spisevanar, helseplager, skadar, livskvalitet, over- og undervekt, fysisk aktivitet, skulemiljø, seksuell åtferd, sosioøkonomisk status, rus, diett og relasjonar til foreldre og liknande.

På norsk vert undersøkinga omtalt som HEVAS. Det er ca. 5.000 elevar som deltek i kvar undersøking. Undersøkinga går til elevar i 6., 8. og 10. klasse og første årstrinn i vidaregåande skule. Det vert skriva ein eigen norsk rapport frå kvar undersøking (Institutt for helse 2020). Data frå undersøkinga kan i tillegg lastast ned. Ein må søka om tilgang til dette.

Undersøkinga er støtta av Helsedirektoratet og Universitetet i Bergen .

Datahandtering

Respondentane svarer på eit elektronisk spørjeskjema i ein skuletime. Spørjeskjemaet har ingen personidentifiserande spørsmål. For elevar i grunnskulen må føresette gje samtykke til at eleven svarar (aktivt samtykke).

Resultata vert rapporterte i ein internasjonal rapport (Inchley et al. 2020) og i norske rapportar (Institutt for helse 2020). Det vert berre rapportert på nasjonalt nivå. Medlemmar av HBSC-nettverket (deltakande forskingsmiljø) har tilgang til data. Andre forskingsmiljø kan søka om å få tilgang til data. Me har ikkje undersøkt kva nivå ein som forskingsmiljø kan få data på.

Innhald

HEVAS-undersøkinga har likskapstrekk med Ungdataundersøkinga. Det stillast spørsmål om ei rekke forhold knytt til livsførsel og helsevanar, om forhold i og rundt heimen og fritidsaktivitetar. Undersøkinga har også omfattande spørsmål om helsetenesta både i og utanfor skulen.

Den siste undersøkinga i Noreg hadde tre spørsmål som gjekk direkte på oppleving av skulen og eitt om forhold til medelevar.³ Alle spørsmål som gjekk på opplevinga av skulen vart svart på med ein firetrinns likertskala og var fyljande:

- Kor stressa blir du av skulearbeidet (både arbeid du skal gjera på skulen og lekser)?
- Kva trur du klasseforstandaren din meiner om skuleresultata dine samanlikna med skulekameratane dine sine?
- Korleis likar du deg på skulen akkurat no for tida?

Spørsmålet om medelevar vart svart på gjennom ein femtrinns likert-skala med fyljande utsegn:

- Elevane i klassen min likar å vera med kvarandre
- Dei fleste i klassen min er snille og hjelpsame
- Andre elevar godtar meg som eg er.

Undersøkinga har også fire spørsmål om mobbing som alle blir svart på med grad av hyppigheit langs ein femtrinns likertskala (ikkje mobba/vorte mobba - fleire gonger i veka). Spørsmåla omhandlar både eiga mobbing og det å verte mobba, både generelt og via sosiale medium. I tillegg spør undersøkinga om framtidig utdanning.

I dei norske rapportane frå undersøkinga er det ingen bivariante eller multivariante analysar av resultata frå spørsmåla omkring skulen. Rapporten dokumenterer resultata og utvikling over tid (Institutt for helse 2020). Det same gjeld for den internasjonale rapporten. Den har derimot ei samanlikning mellom dei deltakande landa (Inchley et al. 2020).

³ https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/hevas2018_15ar_bokmal.pdf.

Klassetrivsel

Om undersøkinga

Klassetrivsel har utgangspunkt i ein skule i Danmark sitt arbeid med trivsel i skulen frå 2007. Med lærarar og tidlegare lærarar i spissen, har Klassetrivsel som ein eiga organisasjon utvikla verktøy med same namn for å gjennomføra trivselsundersøkingar på skular og på andre institusjonar.⁴ I dag skal det ifylje organisasjonen vera 1600 skular i Danmark og Noreg som nyttar seg av verktøyet. Me har ikkje funne noko oversyn over kva skular dette er, men veit at eit høgt tal skular i enkelte kommunar nyttar seg av verktøyet. Skulane i Trondheim kommune er til dømes brukarar, og ein finn informasjon om verktøyet på heimesidene til kommunen.⁵

Skulane får tilgang til Klassetrivsel gjennom å teikna eit abonnement. Avhengig av skulestorleik, varierer det årlege abonnement frå ca. 1.300 NOK til over 10.000 NOK. Gjennom abonnementet får skulane tilgang til verktøyet i form av elektroniske spørjeskjema og til det digitale brukargrensesnittet for presentasjon av resultatane frå undersøkinga. Lærarane får resultatane for eiga klasse og for skulen som heilskap. Dersom det er fleire skular i kommunen som gjennomfører undersøkinga, kan den enkelte læraren også få resultatane på kommunenivå. Skulen bestemmer sjølv kva delar av verktøyet ein vil nytta seg av.

Datahandtering

Det er berre brukarane – lærarar, skulen eller kommunen – som har tilgang til data frå undersøkinga. Læraren får tilgang til data frå eigne elevar på individnivå (med namn), skuleleiaren for klassane på skulen og kommunen for skulane i kommunen. Skulane inngår i ein databehandlaravtale med Skolevisjoner, som er eit eige underselskap til Klasseledelse som står for den elektroniske lagringa av dataa.

Ansvar for at handtering av personopplysningar ligg hos brukarane. Skulane/kommunen er dermed dataansvarleg, medan Klasseledelse/Skolevisjoner berre opptre som databehandlar etter avtale med skulane.

Undersøkinga inneheld personidentifiserande opplysningar. Elevane svarer med namn, og læraren kan då sjå kva den enkelte eleven svarer. Elevane namngir også andre elevar i spørsmål om kven dei er mest saman med, og slik kan Klassetrivsel byggje sosiogram som vist i figuren nedanfor.

⁴ <https://klassetrivsel.dk/wp-content/uploads/2018/10/Faktaark-Klassetrivsel-SkolevisjonerAS.pdf>.

⁵ <https://www.trondheim.kommune.no/globalassets/10-bilder-og-filer/02-skoler/skoler-p-a/selsbakk-skole/div.-dokumenter-og-skjema/faktaark-om-klassetrivsel.pdf>

Figur 1: Henta frå <https://klassetrivsel.dk/funktioner/>.



All denne databehandlinga krev samtykke frå føresette. Me har ikkje fått vurdert om eit slikt samtykke er tilstrekkeleg til elektronisk lagring av persondata om tredjeperson (elevane namngir andre elevar). Det er ingen mal på Klassetrivsels heimesider for korleis samtykke skal sikrast, og handteringa av det er dermed lagt til skulane som dataansvarleg.

Innhald

Klassetrivsel inneheld over 100 spørsmål som dekker følgjande tema/område:

- Livet til klassen
- Eleven sitt liv i klassen
- Elevane sine posisjonar og relasjonar
- Grupperingar i klassen
- Mobbing
- Elevens forhold til skulen
- Elevens forhold til undervisninga
- Elevens forhold til lærarane
- Uro i klassen
- IKT og medium
- Språkbruk i klassen

Skulen vel sjølv kva spørsmål ein vil nytta seg av, og kan laga indeksar på bakgrunn av samansette spørsmål. Til dømes kan ein få ein indeks med «Teikn på mistrivsel». Då inngår spørsmåla:

- Kor ofte har nokon frå klassen din snakka stygt om deg medan du ikkje høyrer det?
- Kor ofte har du følt deg usynleg eller oversett av dine klassekameratar?
- Kor ofte føler du deg utanfor klassen sitt fellesskap?
- Kor ofte har du opplevd å verta mobba av nokon frå klassen din?

Me har ikkje funne eit samla oversyn over kva spørsmål som inngår i Klassetrivsel. Dei spørsmåla vi har funne gjennom rapportar frå skular som har brukt Klassetrivsel, viser at spørsmåla er bygd opp med svarmoglegheit både gjennom femtrinns og firetrinns likertskalaar. Til dømes svara elevane på «Kor glad er du for å gå på skulen?» med

ytterpunkta på femtrinnskalaen med «Særs glad for å gå på skulen» og «Svært lei av å gå på skulen».⁶

Undersøkinga, i og med at ho ikkje er anonym, kan brukast til å danne grupper med elevar i undersøkinga. Verktøyet føresler gruppeinndeling etter det som Klasseledelse omtalar som prinsippa frå «Cooperative learning».⁷

Barn og Medier

Om undersøkinga

Barn og medier er ein spørjeundersøking om barn og unge sin mediebruk. Den er finansiert av Kulturdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet (Medietilsynet 2020a). Denne undersøkinga gjennomførast ved at elevar fyller ut eit nettbasert spørjeskjema i løpet av ein skuletime. Undersøkinga vart gjennomført av Medietilsynet første gang i åra 2003 og har frå 2006 vore gjennomført annakvart år.

Formålet med undersøkinga er å gje ei samla framstilling av born og unge sin bruk av ulike digitale medium. Dette omfattar born og unge si digitale deltaking, kompetanse og dømmekraft i tillegg til foreldre og føresette si deltaking og regulering av born og unge sin mediekvardag. Under desse temaa ser kartlegginga på blant anna born sine medievanar, (sosiale media, spel, tv), aktivitetar og opplevingar på nett (mobbing, seksuelle kommentarar, porno), kjeldekritikk og haldningar til medieregulering (Medietilsynet 2020a). Resultata frå undersøkinga vert publisert i ein rapport som vert tilgjengeleg på Medietilsynet sine nettsider.

Datahandtering

I utviklinga av undersøkinga i seinare år har Medietilsynet sett på andre relevante studiar om born sin digitale kvardag, som til dømes: EU Kids Online, Ungar & Medier (Sverige), SIFO-studiar om born og unge i sosiale media og Ungdata. Gjennomføringa av undersøkinga er gjort av Sentio Research Norge på oppdrag frå Medietilsynet. Medietilsynet er fagleg ansvarleg for undersøkinga både når det gjeld spørsmål, metode, gjennomføring og rapportering. Resultata vert vidare publisert av Medietilsynet i eigne rapportar.

Undersøkinga bidreg med eit empirisk grunnlag av kunnskap som gir innsikt i korleis born og unge sin nettbruk er. Dette er basert på deira eiga rapportering av bruken deira, men inneheld også deira eigne erfaringar, haldningar og opplevingar (Medietilsynet 2020a). Resultata og dataa er ikkje tilgjengelege utanom i rapportane deira. I 2020 svarte 3 395 born og unge, i alderen 9-18 år. Desse gjekk på 51 forskjellige skular i Noreg, og det er ikkje gjort greie for representativitet, anna enn at dei beskriv utvalet som har god representasjon på basis av fylke, klasstrinn og på kjønn (Medietilsynet 2020a). 51 prosent av utvalet er gutar i alderen 9 –18 år, medan 49 prosent er jenter i same aldersgruppe (Medietilsynet 2020b).

⁶ <http://stenhus.dk/wp-content/uploads/2020/10/Trivselsundersogelse-Stenhus-Kostskole-2019-offentliggorelse-1.pdf>

⁷ <https://klassetrivsel.dk/funktioner/>

Innhald

Undersøkinga delast inn etter fyljande tematikkar:

- Tilgang til utstyr og teknologi.
- Bruk av sosiale media og appar.
- Kva som er bra og dårleg med sosiale media.
- Aktivitetar og innhald på nett.

Desse tematikkane vert elevane spurt om, og dei markerer kor einige eller ueinige dei er i fyljande påstandar: «Eg har mykje kontakt med venene mine i sosiale medium», «I sosiale medium møter eg folk som har same interesser som meg» og «I sosiale medium deler eg ting som er viktig for meg». Her er svaralternativa inndelte i ein skalaen til tre-trinn, der ein enten er einig, verken eller, eller ueinig i påstandane.

Ved å stilla spørsmål om korleis unge kommuniserer på sosiale medium dekkjer ein ein stor del av livsverda til dagens ungdom. I undersøkinga vert ein også spurt om hets, trakassering og mobbing på nett. Ein vert ikkje spurt om dette skjer på skulen, men generelt. Svara på påstandane om mobbing vert inndelt i ein 4-tinns likertskala med svaralternativa: «Ja, mange gonger, ja ein gang, ja, nokon gonger, nei, aldri». Nokre av påstandane elevane får er: «Har du i løpet av det siste året opplevd at nokon har:

- Vore slemme med deg eller mobba deg på nett, mobil eller spel.
- Skreva ein stygg kommentar til deg på nett, spel eller sosiale medium.
- Trua deg på nett, mobil eller spel.
- Lagt ut bilde av deg som gjorde deg trist eller sint.
- Utestengt deg frå ei gruppe på nett eller ikkje late deg få delta?» (Medietilsynet 2020a, 120).

Elevundersøkelsen stiller også spørsmål om mobbing på nett. Det er likevel meir detaljerte data om nettbruk som innhentast av Barn og medier-undersøkinga. Dette kjem naturlegvis av at denne undersøkinga er meir dekkjande innanfor eit område for nettmobbing og internettbruk til ungdom. Korleis elevar vert behandla på nett kan ha stor innverknad læringsmiljøet deira på skulen. Barn og medium stiller ikkje spørsmål om nettbruk i skulen utanom når dei spør om dei brukar internett til skulearbeid.

PISA

Om undersøkinga

PISA-undersøkinga blir gjennomført kvart 3. år med rullerande fokus på evner i lesing, rekning og naturfag. Undersøkinga går til 15-åringar i land som er knytt til OECD og ei rekke andre land. Undersøkinga vert gjennomført med eit spørjeskjema til elevane som omhandlar ei rekke spørsmål deriblant bakgrunnen til elevane og opplevinga til elevane med skulen.

Spørsmåla om oppleving av og med skulen vert mellom anna brukt til eigne rapportar frå OECD som omhandlar elvane sitt «well being» og «school life» (OECD 2017a, 2019). Resultata frå PISA-undersøkinga blir brukt både av forskarar og myndigheiter i omtale av læringsmiljøet i spesifikke land.

PISA-undersøkinga vert finansiert av dei deltakande landa. I Noreg lagar fagmiljøet som har ansvaret for Noregs bidrag egne rapportar med fokus på dei norske resultata. Det er likevel ikkje fokus på læringsmiljøet i dei norske rapportane, og det er heller ikkje, til forskjell frå dei internasjonale rapportane, egne rapportar om læringsmiljøet.

Grunnlaget for undersøkinga av læringsmiljø er spørjeskjemaet til elevane. Resultata frå undersøkingane kan lastast ned i form av rådatafiler frå OECD sine nettsider. Data kan lastast ned på individnivå frå alle deltakande land. Totalt inneheld datafila frå 2018 data frå over 600.000 elevar. Blant dei, 5.813 elevar frå Noreg. Der finst det også moglegheiter for å få kunnskap om resultata gjennom ulike former for grafisk framstilling av dataa.

Datahandtering

Utvalet av skular for deltaking i PISA skjer gjennom ei utveljing definert sentralt og som vert gjennomført i alle dei deltakande landa. Resultata frå undersøkinga er tilgjengeleg på OECD sine nettsider og kan lastast ned på individnivå.


PISA-undersøkinga inneheld personidentifiserbare data. Det er spørsmål knytt til familiebakgrunn, alder og kjønn. Me har ikkje funne informasjon om korleis innsamlinga av data konkret blir gjort i den enkelte skulen. Sidan undersøkinga blir svart på av 15-åringar, er det ikkje nødvendig med samtykke frå føresette.

Innhald

Skjemaet til elevane har over 60 hovudspørsmål med ei rekke underspørsmål. Totalt er består undersøkinga av over 600 items. Desse vert brukt til å genera ulike indeksar. Det er rundt 12 spørsmål som går på forhold rundt læringsmiljøet. Hovudmåla når det gjeld forhold rundt læringsmiljøet visast i figuren nedanfor som er henta frå OECD sin rapport om «Student life» frå siste PISA-undersøking

Figur 2: Oversyn over dimensjonar ved læringsmiljøet som PISA måler (henta frå (OECD 2019, 38)).

Figure III.1.1 **School climate as measured in PISA 2018**



OECD har omfattande prosedyrar for å sikra at resultatane frå undersøkinga er representative for dei deltakingande landa. Dei har også ein omfattande psykometrisk testing av dei indeksane som vert utvikla på bakgrunn av spørsmåla (OECD 2017b). Frå 2018-undersøkinga vart dei genererte følgjande indeksane (som også kan lastast ned frå OECDs databank):

- Exposure to bullying
- Disciplinary climate
- Teacher enthusiasm
- Teacher support
- Teacher feedback
- Teacher behaviour hindering learning
- Student co-operation
- Student competition
- Sense of belonging
- Meaning in life
- Positive feelings
- Self-efficacy
- Fear of failure

PISA-undersøkinga spør ikkje om trivsel på skulen. Spørsmåla er meir retta korleis elevane oppfatar sin eigen livssituasjon. Elevane kan angi på ein glidande skala frå 1 til 10 «How satisfied are you with your life as a whole». PISA går meir inn på kjensleregisteret til elevane. Dei vert spurde om kor ofte dei føler på ulike typar kjensler («How often do you feel...»). Undersøkinga går også mykje meir inn på korleis elevane oppfatar seg sjølv i skulekvardagen enn kva Elevundersøkelsen gjer, som til dømes «I feel awkward and out of place in my school». Når det gjeld spørsmål om mobbing, spør ikkje PISA om omfang av mobbing, men om haldning til mobbing. Alle fem utsegna om mobbing er haldningsutsegn, som «I feel bad seeing other students bullied».

PISA-undersøkinga kan seiast å ikkje berre ha fokus på kva som skjer på skulen og læringsmiljøet til skulen, men på den generelle livssituasjonen til elevane. «Well-being»-omgrepet er då heller ikkje berre knytt til «well-being at school», men meir generelt, men delt inn i ulike dimensjonar som

- Kognitiv trivsel
- Psykologisk trivsel
- Fysisk trivsel
- Sosial trivsel
- Materiell tivsel

Det er den psykologiske trivselen som i størst grad er knytt til skulen og som fangar opp engasjement, motivasjon, kjensler og haldningar og som også er knytt til kva lærarane gjer og ikke-gjør. PISA spør ikkje direkte om trivsel på skulen, men spør «How satisfied are you with your life as a whole these days?» med ein svarskala på ti trinn.

TIMSS

Om undersøkinga

TIMSS (Trends in International Mathematics and Science Study) er ei internasjonal undersøking som måler kompetansen til elevar i matematikk og naturfag på 5. og 9. trinn. Spørsmåla dekkjer tankane til eleven om læringskontekst som inkluderer følgjande temattikkar: trygd, trivsel, tilhørslse, rettferd og mobbing. Undersøkinga dekker også føresette sin sosioøkonomiske status (utdanning, tilgang på digitale ressursar i heimen). Eleven blir òg spurd om fråvær og om kvar ofte ein er svolten eller trøyt når ein kjem skulen (UiO 2015).

I 2019 var det svar frå ca. 2000 elevar på høvesvis «grada 4» og «grada 8», fordelt på i overkant av 50 skular.

Sjølv om dette er i hovudsak ei internasjonal undersøking om matematikk og naturfag, har den også spørsmål om læringsmiljøet. Noreg har sidan 1995 delteke kvart fjerde år i denne studien (IEA 2018). Som andre undersøkingar gjennomført av IEA, kan data lastast ned frå IEAs heimesider.

Datahandtering

Utval av skular for deltaking i undersøkinga skjer gjennom prosedyre definert av IEA og som blir gjennomført i alle dei deltakande landa. Data frå undersøkingane samlast frå alle land og er tilgjengelege for nedlasting på individnivå på IEA sine heimesider. Dei norske rapportane skriv om utvalsprosedyrar, men seier ikkje noko om korleis personvern er handtert (Nilsen og Kaarstein 2021).

Innhold

TIMSS inneheld fleire spørsmål knytte til læringsmiljøet til elevane. Spørsmåla kan statistisk delast inn i tre dimensjonar: Klasseromsleing, elevtrygd og kognitiv aktivering (Nilsen og Kaarstein 2021, 109). Desse spørsmåla går konkret inn på læringsssituasjonen for eleven, men

er alle knytte eksplisitt til matematikkundervisninga.⁸ Blant desse spørsmåla finn vi fleire spørsmål eller utsegn som er lik spørsmål/utsegn i Elevundersøkelsen, som til dømes

- Læraren knyter nytt stoff til det eg allereie kan
- Læraren viser interesse for læringa til den enkelte elev
- Læraren trygder meg
- Elevane diskuterer løysingar på oppgåver med kvarandre

Alle utsegnene svarast med hjelp av ein firetrinns likert-skala.

Men TIMSS har òg nokre generelle spørsmål om skulen og om mobbing. Fyljande utsegn om skulen blir svart på med hjelp av ein firetrinns likertskala:

- Eg liker å vera på skulen
- Eg føler meg trygg på skulen
- Eg føler at eg høyrer til på denne skulen
- Lærarane på skulen min behandlar meg rettferdig
- Eg er stolt av å gå på denne skulen
- Eg trivest i klassen min
- Eg føler at eg høyrer til i klassen min
- Eg føler meg trygg i klassen min

Spørsmåla om mobbing går konkret inn på ulike former for handling og hyppigheita av dei, som

- Spreidd løgnar
- Delt stygge eller sårande ting om meg på internett
- Latt vera å snakka med meg
-

Både den internasjonale og den nasjonale rapporten over 2019-dataa frå TIMSS har multivariate analysar med skulemiljø som variabel. Den norske rapporten dokumenter ei negativ utvikling over tid når det gjeld skulemiljøet i norsk skule (Nilsen og Kaarstein 2021, 157). Den viser også at det er ein samanheng mellom element i læringsmiljøet og dei målte prestasjonane i TIMSS.

ICCS

Om undersøkinga

Den internasjonale undersøkinga ICCs (International Civic and Citizenship Education Study) har som hovudmål å gje eit bilete av unge menneskjer sin demokratiske beredskap og vilje til å delta i samfunnet som engasjerte samfunnsborgarar. Norske niendeklassingar deltok i undersøkinga for fyrste gong i 2009, og ICCS-undersøkinga har vorte gjennomført i Noreg i 2016 og vil bli det i 2022. Undersøkinga ser på tematiske område som: Medborgarskap, elevmedverknad, deltaking, likestilling, tryggleik, fellesskap, mobbing, læraren si elevbehandling, elevar si behandling av kvarandre, sosioøkonomiske faktorar, forhold i heimen, språk og aktivitetar utanfor skulen. 24 forskjellige land vil delta i studien i 2022, og undersøkinga som gjennomførast i Noreg er finansiert av Kunnskapsdepartementet gjennom Utdanningsdirektoratet.

⁸ https://www.uv.uio.no/ils/forskning/prosjekter/timss/2019/elevskjema_9trinn.pdf

Datahandtering

Internasjonalt er det IEA (International Association for the Evaluation of Educational Achievement) som står bak studien. Innsamlinga av data gjerast gjennom spørjeskjema som vert sendt ut til elevane. Her inngår ein kunnskapstest, eit elevspørjeskjema og eit europeisk spørjeskjema som skal svarast på. I 2022 vil det i Noreg vera 200 skular og 350 klassar på niande trinn som deltek i undersøkinga. Ved førre undersøking i 2016 var det 6271 elevar som svarte på undersøkinga (Huang et al. 2017).

Undersøkinga vert gjennomført både digitalt og på papir, og resultatane vert publiserte i ein Norsk rapport i tillegg til å vera ein del av den internasjonale rapporten for studien. Dataa er tilgjengelege på individnivå frå alle deltakande land via IEA sine heimesider (IEA 2021). Dette gjer det mogleg at Noreg kan samanlikne sine resultat med andre land i verda. To modular vert laga for den europeiske konteksten og for den latinamerikanske konteksten der ein kan sjå på regionale spørjemål av spesiell interesse (IEA 2016). Resultatane vert berre vist i desse rapportane der nasjonale resultat vert samla.

Innhald

I tillegg til demokratisk beredskap og samfunnskunnskap utforskar ICCS-undersøkinga òg tematikkar som relaterast til elevene sitt læringsmiljø (IEA 2016). Her spør dei spørsmål om korleis relasjonane elevane har til lærarane sine og klassen dei er ein del i, respekt for kvarandre, mobbing og tryggleik i skulen. I tillegg vert elevane spurde om utdanningsnivået til foreldre eller føresette som ein del av bakgrunnsinformasjonen i elevskjemaet.

Elevar må òg svara på fylgjande påstandar om læringsmiljø med ein firetrinns likert-skala som rangerer frå heilt einig til heilt ueinig i fylgjande påstandar:

- Dei fleste elevane behandlar kvarandre med respekt.
- Dei fleste elevane kjem godt overeins med kvarandre.
- På skulen min føler elevane seg trygge.
- Eg er redd for å bli mobba av andre elevar (Huang et al. 2017, 118).

Når det kjem til læraren si rolle for læringsmiljøet på skulen vert eleven spurt om behandlinga dei får av læraren er rettferdig, om ein kjem godt overeins, om læraren lyttar til eleven og at læraren ville ha grepet inn dersom elevar hadde vorte mobba (Huang et al. 2017). Det er fokus på relasjonar i ICCS-undersøkinga, og spesielt relasjonane elev til elev og elev til lærar. Når det kjem til spørjemål om relasjonen elevar har til skulen er det skuleleiarane som vert spurt om dette i meir detalj enn elevane. Her går elevundersøkelsen meir i detalj under spørsmål om skulen er eit trygt miljø å vera i.

I tillegg til internasjonale spørjemål som skal vera med i alle deltakande land i undersøkinga er det òg nasjonale tilleggsspørsmål som vert teke med for den norske konteksten. Nokre av desse tilleggsspørsmåla er vidareført frå 2016-undersøkinga, imedan andre skal takast med i årets undersøking. Her stiller ein spørsmål til elevane om blant anna:

- Internettvanar
- Aktiv deltaking i undervisninga
- Korleis dei snakkar om vanskelege tema i klassen
- Tilknytning til fellesskap som klasse, glyma, lokalsamfunn, religion, idrettslag og liknande.

Som vist, stiller ICCS-undersøkinga nokre spørsmål som omhandlar eleven sin læringsmiljø, men desse er tett knytt opp til skulen som ein arena for deltaking og medborgarskap.

EU Kids Online

Om undersøkinga

EU Kids Online er ei undersøking som i hovudsak har fokus på internettbruken til barn. Han hentar også data om bruk av internett i skulesamanheng og korleis skulen jobbar med elevane om dette. Undersøkinga har vore gjennomført i 2010 og 2020 (med innsamling av data i 2018). Det vert laga både internasjonale og nasjonale rapportar. Den nasjonale rapporten frå Noreg presenterer resultatata frå den norske delen av undersøkinga (Staksrud og Ólafsson 2019).

For undersøkinga i 2020 (med data frå 2017-2019), var det 19 deltakande land med svar frå ca. 25.000 ungdommar (David Smahel et al. 2020).

EU Kids Online har sjølv utvikla spørjeskjema som vert brukt. Undersøkinga er delvis basert på spørjeskjema utvikla av Global Kids Online. Global Kids Online gjennomfører sjølv undersøkingar om nettbruk internasjonalt, men har ikkje data frå Noreg

Datahandtering

Datainnsamlinga i Noreg for den norske delen av EU Kids Online føregjekk sommar/haust 2018 med eit representativt utval barn mellom 9-17 år som har brukt Internett dei siste tre månadene, og dessutan éin av foreldra deira/føresette. Utvalet var på 1001 husstandar og inkluderer 1001 foreldre og 1001 barn.

Respondentane vart rekrutterte gjennom telefonintervju. Dei rekrutterte husstandane vart deretter besøkte fysisk, og respondentane svarte på undersøkinga gjennom nettbrett. Føresette og barn svarte på sin del av undersøkinga separat (Staksrud og Ólafsson 2019), s. 7.

Resultata frå undersøkinga, både dei norske og dataa frå dei andre landa, er berre tilgjengeleg gjennom rapportar, og det er ingen offentleg tilgang til rådata.

Innhald

EU Kids Online har hovudfokus på bruk av internett. Han har likevel ei rekke spørsmål av generell art, også spørsmål som direkte rører læringsmiljøet på skulen. Eitt spørsmål om trygd på skulen tar opp fleire forhold med læringsmiljøet. Spørsmålet inneheld følgjande utsegn som elevane blir bedne om å vurdere:

- Eg føler meg trygg på skulen
- Eg føler at eg høyrer til på skulen min
- Lærarane bryr seg om meg som person
- Andre elevar er snille og hjelpsame

Svara vert gitt med hjelp av ein firetrinns likertskala.

Undersøkinga spør om internettbruk på skulen og går samstundes inn på opplæringa i bruk av internett og digitale medium. Ho har eit spørsmålsbatteri om mediering til læraren av internett som inneheld 9 utsegner om kva læraren gjer i samband med å læra bruk av internett.

Spørsmål om mobbing gjennom internett er sentralt i undersøkinga. Undersøkinga kartlegg både omfang, form, årsaker og oppfølging etter mobbing (Staksrud og Ólafsson 2019). Ho har også ei omfattande kartlegging av det som blir definert som «Netthat», altså hatytringar på nettet.

Undersøkinga kartlegg også ei rekke forhold rundt heimen, både av sosioøkonomisk art og haldningar til og bruk av internett. Han kartlegg i tillegg opplevinga til barna av eiga helse og livssituasjon og sjølvbilde.

Verken den norske eller internasjonale rapporten har bivariate analysar knytt til læringsmiljøet på skulen. Dei seier dermed ikkje noko om kva som eventuelt påverkar læringsmiljøet eller kva tyding læringsmiljøet har for andre forhold både i og utanfor heimen.

Oppsummerande om undersøkingar i Noreg

Alle dei omtalte undersøkingane ovanfor har spørsmål som er knytt til læringsmiljøet på skulen. Spørsmål om mobbing er gjennomgåande i undersøkingane, men nokon spør om omfang og oppleving medan andre spør om kva skulen gjer.

Utover det Elevundersøkelsen har fokus på, er det fleire av undersøkingane som undersøker andre forhold som har direkte eller indirekte tyding for læringsmiljøet på skulen. Vi har i tabellen nedanfor angitt om undersøkingane tar opp tre ulike forhold som vi ser fleire av undersøkingane har fokus på: Sjølvoppfatninga til eleven (inkludert sjølvkontroll), eleven sin sosioøkonomiske bakgrunn og helsespørsmål (både psykisk og fysisk).

I tabellen nedanfor har vi lista døme frå undersøkingane på spørsmål av generell art om trivsel på skulen.

Tabell 1: Dimensjonar og spørsmål i undersøkinga..

	Døme på spørsmål som går på trivsel på skulen meir generelt	Tal trinn på svarskala	Selvoppfatning	Sosio-økonomisk kontekst	Helse	Affektregulering	Kva skulen gjer
Elevundersøkelsen	Trives du på skulen	Fem	Ja (fagleg)	Nei	Nei	Nei	Nei
EU Kids Online	Eg føler at eg høyrer til på skulen her	Fire	Ja	Ja	Ja	Nei	Ja
Ungdata	Eg trivst på skulen	Fire	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei
HEVAS	Hvordan liker du deg på skulen akkurat no for tida	Fem	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei
Klassetrivsel	Hvor glad er du for at gå i skule	Fem	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
PISA	How satisfied are you with your life as a	Ti	Ja (fagleg)	Ja	Ja	Nei	Ja

	whole these days?						
TIMSS	Eg liker å vera på skulen	Fire	Ja (fagleg)	Ja	Nei	Nei	Ja (i tilknytning til fag)
ICCS	Eg er redd for å bli mobba av andre elevar	Fire	Nei	Ja	Nei	Nei	Ja (i tilknytning til fag)
Barn og medium	Vært slemme med deg eller mobba deg på nett, mobil eller spel.	Fire	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei

2. Undersøkingar i andre land

Danmark

Trivselsværktøy

Sidan 2015 har danske myndar gjennomført undersøkingar om trivsel blant danske elevar gjennom den såkalla Trivselsundersøkinga. Undersøkinga er forankra i folkeskulereforma frå 2013, der det mellom anna var eit mål om å auka trivselen i dansk skule.

Undersøkinga nyttar ein trivselsindikator som er utvikla frå det danske barne- og undervisningsministeriet, det er òg dette ministeriet som er ansvarlege for undersøkinga (Undervisningsministeriet 2021). Trivselsundersøkinga vert gjennomført kvar år blant elevane i barnehagen til og med 9.klasse.

Datahandtering

Resultata frå denne undersøkinga vert publisert på i nettportalen til det danske utdanningsdepartementet (Undervisningsministeriet 2020). Portalen viser resultata frå undersøkinga på landsnivå, kommunenivå og skulenivå. På skulenivå kan ein sjå data for den einkilde skulen basert på kjønn og klassetrinn. Resultata ligg opent i nettportalen for alle som vil sjå. Tala er visuelt framstilt og enkle å forstå sjølv om ein kanskje ikkje har ein tett tilknytning til utdanningsforskningsfeltet. Dette gjer at lærarar, foreldre, føresette og skuleleiinga kan lett navigera i kva den dansken grunnskulen meistrar og treng å arbeida meir målretta med framover. Det er berre skårane på dei fire indeksane som vert offentleggjort, og kor mange som skårar på høgaste nivå.

Skuleleiarar og kommunetilsette får tilgang til meir detaljerte data om korleis klassane på dei ulike skulane har det, dette ligg ikkje ute for alle grunna personvern (Børne-og undervisningsministeriet 2021)

Trivselsundersøkinga nyttar seg av det såkalla «Trivselsværktøy» som Utdanningsministeriet stiller til disposisjon for folkeskulane. Det har vore ein diskusjon i Danmark om bruk og

tilgjengelegheit av offentleg innsamla data frå skulen,⁹ og det har skjedd endringar i måten data blir offentleggjort på. Bruk av verktøyet er likevel gjort obligatorisk gjennom vedtak i Folketinget i 2019.¹⁰ Dette inneber at skulane ikkje lenger har valfridom når det gjeld val av leverandør for å måla trivsel, men må nytta Trivselsverktøy.

Innhald

I 4. til 9.klasse får elevane 40 spørsmål og i 0. til 3.klasse får elevane 20 spørsmål som er enklare formulerte. 29 av dei 40 spørsmåla 4.-9.klassingane får er med i berekninga av den gjennomsnittlege trivselen. Dett er ein indikator som vert kalla generell skuletrivsel som dannar grunnlaget for fire ulike indikatorar for trivsel:

- Sosialt
- Fagleg
- Med læraren
- I klasserommet (Ministeriet for børn undervisning og likestilling 2020)

Den gjennomsnittlege trivselen og dei fire trivselsindikatorane målast på ein skala frå 1 til 5, der 1 er lågast mogleg trivsel, og 5 er den høgast moglege trivselen. Den første målinga vart gjennomført i 2015. I desse indikatorane inngår fleire spørsmål som har stort samanfall med spørsmål/utsegn i den norske Elevundersøkelsen. Det går på oppfatning av skulen, syn på læraren, medverknad og mobbing. Desse spørsmåla gjennomfører alle skular og elevar som deltek i undersøkinga. Spørsmål om mobbing går direkte på eleven sin oppleving av mobbing: «Er du vorte mobba i dette skuleåret?», her er skalaen inndelt som følgjer: Særs ofte, ofte, ein gang innimellom, sjeldan, alder» (Undervisningsministeriet 2021). Eit anna spørsmål går på generell trivsel ved skulen: «Likar du skulen din?», skalaen er likt inndelt som i mobbepørsmålet.

Desse fire indikatorane er bygd på ein forskjellig mengde spørsmål:

- Sosial trivsel: 8 spørsmål/utsegn
- Faglag trivsel: 9 spørsmål/utsegn
- Støtte og inspirasjon: 7 spørsmål/utsegn
- Ro og orden: 4 spørsmål/utsegn (Ministeriet for børn undervisning og likestilling 2020)

Her vert eleven spurt om deira relasjon til klassen, skulen, venner og lærarane deira. Dette er tematikkar som også Elevundersøkelsen tek opp. Nokre døme er: er: «Kor fornøgd ein er med klassen?», «Føler du deg einsam?», «Har du vorte mobba i dette skuleåret?», «Kan du konsentrera deg i timane?», «Er dykk gode på å hjelpa kvarandre i klassen?», «Trur du at elevane i klassen din likar deg?», «Er lærarane gode på å hjelpa deg?», «Vert du erta?», «Er klasserommet dykkars fint å vera i?» (Undervisningsministeriet 2021). Her vert påstandane vurderte av eleven i ein 4-5 trinns likert-skala

Til ulikheit frå Elevundersøkelsen stiller Trivsel i folkeskulen spørsmål om helse og bakgrunn til foreldre eller føresette. Elevane vert også spurt om kor ofte dei har smerter i mage og hovudet. Fleire undersøkingar har dette med når ein måler elevar læringsmiljøet sitt og kan vera eit område som Elevundersøkelsen kan kartlegga for norske elevar. Har ein smertar i mage og hovud kan dette vera noko som verkar negativt på eleven sin føresetnad for læring. Når elevane blir spurt om foreldre eller føresette bakgrunnen sin vert dei spurt om deira høgast fullførte utdanning, men også om deira opphav. Her kan ein velje mellom etnisk dansk,

⁹ <https://www.ft.dk/samling/20181/lovforslag/L200/spm.htm>

¹⁰ <https://www.uvm.dk/folkeskolen/elevplaner-nationale-test--trivselsmaaling-og-sprogproever/trivselsmaaling>

utanlandsk eller born av innvandrarak. Undersøkingar som tek føra seg slik bakgrunnsinformasjon. Trivselsundersøkinga stiller også spørsmål om kva land foreldra kjem frå ved å svara om det er eit land som er: innanfor eller utanfor EU, vestleg eller ikkje-vestleg, og kva verdsdel ein tilhøyrar.

Spørsmåla som elevane vert stilte liknar mykje på dei Elevundersøkelsen også tek føra seg. Likevel er det nokre forskjellar som må trekkjast fram. Når det kjem til trivselsspørjemål er Elevundersøkelsen mindre detaljert enn denne dansken undersøkinga. I Elevundersøkelsen vert elevane enkelt spurde om dei trivst på skulen og om ein har nokre medelevar å vera saman med i friminutta. Samstundes innhentar den danske undersøkinga informasjon om helsa til elevane på skulen. Trivsel i folkeskulen er meir detaljert og dannar 4 indikatorar for trivselen til eleven i skulen. På andre område er Elevundersøkelsen meir detaljert, med tanke på korleis ein stiller spørjemål rundt mobbing.

Tyskland

Om undersøkingar av læringsmiljø i Tyskland

Både grunnutdanninga og høgare utdanning er i Tyskland ansvaret til delstatane. Det inneber at det er forskjellar i grunnutdanninga mellom delstatane, både når det gjeld innhald («Lehrplan»), lovverk, finansiering og tilsyn. Det er dermed forskjellar i korleis ein arbeider med og undersøker læringsmiljøet i skulane i dei ulike delstatane.

Men det finst også undersøkingar som tek sikte på å seia noko om læringsmiljøet nasjonalt. Ser ein i tyske forskingsrapportar om læringsmiljøet, er det ofte tilvisingar til PISA-undersøkingane. Men det vert også gjennomført nasjonale undersøkingar i Tyskland som undersøker læringsmiljøet. Den mest kjente og omfattande er den som blir gjort gjennom det såkalla «Nationale Bildungspanel» (meir om dette nedanfor).

Me har ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av dei ulike måtane læringsmiljøet i skulane blir undersøkte i dei tyske delstatane. Vi har gått i djupna i to delstatar, Berlin og Bayern. Strukturen for undersøkingane i desse to delstatane liknar i den forstanden at det er utdanningsmyndigheitane som gjennomfører undersøkingar i utvalde skular av mellom anna læringsmiljø i form av skuleinspeksjonar.¹¹ Det vert rapportert frå kvar skule og dessutan vert det laga ein samla rapport på bakgrunn av data frå alle skulane som er undersøkte. Strukturen er mellom anna baserte på spørjeskjema utvikla av forskingsmiljø i delstaten. Nokon av desse spørjeskjemaa finn me også i bruk i andre delstatar. Me har i denne rapporten avgrensa oss til å sjå på undersøkingane i Berlin.

Nationale Bildungspanel

Om undersøkinga

Nationale Bildungspanel er ei undersøking som vart etablert etter initiativ frå Leibniz-Institut für Bildungsverläufe (Leibniz-instituttet for utdanningsløp) ved Otto-Friedrich-Universität i Bamberg. Undersøkinga fekk finansiering frå utdanningsmyndane sentralt i Tyskland og vart

¹¹ Dette er et system vi ser brukt flere andre steder, blant annet i Skottland.

første gang gjennomført i 2011. Undersøkinga er ein kohort-studie, det vil seia at det blir følgt eit representativt utval av elevar over tid. Det blir gjennomført årlege undersøkingar av totalt 9 ulike kohortar. I kohortane blir det henta data frå både elevar, lærarar, foreldre og skuleleiing. Det totale talet elevar i kvar kohort er på rundt 5.000 elevar, altså omfattar heile undersøkinga i underkant av 50.000 elevar.¹²

Om datahandtering

Nationale Bildungspanel har ei omfattande skildring av korleis data skal samlast inn i skulane og korleis data skal anonymiserast og handterast. Alt blir handtert av Nationale Bildungspanel, som er ei eiga eining ved universitetet i Bamberg, og som altså er ansvarleg for sjølve undersøkinga. Nationale Bildungspanel gjer data og alt tilhøyrande (datahandtering, utvalsprosedurar, spørreskjeme, kodebøker etc.) tilgjengeleg gjennom sine eigne nettsider. Etter søknad kan forskarar og forskingsmiljø få tilgang til data. Panelet publiserer sjølv forskingsrapportar og artiklar, også på oppdrag frå utdanningsmyndigheitene. Dei publiserer også tekniske rapportar om undersøkingane og om resultat frå psykometriske undersøkingar.

Panelet har inga eiga nettside som grafisk eller på anna måte viser resultat frå undersøkingane. Skulane kan heller ikkje finne fram til resultat frå eigen skule eller samanlikna seg med andre skular. I all hovudsak er Nationale Bildungspanel retta inn mot forskning og utdanningspolitikk, men resultatata frå undersøkingane finn også vegen inn i den offentlege debatten.¹³

Innhald

Spørjeskjemaa til dei ulike kohortane, som dannar datagrunnlaget for undersøkinga, er svært omfattande. Skjemaaet til elevane omhandlar ei rekke forhold, både ved eleven, ved heimen til eleven og fritid og ved skulen. Det er òg spørsmål om livssituasjonen og helsa til eleven. Spørsmåla som går direkte på læringsmiljøet ved skulen utgjer ein mindre del i totalen, men omhandlar fleire forhold som også går inn i Elevundersøkelsen. Bildungspanel har likevel meir omfattande spørsmål knytt til rolla til heimen. Skjemaaet bærer tydeleg preg av eit ønske om å få data som kan seia noko om livssituasjonen og helseforholda til elevane.

I spørsmålet til kohorten som starta med 5. trinn – og blir vidare følgd utover i skoleløpet, finn me spørsmål «Wie zufrieden bist du ... mit deiner schulischen Situation» (kor tilfreds er du med skulen din). Svaret blir angitt gjennom ein ti-trinns likert-skala med ytterpunkta «ganz und gar unzufrieden» og «ganz und gar zufrieden». Det er òg spørsmål om leksar (sekstrinnsskala) og om trygd frå heimen (søsken, foreldre, leksehjelp). Undersøkinga har eit omfattande batteri om korleis «ist es bei euch zu Hause?» (korleis er det heime hos dykk?) Utsegna i batteriet vert svart med ein firetrinns likertskala. Batteriet gir eit inntrykk av data frå undersøkinga mest kan seia noko om forventingar, trygd og hjelp frå heimen.

Undersøkinga har i tillegg spørsmål som går på det som i litteraturen blir definert som fagleg sjølvkonsept («Selbstkonzept» eller på engelsk «Self-concept» (Hattie 1992)). Det er spørsmål der eleven vurderer seg sjølv opp mot ulike skulefag. Her finn me nokre utsegn som er samanliknbare med utsegn i Elevundersøkelsen, som «In den meisten Schulfächern

¹² https://www.neps-data.de/Portals/0/NEPS/Datenzentrum/Forschungsdaten/SC3/11-0-0/SC3_Studien_W1-11_de.pdf.

¹³ Resultat frå undersøkinga er til dømes ofte referert til i den tyske vekeavisa *Die Zeit*, som døme <https://www.zeit.de/2021/24/chancengerechtigkeit-bildung-kinderentwicklung-herkunft-schule-elternhaus> (bak betalingsmur).

schneide ich in Klassenarbeiten gut ab» (Eg gjer det bra i dei fleste skulefaga) og «In den meisten Schulfächern lerne ich schnell» (Eg lærer for i dei fleste skulefaga).

Spørsmåla om rolla til lærarane er avgrensa til læraren i tysk. Men spørsmålsbatteria er her omfattande og femnar totalt rundt 20 utsegner, kvar fleire er samanliknbar med spørsmåla i Elevundersøkelsen om læraren. Utsegnene omhandlar både handteringa til læraren av klassen, relasjon til eleven, elevmedverknad og sjølve undervisninga i faget.¹⁴

Schulinspektion Berlin

Om undersøkingane

Utdanningsmyndane i Berlin, Senatsverwaltung für Bildung, Jugend und Familie generer data om læringsmiljøet i skulane i Berlin på ulike måtar og med ulikt formål. Hovudarbeidet skjer gjennom «Schulinspektion», skuleinspeksjon, som inneber ei omfattande undersøking av utvalde skular i Berlin.¹⁵ Skuleinspeksjonen føregår ved at det blir oppnemnt eit inspeksjonsteam, som vanlegvis består av fire personar: Ein person frå utdanningsmyndane, ein frå praksisutdanning i lærarutdanninga ved universitet, ein frå skuleleiinga og ein lærar. Undersøkinga er svært omfattande og nyttar seg både av intervju, observasjon og spørjeskjema (Senatsverwaltung für Bildung 2020). Resultatet frå inspeksjonen vert offentleggjort og tilgjengeleg gjennom ein rapport om den skulen som har vore undersøkt. Rapporten inneheld både vurderingar av skulen og resultat frå spørjeundersøkingar til ulike grupper i skulen. Totalt blir det generert tal for over 200 indikatorar frå skulen, men berre ca. 10 prosent av skårane på indikatorane vert publiserte i rapporten. Skulen kan derimot få tilgang til dei detaljerte tala.¹⁶ I tillegg vert det laga samlarapportar for heile Berlin der tala er aggregerte på bydelsnivå.

Spørjeskjemaa som vert brukt er utvikla av Institut für Schulqualität der Länder Berlin und Brandenburg (ISQ), som er eit uavhengig forskingsinstitutt ved Universitetet i Berlin. ISQ står for både datainnsamling og utvikling av spørjeskjemaa som vert brukt. Gjennom skuleinspeksjonen blir det utvikla som sagt over 200 indikatorar som er baserte på spørjeskjema både til lærarar, leiing, føresette og elevar. Skulane kan sjølv nytta seg av skjemaa uavhengig av skuleinspeksjonen. Dei er dermed utforma som verktøy for at skulane sjølv kan driva utviklingsarbeid. Mellom dei finst det eit svært omfattande skjema som den enkelte læraren kan nytta for å få tilbakemelding frå elevane om undervisninga, relasjonen mellom lærar og elevar og miljøet i klassen.

Det er ein pågåande diskusjon om måleinstrumenta som blir brukte. Utdanningsmyndane i Berlin sette nyleg ned ein kommisjon for å vurdere kvaliteten på undersøkingane og målingane av skulekvalitet i Berlin. Kommisjonen konkluderte med at «operasjonaliseringen av kriteria for undervisningskvaliteten, i Berlin som i mange andre delstatar, berre delvis relaterer seg til resultat frå utdanningsforskninga» (Qualitätskommission zur Schulqualität in Berlin 2020, 56), s. 56.

¹⁴ Spørreskjemaene kan lastast ned frå *Nationale Bildungspanels* nettsider, t.d. for kohort 5. trinn: <https://www.neps-data.de/Data-Center/Data-and-Documentation/Start-Cohort-Grade-5/Documentation>

¹⁵ <https://www.berlin.de/sen/bildung/unterstuetzung/schulinspektion/>

¹⁶ Som døme kan lesaren til dømes sjå på rapporten frå skuleinspeksjonen av Albert-Einstein-Schule i 2020 (Senatsverwaltung für Bildung 2020).

Datahandtering

Data vert generert gjennom elektroniske spørjeskjema. For skuleinspeksjonen får skulane ein eigen brukar som dataa blir genererte gjennom. For sjøvevaluering opprettar også skulane ein brukar for handtering av data. Data som blir generert kan berre brukast av skulen, til skuleinspeksjonen eller til forskning. Skulane får ikkje tilgang til rådata, men gjennom ein eigen tilrettelagt framstilling frå ISQ. Med færre ein fem respondentar, blir det genererte ikkje data.¹⁷

Innhald

Undersøkingane består av ulike modular. Dersom skulen sjølv vil gjennomføra undersøkinga, kan ho velja kva modul han vil nytta seg av. Dei spørsmåla som rører læringsmiljøet til elevane, ligg i modulen «Gesundheitsförderliche Gestaltung des Zusammenlebens» (Helsefremmande samliv). Som tittelen på modulen seier, har modulen eit tydeleg fokus på helse og livssituasjonen til elevane.¹⁸

I modulen er det totalt litt i underkant av 50 utsegner som elevane må ta stilling til i form av ein firetrinns likertskala. Elevane får òg moglegheit til å svara på om spørsmålet er relevant for dei eller ikkje. Kvar utsegn har kategorien «Kann ich nicht beurteilen» (Kan eg ikkje seia noko om).

Skjemaet har spørsmål som har likskapstrekk med spørsmål i Elevundersøkelsen. Til dømes er det spørsmål om korleis reglar blir handtert, omgang mellom lærarar og elevar og mellom elevar. Det er òg spørsmål om konflikthandtering, som «An der Schule werden Konflikte fair gelöst» (Konfliktar blir løyst rettferdig på skulen). Men skjemaet har òg fleire utsegner om korleis skulen jobbar med hygiene og helse, både i praksis og i undervisning. I tillegg har skjemaet utsegna som går på i kvar stor grad skulen bidrar til utvikling av affektregulering, som «In der Schule lerne ich, wie ich schwierige Situation bewältigen kann» (I skulen lærer eg korleis eg kan handtera vanskelege situasjonar).

Australia

Internasjonale undersøkingar som TALIS og PISA vert gjennomført i Australia, men i tillegg til dette kartlegg Australia òg læringsmiljø nasjonalt gjennom forskjellige undersøkingar. Desse skal utdjupast meir om nedanfor.

National Quality Standard

Om undersøkinga

Australia gjennomfører vurderingar om læringsmiljø i fylje ein nasjonal kvalitetsstandard som kallast NQS. NQS (National Quality Standard) fokuserer på born sin trivsel i barneskulen. Denne inkluderer sju hovudområde som er viktige for trivselen til born (Australian Children's Education and Care Quality Authority 2020). Det er utforma ein omfattande guide om kvalitetsindikatorane og kva som blir rekna som kvalitet (Australian Children's Education and Care Quality Authority 2020).

¹⁷ https://sep-schule.isq-bb.de/de_DE/start/faq.html.

¹⁸ https://sep-schule.isq-bb.de/de_DE/start/befragungsinhalte/gesundheits.html

Alle skular i Australia «blir målte» i forhold til NQS. Målinga er ein prosess som går igjennom fleire ledd, frå at skulen sjølv gir data til ekstern vurdering og ein prosess med utkast til rapport før endeleg rapport (Australian Children's Education and Care Quality Authority 2020, 357). Skulen må også gje innspel til kvar dei vil forbetre seg (Quality Improvement Plan).

Undersøkingane av skulane skjer under leiing av ein «Authorised officer». Dei som har denne funksjonen, må gjennomgå eit eige treningsprogram.¹⁹ Bortsett frå ei skildring av prosedyrar for korleis undersøkinga skal gjennomførast, er det ikkje bestemte krav til kva kunnskap om dei ulike forholda som skal frambringast. Teamet som gjennomfører undersøkinga under ein «Authorised officer» har ulike måtar dei kan gå fram på.²⁰

Datahandtering

Resultatet frå inspeksjonane blir gjort tilgjengeleg på skulenivå for dei sju kvalitetsindikatorane. Rapportane frå sjølve inspeksjonen er ikkje tilgjengelege offentlege, berre for myndane og skulane som har fått gjennomført inspeksjonen.

Innhald

Basert på desse sju kvalitetsområda vert ein vurdering gjort av dei australske skulane. Desse resultatata vert tilgjengelege i nasjonale register som viser ein oversyn over vurderingane av skulane. Ein kan sjå resultatata på delstatsnivå på nettsidene til ACECQA (Australian Children's Education and Care Quality Authority 2021). Undersøkinga vert gjort på alle skular, men dei skulane som ikkje innfrir høg nok kvalitet vert ikkje publisert her. Rapportane viser kor stor prosent av dei deltakande skulane som er under denne grensa. Dei viser også tidlegare resultat skulen har hatt slik at ein kan sjå om skulen har forbetra seg på dei sju områda eller ikkje. Dei sju områda er som fyljer:

1. Utdanningsprogram og praksis
2. Helse og tryggleik
3. Fysisk læringsmiljø
4. Kriteria for tilsetja i skulen
5. Relasjonar til elevar
6. Samarbeid med familiar og lokalsamfunn
7. Styring og rettleiing

Nokre av områda er av relevans i forhold til Elevundersøkelsen. Under punkt tre finn ein målingar av korleis skulane bidreg til å fremje elevane sin trivsel, kreativitet og sjølvstendigheit. NQS ser også på elevhelse som eit av dei sju kvalitetsnivåa. Dette er noko som Elevundersøkelsen ikkje undersøker. Innanfor helse, ser NQS sjølvsagt på fråvær av skade og gode tryggleiksrutinar for elevane i skulen. Noko av det andre som fell under helse er korleis elevane sin trivsel verkar inn på læringa i skulen. Dette er fastslått som eit av dei tre hovudtematikkane for å sikra helse og tryggleik.

I vurderinga som vert gjort av skulane har dei ulike kvalitetsområde som vert vurderte Her kan skulane få fem ulike vurderingar:

- Formidabel vurdering
- Overgår den nasjonale kvalitetsstandard
- Møter den nasjonale kvalitetsstandard

¹⁹ <https://www.acecqa.gov.au/resources/authorised-officer-training>.

²⁰ https://www.acecqa.gov.au/sites/default/files/2018-09/DocumentingProgram_0.pdf.

- Arbeider mot å nå den nasjonale kvalitetsstandarden
- Endringar trengst for å møte den nasjonale kvalitetsstandarden

School Survey

Om undersøkinga

I tillegg til undersøkingane som blir gjennomførte gjennom NQS, har de Australske delstatane gått saman om og støtta utviklinga av den såkalla «School Survey». School Survey er eit verktoy utvikla Education Services Australia og som er tilgjengeleg for bruk av skulane i landet.²¹ Verktøyet er finansiert av dei sentrale utdanningsmyndane i landet.

Undersøkinga er eit resultat av at utdanningsmyndane i delstatane i landet i 2012 såg viktigheita av å samla inn og analysere data om haldningar og trivsel i skulen. Det var òg viktig å sjå korleis dette endra seg over tid. Her nyttast spørjeskjema til både foreldre og elevar.²²

Datahandtering

Denne nasjonale undersøkinga er designa spesifikt for Australske skular, men er frivillig å gjennomføra. Elevar frå 5. til 12. klasse har moglegheita til å delta. Skulane får så tilgang til eit nasjonalt bibliotek med spørjemål til føresette og elevar, og kan laga egne skreddarsydde spørjemål som dei vil stilla til sine elevar og deira føresette. Her blir det tilrettelagt for at skulen kan velje nokre område dei ynskjer å fylje meir spesifikt på. Denne undersøkinga samlar resultat i rapportar som gjer at dei kan samla inn resultatane anonymt. Slik vert ikkje datamaterialet offentleggjort, men skulane delar resultatane sine internt. Målet med denne informasjonsdelinga er å sjå område der skulen kan forbetre seg på.

Innhald

Tilgang til verktøyet krev pålogging. Det som ligg offentleg om verktøyet går i lita grad inn på dei konkrete spørsmåla ein kan nytta seg av, anna enn som generelle døme. Verktøyet skal hjelpe skulane til å «understand students' perspectives on their experience at school, such as relationships with teachers and school's support of attitudes and behaviours that promote learning.»²³

Døme på utsegn som elevane blir bedne om å vurdere som går på relasjonar til læraren er:

- Teachers at this school treat students fairly.
- I feel safe at this school.
- This school takes students' opinions seriously.
- I am supported by my teachers to do my best.
- I can talk to my teachers about my concerns.

²¹ <https://www.schoolsurvey.edu.au/Welcome>.

²² <https://www.schoolsurvey.edu.au/About>.

²³ https://education.nt.gov.au/__data/assets/pdf_file/0018/713340/Student-survey-FAQ.pdf.

South Australia: Wellbeing and Engagement Collection

Om undersøkinga


«Wellbeing and Engagement Collection» (WEC) er ei undersøking som blir gjennomført av utdanningsmyndane i delstaten South Australia. Denne undersøkinga samlar inn data frå elevar frå 4. til 12.klasse om ikkje-akademiske faktorar som er relevante for læring og deltaking. Undersøkinga er frivillig, og elevane kan trekkje seg frå å delta dersom dei ynskjer. Likevel visast det ein auke i anfallet og no deltek dei fleste offentlege skulane i delstaten.. Denne studien spør om kva elevane tenkjer og føler rundt deira opplevingar, både i og utanfor skulen. Spørsmåla har eit spesielt fokus på helse, fagleg utbytte og trivsel. I 2019 fullførte 95 000 elvar studien frå 500 skular i Sør-Australia (Department of Education South Australia 2021).

Datahandtering

Resultata frå undersøkinga vert tilgjengeleg i ein rapport som blir gitt til skulen som deltek, og all informasjon om elevane vert anonymisert grunna konfidensialitet sidan utvalet er lite på skulenivå.²⁴ I ein annan rapport samlast alle resultata frå deltakande skular som er anonymisert. Desse ligg tilgjengelege på nett (Department of Education South Australia 2021).

I rapporten til skulane blir svara frå elevane: Dei med høgt nivå av «wellbeing», medium nivå av «wellbeing» og lågt «wellbeing» (Department of Education South Australia 2021). I rapporten blir både skår på indekstar og på enkeltitems presentert.

Figur 3: Døme frå rapport til skulane med skår på indekstar.²⁵



Innhald

WEC gir skulane, lokalsamfunnet og styringsmaktene innsikt i kva som trengst for å sikra at elevar oppnår suksess og får tildelt tilstrekkeleg med ressursar til å nå det fulle potensialet sitt. WEC-undersøkinga dekkjer fire element:

²⁴ <https://www.education.sa.gov.au/sites/default/files/wec-sample-school-report.pdf>.

²⁵ Henta frå <https://www.education.sa.gov.au/sites/default/files/wec-sample-school-report.pdf>.

- Emosjonell trivsel
- Engasjement i skulen
- Engasjement med læring
- Helse og trivsel utanfor skulen

Innanfor desse 4 gruppene finst det inndelingar som tek føra seg påstandar om lykkekjensle, emosjonsregulering, tristheit, skuleklima, mobbing, akademisk sjølvtilit, motivasjon og søvn. Eit døme på korleis dei måler desse elementa i undersøkinga er emosjonell trivsel som er ein samla skala basert på desse åtte indikatorane: Livstilfredsheit, optimisme, tristheit, bekymringar, lykke, emosjonsregulering, psykisk stress og motstandsdyktigheit (Department of Education South Australia 2021). Indikatorane har vorte endra i løpet av dei siste ni åra. Innanfor desse undergruppene av spørsmål er det til saman 70 påstandar elevane skal svara på.

I likskap med Elevundersøkelsen vert elevane spurde om mobbing på liknande måtar, WEC nyttar spørsmål om fysisk og psykisk mobbing. WEC-undersøkinga stiller, i likskap med den norske Elevundersøkelsen, spørsmål om eleven sin læringsmiljø, om framtidstankar og om deira relasjon til lærarane. Relasjonen til lærarane vert målt ved å spørje elevane om læraren lyttar til eleven, om dei legg til rette for eleven sin læring og er rettferdig i behandlinga av eleven.

I tilknytning til skulemiljø vert eleven spurt om skulemiljøet er inkluderande gjennom følgjande påstandar: «Eg føler at eg høyrer heime på denne skulen», «Folk bryr seg om kvarandre på denne skulen» og «elevane på denne skulen hjelpar kvarandre, sjølv om dei ikkje er vener».

Ulikt frå Elevundersøkelsen har WEC-undersøkinga eit klårare fokus på korleis eleven taklar utfordringar generelt, i tillegg til å sjå på skulearbeidet spesifikt, slik som Elevundersøkelsen òg gjer. Til dømes spørjast elevane om dersom ein arbeider hardt kan ein få til vanskelege ting. Dette grip inn i eleven sin tru på si eiga evne til å arbeida med å overkomma vanskelege hinder. Slike hinder kan eksistera innanfor og utanfor skulen. Eit liknande spørjemål vert stilt i Elevundersøkelsen der ein knytter det tett opp mot skulefag: «Når eg arbeider med skulefag, fortset eg å jobba sjølv om det eg skal læra er vanskeleg». Alt i alt er Elevundersøkelsen meir knytt til det faglege enn WEC-undersøkinga.


USA

Under Obama-administrasjonen vart opplæringslova i USA endra gjennom «The Every Student Succeeds Act» (ESSA) i 2015. Dette innebar at ansvaret for målingar, testar og undersøkingar i skulen og med eit nasjonalt krav om årleg standardisert testing under Bush-administrasjonens «No Child Left Behind Act» (NCLB) frå 2002, til eit anleggjande for ein enkelte delstat. Denne endringa forandra òg rolla til den sentrale utdanningsmynden i USA. Frå å ha ansvaret for standardiserte testar som alle delstatar var forplikta til å gjennomføra, tilbyr i dag Department of Education ulike verktøy for målingar i skulen, mellom dei målingar av læringsmiljøet.

Dei ulike delstatane hadde allereie under NCLB eigne system for testing, og mange delstatar har dei same systema som dei har hatt i lengre tid. Men det er forskjell dersom statane pålegg skulane å gjennomføra testane og kva testane vert brukte til..

Figuren nedanfor gir eit oversyn over korleis dei ulike delstatane brukar undersøkingar som måler læringsmiljøet «School Climate Indicator» (Kostyo, Cardichon og Darling-Hammond 2018, 11). Delstatane er markerte etter om dei nyttar undersøkingane til kartleggingar (accountability), til utviklingsarbeid eller andre formål.

Figur 4 Bruk av målingar av «School Climate» på delstatsnivå i USA (frå (Kostyo, Cardichon og Darling-Hammond 2018, 11))



Figuren ovanfor viser at i 2018 var det berre fem delstatar som ikkje hadde nokon målingar av læringsmiljøet, og berre åtte som brukte målingane «in their accountability system by using student surveys» (ibid.). Resten av brukar det til utviklingsarbeid eller andre formål.

Det er også ulikt i kor stor grad delstatane gjer målingane tilgjengelege og på kva nivå. Som vi skal sjå nedanfor, er det ofte at dataa berre blir gjort tilgjengelege for dei som gjennomfører undersøkingane og at det er frivillig for dei ulike nivåa (district, school) om ein vil gjennomføra dei eller ikkje. Ifølgje kartlegginga til Kostyo, Cardichon og Darling-Hammond, var det eit mindretal av statane som gjer data om «classroom climate» offentleg tilgjengeleg. Å gjera dei offentleg tilgjengeleg skjer likevel i hovudsak gjennom rapporteringar og annan informasjon. Vi har ikkje gjort nokon systematisk gjennomgang av alle delstatar i USA, men vi har ikkje komma over nokon delstat som har ein offentleg tilgjengeleg portal med informasjon om læringsmiljøet. Sjå forresten skildringa av systema i California og Massachusetts nedanfor.

School Climate Surveys

Om undersøkingane

Etter ESSA har Department of Education ei rolle med å tilby standardiserte instrument som delstatane kan nytte. Når det gjeld læringsmiljø har departementet utvikla «School Climate Surveys» som er eit knippa av ulike instrument. Desse undersøkingane kan brukast på ulike nivå (nasjonalt, distrikt og delstat). Undersøkingane kan brukast til å «produce school-, district-, and state-level scores on various indicators of school climate from the perspectives of students, teachers, non-instructional school staff, principals, and parents/guardians».²⁶ Myndighetene har også utvikla “benchmarks” som gjer det mogleg for dei som bruker undersøkingane å samanlikna seg med andre. Det er likevel ikkje nokon offentleggjerings nasjonalt av resultat av undersøkingane; dei vert berre brukte av dei som vel å gjennomføra dei.

Datahandtering

Skjemaet om utdanningsdepartementet har utvikla, er tilgjengeleg i pdf-versjonar og er laget for å brukast i papirformat. Det er dermed ikkje lagt opp noko system for elektronisk handtering gjennom dette systemet.

Innhald

Skjemaet til elevane som omhandlar læringsmiljøet inneheld 73 utsegner som elevane skal vurdere gjennom å svara på ein firetrinns likertskala med ytterpunkta «Strongly Agree» og «Strongly Disagree».²⁷ Skjemaet inneheld spørsmål av personidentifiserande karakter, som spørsmål om «Race». Skjemaet ber òg preg av å ta opp spørsmål knytte til korleis elevane føler seg behandla og respektert av medelevar og lærarar, og ho spør òg om korleis skulen jobbar med spørsmål om etnisitet. Derest har skjemaet mange spørsmål som har stor likskap med spørsmål i Elevundersøkelsen, både når det gjeld forhold til læraren om trivsel på skulen. Elevane blir bedne om å vurdere utsegn som «I am happy to be at this school» og «I feel like I am part of this school», men også «I feel safe at this school» og «Students at this school carry guns or bring knives to school». Det siste kan seiast å gjenspegla ein amerikansk kontekst tydeleg. Studentane blir ikkje spurde om dei sjølv blir mobba, men derimot generelt om mobbing: «Students at this school are often bullied».

Skjemaet har mange utsegner om lærarane på skulen. Heile 16 utsegner går på korleis læraren forholder seg og opptrer i forhold til eleven som svar på undersøkinga.

California

Om undersøkinga

California kartlegg læringsmiljøet i hovudsak gjennom systemet CalSCHLS, California School Climate Survey. Dette er ei undersøking som bygger på tre ulike undersøkingar, «California Healthy Kids Survey», «California School Staff Survey» og «California School Parent Survey» som allereie i 1997 vart sett i samanheng for å få data om læringsmiljøet i distrikta og skulane i California.

²⁶ <https://nces.ed.gov/surveys/edscls/index.asp>.

²⁷ https://nces.ed.gov/surveys/edscls/pdf/EDSCLS_Student_Questionnaire_English.pdf.

CalSCHLS blir definert som:

A tool supported by the California Department of Education to help districts meet Local Control Accountability Plan priorities to improve school climate, pupil engagement, parent involvement, and academic achievement.²⁸

CalSCHLS er altså i første rekke eit verktøy som distrikta kan nytta for både kartlegging og til utviklingsarbeid. Han er frivillig, og blir i dag brukt av rundt 70 prosent av distrikta og 50 prosent av skulane og (Mahecha og Hanson 2020). Systemet har egne «Dashboards» som distrikta kan bruka for å få statistiske målingar på distrikt og skule-nivå.²⁹ Dataa er berre tilgjengelege for brukarane av undersøkinga, men vert òg nytta av myndane til å laga oversyner og rapportar over læringsmiljøet i California (Mahecha og Hanson 2020).

CalSCHLS består av fleire ulike modular som skuledistrikta kan nytta seg av. Det er egne skjema for barneskulen (elementary) og «ungdomsskule»-trinn (Secondary), for elevar, lærarar og føresette. For elevane i barneskulen er det utvikla 8 modular, medan for elevar på ungdomsskuletrinn heile 17 modular. Spørsmål om læringsmiljø inngår i større eller mindre grad i fleire av desse modulane. Spørsmålsbatteria har vorte utvikla i samarbeid med ulike forskingsmiljø.

Datahandtering

Elevane si vurdering av læringsmiljøet blir gjort gjennom besvarelser enten elektronisk eller gjennom papirbaserte spørjeskjema. Det er det enkelte distriktet som har ansvaret for gjennomføring av undersøkinga. Dei sentrale utdanningsmyndane har utforma hjelpemateriell for å sikra at undersøkinga tilfredsstillar kravet delstaten har til personvern, mellom dei brev til føresette for å sikra aktivt samtykke (som blir kravd for elevar under 13 år) og passivt samtykke for elevar frå 13 år og oppover.

Undersøkinga blir gjennomført anonymt. Det blir knytt ingen indikasjonar til elevane i undersøkinga, men undersøkinga samlar likevel inn personidentifiserende opplysningar som rase.

Alle data blir lagra elektronisk og blir publiserte ned på distriktsnivå i CalSCHLSs «Public Dashboard».³⁰ Der blir resultatane publiserte i form av indeksane, og indeksane blir brotne ned når det gjeld kjønn og deltaking i «Afterschool Participation». På den opne nettsida ligg pr. i dag data frå og med 2014 til og med 2019. Data blir ikkje publisert før resultatane har vore analyserte og gjennomgått.

Skulane eller skoledistrikta må sjølv betala for å kunna nytta seg av CalSCHLS. Det er utarbeidd ei detaljert prisliste for dei enkelte modulane og kva skulane eller distrikta kan få i tillegg til å nytta seg av skjema.³¹ CalSCHLS tilbyr til dømes egne seminar for å gå igjennom og diskutera resultat.

²⁸ <https://calschls.org>.

²⁹ <https://calschls.org/my-surveys/>.

³⁰ <https://calschls.org/reports-data/public-dashboards/>

³¹ https://calschls.org/docs/21-22_fee_schedule_rev_092321_final.pdf.

Innhald

Læringsmiljø blir som sagt behandla i fleire av modulane i undersøkinga. Det er òg spørsmål om det i det som blir definert som «core module», som altså er ei meir generell undersøking enn dei som ligg under dei andre modulane som gjerne har fokus på meir avgrensa forhold.

Spørjeskjemaet til elevane i kjernemodulen for barneskulen inneheld heile 78 spørsmål som elevane blir bedne om å svara på.³² Dei aller fleste spørsmåla blir svarte på med hjelp av ein firetrinns likertskala med ytterpunkta «No, never» og «Yes, all of the time».

Dei psykometriske av resultat frå undersøkinga viser til at undersøkinga gir grunnlag for konstruksjon av 12 forskjellige indeksar for barneskuleskjemaet. Desse indeksane er (Mahecha og Hanson 2020), s. 3:

- School Connectedness (4 items)
- Caring Staff (6 items)
- Student Meaningful Participation (7 items)
- Student Support for Emotional Learning (4)
- Fairness (4)
- Antibullying Climate (3)
- Violence Victimization (3)
- Violence Perpetration (3)
- Academic Motivation (4)
- Prosocial Behavior (4)
- Parent High Expectations (2)
- Parental Involvement in Schooling (5)

Lista over indeks viser at det både er overlapp med spørsmål i Elevundersøkelsen (mellom dei School Connectedness, Caring Staff, Academic Motivation), men også spørsmål av ein annan karakter (Student Support for Emotional Learning, Violence). Skjemaet ber, som det som er utarbeidd av dei føderale utdanningsmyndane, preg av at vald er ein problematikk i amerikanske skular.

Gjennom modulen «School Climate» for elevar på ungdomsstrinnet, blir det generert i tillegg følgjande indeksar:

- Student learning Environment (8 items)
- Learning Engagement Climate (5 items)
- Student Peer Relationship (4 items)
- Clarity of Rules (3 items)
- Respect for Diversity (3 items)
- Racial/Ethnic Conflict (2 items)
- Quality of Facilities (3 items)
- College & Career Support (3 items)

Også her ser vi samanfall med fleire spørsmål og indeksar i Elevundersøkelsen, men også tema som ikkje blir der rørte.

Verktøya i CalSCHLS er svært omfattande og vi nøyer oss her med å sjå på spørsmålsformuleringane som inngår i tre av indeksane, to som er samanliknbar med indeksar i Elevundersøkelsen (trivsel og mobbing) og eitt som tar opp spørsmålet om affektregulering

³² https://calschls.org/site/assets/files/1103/chks-es-2122-core_in-school.pdf.

Spørsmålene som kan samlast inn under spørsmål om trivsel og som inngår i indeksen «School Connectedness» er:

- Do you feel close to people at school?
- Are you happy to be at this school
- Do you feel like you are part of this school
- Do you feel proud to belong to your school

Når det gjeld «Antibullying Climate» er spørsmåla:

- Do the teachers/grown-ups make it clear that bullying is not allowed?
- If you tell a teacher that you've been bullied, will the teacher do something to help?
- Do students at your school try to stop bullying when they see it happening?

Vi ser at til forskjell frå Elevundersøkelsen, som spør den enkelte eleven om vedkommande blir mobba eller deltar i mobbing, så freistar CalSCHLS å få tak i korleis skulen forhold seg til og jobbar med å avgrensa mobbing.

For «Support for Social Emotional Learning» inngår følgjande spørsmål:

- Does your school help students resolve conflicts with one another?
- Does your school teach you to understand how other students think and feel?
- Does your school teach students to feel responsible for how they act?
- Does your school teach students to care about each other/treat each other with respect?

Spørsmåla viser tydeleg at CalSCHLS freistar å få tak i evna skulen har til å styrka affekthandteringa til elevane enn det som er tilfelle med Elevundersøkelsen. Ein kan òg merka seg at CalSCHLS i desse spørsmåla (og fleire andre) spør generelt om skulen (og ikkje berre om kva lærarane gjer).

Ein av modelene i CalSCHLS går vidare og djupare på spørsmålet om «Social Emotional Learning» i tillegg til å ta opp andre spørsmål knytt til psykososial helse: Modulen «Social Emotional Health». Også her har forskarar gjennom psykometri utvikla eit sett av indeksar. Me viser dei her utan å gå vidare inn på dei.

- empathy
- self-efficacy
- self-awareness
- persistence
- emotional self-regulation
- behavioral self-control
- gratitude
- zest
- optimism

Skjemaet består av 43 utsegn som elevane (ungdomsskulenivå) vurderer i form av ein firetrinns likertskala, frå «Not At all True» til «Very Much True». Eit fellestrekk ved alle utsegnene er at dei går på opplevinga og kjensla til elevane av ulike forhold, som til dømes «I feel bad when someone gets their feelings hurt».

Oppsummerande om undersøkingane i andre land

I tabellen nedanfor har me gitt enn oppsummering av gjennomgangen ovanfor ved at vi har sett inn spørsmålet i undersøkinga som er mest samsvarande med spørsmålet «Trivest du på skulen» i Elevundersøkelsen og dessutan indikert om undersøkingane omhandlar spørsmål om sjølvoppfatning, sosio-økonomisk bakgrunn, helse, affektregulering og kva skulen gjer.

Tabell 2: Oversyn over spørsmål om trivsel og enkelte dimensjonar i dei utvalgte undersøkingane

	Undersøkelse	Eksempel på spørsmål om læringsmiljøet generelt		Selvoppfatning	Sosio-økonomisk bakgrunn	Helse	Affektregulering	Spørsmål om kva skulen gjer
Danmark	Trivselsundersøkelsen	Er du glad for skulen din?		Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
Tyskland	Nationale Bildungspanel	Wie zufrieden bist du mit deiner schulischen Situation?	10	Ja	Ja	Ja		
Berlin	Schulinspektion (Berlin)			Ja	Nei	Ja	Ja	Ja
Australia	National Quality Standard			Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
Australia	School Survey	I feel safe at this school		?	?	?	?	?
South Australia	Wellbeing and Engagement Collection	Eg føler at eg høyrer heime på denne skulen		Nei	Nei	Ja	Ja	South Australia
USA	School Climate Survey	I am happy to be at this school	Fire	Nei	Rase	Nei	Ja	Ja
Kalifornia	California School Climate Survey	Are you happy to be at this school?	Fire	Ja	Rase	Ja	Ja	Ja

3. Referansar

